Statsforvaltaren i Vestland

Opplæring innanfor kriminalomsorga

# Norske innsette: Utdanning før og under soning, ønske og planar


**Ole Johan Eikeland**
Eikeland forsking og undervising

**Lise Øen Jones**
Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

**Terje Manger**
Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

**Arve Asbjørnsen**
Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, Universitetet i Bergen

Alle er medlemmer av Forskingsgruppe
for kognisjon og læring (BCLG)





Rapport nr 1/22

# Erratum

**Rapport nr 1/22: Norske innsette: Utdanning før og under soning, ønske og planar**

*S. 49, tabell IV.10.*

Ventar på plass

*skal bytast ut med*

Vanskeleg å konsentrere seg i fengselet

*I avsnittet etter tabell IV.10 skal setninga:*

Det er elles å merke seg at ein så pass stor del av dei med vaksenrett ventar på å få plass (44,8 prosent), noko meir enn dei med ungdomsrett.

*bytast ut med denne:*

Det er elles å merke seg at ein så pass stor del av dei med vaksenrett finn det vanskeleg å konsentrere seg i fengselet (44,8 prosent), noko meir enn dei med ungdomsrett.

Statsforvaltaren i Vestland
Kopiering er ikkje tillate utan avtale med den som har opphavsretten

ISBN 978-82-92828-47-2 (elektr.)

Formgjeving omslag: Herrene Grimstad & Skogen AS, herrene.com
Trykk og layout: Allkopi Netprint AS

Norske innsette:

# Utdanning før og under soning, ønske og planar

**Ole Johan Eikeland**
Eikeland forsking og undervising

**Lise Øen Jones**
Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

**Terje Manger**
Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

**Arve Asbjørnsen**
Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, Universitetet i Bergen

Alle er medlemmer av Forskingsgruppe for kognisjon og læring (BCLG)

2022

# Føreord frå Statsforvaltaren i Vestland

Rapporten «*Norske innsatte: Utdanning før og under soning, ønsker og planar*» bygger på primært på en undersøkelse av innsatte i norske fengsel vinter 2021. Rapporten handler om innsatte sin tidligere utdanning og arbeid, opplæring i fengsel og planer for framtida.

Datainnsamlingen denne rapporten bygger på er gjennomført av Forskningsgruppen for kognisjon og læring ved Det psykologiske fakultet, Universitetet i Bergen. Prosjektet er utført i samarbeid med Statsforvalteren i Vestland, Kriminalomsorgsdirektoratet og Eikeland forskning og undervisning.

Denne rapporten er den første som blir publisert med utgangspunkt i denne kartleggingen. Rapporten tar for seg innsatte sine selvrapporterte opplevelser og vurderinger rundt arbeid og opplæring. Utdanningsnivået til norske innsatte kan sammenlignes med utdanningsnivået til normalbefolkningen for 30 år siden. Dette er derfor et område det er svært viktig å få mer kunnskap om, for å best mulig kunne legge til rette for opplæringen til innsatte i norske fengsel.

Statsforvalteren i Vestland håper denne rapporten vil fungere som et nyttig innspill til opplæring innenfor kriminalomsorgen. Statsforvalteren vil rette en takk til alle de som administrerte undersøkelsen i fengslene og til alle innsatte som svarte på spørreskjemaet. Dere har bidradd til å få fram nyttig informasjon på et viktig område. Vi takker også Helene Støversten og Marianne Kylstad Øster i Kriminalomsorgsdirektoratet for svært konstruktive innspill underveis i arbeidet med kartleggingen. Til slutt vil vi rette en takk til Asbjørnsen, Manger, Jones og Eikeland for godt utført arbeid.

Bergen, juli 2022

Marianne Svege

seksjonsleder, forvaltning

avdeling for utdanning og vergemål

# Føreord frå forfattarane

Datainnsamlinga som denne rapporten byggjer på er gjennomført av *Forskingsgruppa for kognisjon og læring* ved Det psykologiske fakultetet, Universitetet i Bergen, saman med Eikeland forsking og undervising. Undersøkinga er gjennomført etter oppdrag frå Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland. Utdanningsavdelinga har, etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, nasjonalt ansvar for opplæringa innanfor kriminalomsorga i Noreg, og forvaltar tilskotet til denne opplæringa.

Vi takkar seniorrådgjevar Paal Chr. Breivik, seniorrådgjevar Terje Røstvær og seniorrådgjevar Kjetil Stavø Høvig hos Statsforvaltaren i Vestland, Utdanningsavdelinga. Dei førebudde og administrerte arbeidet med utsending av spørjeskjema og oppretta kontakt med nøkkelpersonar i alle fengsla. På denne måten sikra dei at personar i kvart fengsel var ansvarleg for gjennomføringa av undersøkinga i sitt fengsel. Utan ei slik tilrettelegging ville det vore umogleg å gjennomføra undersøkinga innan ein så kort tidsperiode som det vart lagt opp til. Vi rettar òg takk til seniorrådgjevar Helene Støversten og seniorrådgjevar Marianne Øster Kylstad i Kriminalomsorgsdirektoratet, som saman med Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren ga nyttige og avgjerande innspel til både undersøkinga og til spørjeskjemaet. Takk til alle som hadde det praktiske arbeidet med å administrere undersøkinga i fengsla, og ikkje minst takk til alle innsette som svarte på spørjeskjemaet.

Forfattarane er åleine ansvarlege for innhaldet i rapporten, og dermed også for eventuelle feil og manglar.

Bergen, 1. juli 2022

Ole Johan Eikeland Lise Øen Jones Terje Manger Arve E. Asbjørnsen

# Innhald

Føreord frå Statsforvaltaren i Vestland ..... 5
Føreord frå forfattarane ..... 7
Innhald ..... 9
Summary ..... 15
Hovudfunn ..... 17

I. Innleiing ..... 19
Nyttar utdanning? ..... 19
Rett til utdanning ..... 20
Innhaldet i opplæringa i kriminalomsorga ..... 20
Undersøkingane i norske fengsel 2004 til 2015 ..... 21
Utdannings- og arbeidsrøynsle ..... 22
Utdanningsaktivitet i fengsel ..... 22
Utdanningsønske ..... 23
Innsette si vurdering av opplæringa ..... 24
Eigavurdering av kompetanse og lærevanskar ..... 24
Problemstillingar i rapporten ..... 25

II. Undersøkinga ..... 27
Respondentane ..... 27
Instrument ..... 28
Prosedyre ..... 28
Kjenneteikn ved dei innsette i undersøkinga ..... 28
Om rapporten ..... 31
Fullført vidaregåande opplæring ..... 31

III. Kompetanse ..... 33
Utdanningsbakgrunn ..... 33
Kompetanse frå arbeid ..... 37

IV. Aktivitet i fengslet ..... 39
Utdanningsaktivitet ..... 39
Rett til opplæring ..... 46
Estimat ..... 47
Har rett, brukar han ikkje ..... 47
Andre aktivitetar i fengsel ..... 49
Oppleving av utdanning og rådgjeving i fengslet ..... 50
Planar etter soning ..... 53

V. Utdanningsønske ..... 55
Ønske under soning ..... 55

VI. Sjølvvurdering av dugleik ..... 61

## VII. Sjølvvurdering av lærevanskar ........ 65

## VIII. Hjelp til å leve utan kriminalitet ........ 67

## IX. Oppsummering og drøfting ........ 69

**Ein del praktiske følgjer for utdanning i fengsel ........ 71**

Informasjon om opplæringa ........ 71

Å nytte retten til opplæring ........ 72

Kortvarige kurs ........ 72

Høgare utdanning ........ 73

## Appendiks ........ 75

**Spørjeskjema brukt i 2021-undersøkinga ........ 75**

## Litteraturreferansar ........ 87

# Tabelloversikt


**Tabell II.1.** Fordelinga av innsette etter aldersgrupper, fengselsregion og tryggingsnivå i fengslet med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag. 2021. ...... 30

**Tabell III.1.** Norske innsette si høgaste fullførde utdanning eller opplæring. Prosent. .... 34

**Tabell III.2.** Høgaste fullførde utdanning* i Noreg totalt, frå 1970 til 2021 (kjelde: SSB, Statistikkbanken, 2022), og blant norske innsette i 2009, 2012, 2015 og 2021. Prosent. ........ 35

**Tabell III.3.** Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter aldersgrupper. Prosent. ........ 36

**Tabell III.4.** Prosent** norske innsette med ulike typar arbeidsrøynsle. ........ 37

**Tabell III.5.** Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter aldersgrupper ........ 38

**Tabell IV.1.** Prosent innsette og utdanningsaktivitet i fengslet. ........ 39

**Tabell IV.2.** Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter aldersgrupper. Prosent. ........ 40

**Tabell IV.3.** Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter fengslingsgrunnlag ........ 41

**Tabell IV.4.** Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt før dom) ........ 42

**Tabell IV.5.** Prosent innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet etter kor langt dei var komne i soningsløpet (utan innsette i varetekt før dom) ........ 43

**Tabell IV.6.** Tid brukt på opplæringsaktivitet pr. veke. Prosent* berre av dei som heldt på med utdanning eller opplæring fengslet ........ 45

**Tabell IV.7.** Prosent innsette med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) etter når dei var fødde, delt inn etter opplæringsaktiviteten i fengslet. 2021 ...... 46

**Tabell IV.8.** Rett til opplæring i fengsel og bruk av retten: Innsette sine eigenvurderingar av evner i lesing, skriving, rekning, IKT og munnleg delt etter ungdomsrett og vaksenrett. Prosentdel som sa seg 'svak' eller 'svært svak'. 2021 ........ 47

**Tabell IV.9.** Rett til opplæring i fengsel og bruk av retten: Prosentdel med diagnosane dysleksi, dyskalkuli og ADHD, delt opp for dei med ungdomsrett og vaksenrett. 2021. ........ 48

**Tabell IV.10.** Innsette som ikkje tar del opplæring og utdanning i fengslet, men som ha rett til det: Prosent som sa at utvalte utsegner 'stemmer helt' eller 'stemmer godt'. (Rangert for dei med ungdomsrett.) 2021. ........ 49

**Tabell IV.11.** Tid brukt på tre aktivitetstypar pr. veke. Prosenttal ........................................ 50

**Tabell IV.12.** Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdannings- eller opplæringsaktivitet som dei heldt på med. Dei innsette sine opplevingar av kva smittevernet skapte av hinder. Prosent. ................... 51

**Tabell IV.13.** Innsette si oppleving av rådgjevinga i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei heldt på med. Prosent. ............................................. 52

**Tabell IV.14.** Dei innsette sine planar etter soning etter om dei heldt på med arbeid, opplæring eller begge delar i fengslet. Prosent. .......................................... 53

**Tabell V.1.** Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter domsgrunnlag. Prosenttal.... 55

**Tabell V.2.** Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt utan dom). Prosenttal............................................. 56

**Tabell V.3.** Prosent innsette sitt utdanningsønske i fengslet etter aldersgrupper. ......... 57

**Tabell V.4.** Prosent innsette sine utdanningsønske i fengslet etter tre grunnar til at dei ikkje heldt på utdanning. Berre innsette som ikkje heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet............................................................. 59

**Tabell VI.1.** Dei innsette sine sjølvvurderingar av evner i lesing, skriving, rekning, bruk av ikt og munnleg. Prosent, gjennomsnitt og standardavvik (skala: 1=svært svak til 5=svært god) etter aldersgrupper. 2021. ................... 61

**Tabell VI.2.** Innsette sine eigne vurderingar av evner i lesing, skriving, rekning, ikt-bruk og munnleg framstilling. Prosenttal og gjennomsnitt (skala: 1=svært svak til 5=svært god) etter aldersgrupper. 2021 .................... 63

**Tabell VII.1.** Dei innsette sin sjølvrapporterte grad av vanskar i lesing, skriving og rekning. Prosenttal. 2021. ......................................................................... 65

**Tabell VII.2.** Prosent innsette med sjølvrapporterte lese-, skrive- eller reknevanskar etter alderskategori. 2021. ........................................................................ 66

# Figuroversikt

**Figur II.1.** Utviklinga i tal straffegjennomføringar med EK. ... 31

**Figur IV.1a.** Prosent innsette som heldt på med utdanning og opplæring i fengslet og domslengde. ... 44

**Figur IV.1b.** Prosent innsette som var mellom 1/3 og 2/3 i soningsløpet og domslengde. ... 44

**Figur VIII.1.** Prosent innsette som opplyser å ha hatt dei aktuelle tilboda og desse innsette si vurdering av i kva grad dei har hatt noko å seie. Gjennomsnittstal: skala 0=har ikkje påverka meg, til 3=har påverka meg mykje. 2021. ... 67

# Summary

Since the year 2004, Bergen Cognition and Learning Group in co-operation with the County Governor of Vestland (earlier Hordaland) have performed six population studies of incarcerated individuals in Norwegian prisons. This report gives results from a survey in March and April 2021. Covid-19 restrictions prevented normal entrance into prisons, and the distribution of questionnaires, performed by the prisons' school authorities, was partly hindered. Due to this, prisons which had not received the questionnaires in March were included during one week in April. The survey was targeted at the Norwegian male prison population. The average male population counted 2159 prisoners during the two weeks of interest.

The aim of these studies has been to supply the Department of Education at the County Governor with sufficient knowledge to prioritize resourcing for prisoners' education and training. The Educational Act recognizes the right of all to basic schooling, and teenagers and adults who have completed compulsory school have the right to three years of upper secondary education. Adults also have the right to a «second chance» or supplementary basic education or special education. Education is provided in all prisons in Norway.

Since 2004 research has shed light on educational participation and needs in the Norwegian prison population (e.g., level of completed education, education wishes, education activities in prison, specific learning difficulties, attention deficit and hyperactivity disorder. In addition, this report outlines Norwegian male prisoners' educational background and prior employment experience compared to earlier prison populations. Do they take part in education while incarcerated or do they prefer to work? Their level of education is compared to the general population in Norway. The findings are related to both age, type, and length of sentence. Female prisoners in Norwegian took part in a special survey in 2020. Therefore, this survey was only directed toward male inmates.

The study was approved by the Privacy Ombudsman for Research and additional approval was granted from the prison authorities and the Ministry of Justice and Public Security. Mostly due to covid-19 restrictions the total response rate was low at 38.1 per cent. If needed, prisoners having difficulties in re ading or writing received help to complete the questionnaire. The questionnaires were returned anonymously.

The average age of the incarcerated has increased from 34.7 years according to our 2009 study, to 39.2 years according to the 2021 study. Approximately one per cent of the Norwegian population has no completed education at all compared to 5.0 per cent of the prisoners in 2021. Among prisoners who *have* completed education, 47.0 per cent have compulsory school as the highest completed level, compared to 24.8 per cent of the Norwegian population in 2021. Moreover, 39.9 per cent of the Norwegian population has completed upper secondary school compared to 35.0 per cent of the prisoners. In 2021 35.3 per cent of the Norwegian population had completed university education (single courses or a grade) compared to 18.0 per cent of the inmates. The 2021 study shows that 28.6 per cent of the inmates below the age of 25 had completed upper secondary education.

Almost four out of five inmates wished to participate in education while incarcerated. Further, more than half of these inmates wished to attend upper secondary level or single independent courses. The longer the sentence, the more inmates wish to take upper secondary or university education. Age correlates negatively with both participation and educational wishes.

Almost half of the inmates participated in educational activities in 2021 (49.1 per cent), an increase from 43 per cent in the 2015 study. Single independent courses or upper secondary education were the educational activities most of the prisoners attended (41.2 per cent).

In Norway, attending upper secondary school (three or four years) is a legal right which must be completed before the age of 25, otherwise, special rules and legal rights concerning adult education are applied. Among prisoners in that age group, as many as 18.4 per cent were eligible, but did not participate in that activity while incarcerated. The report uncovers that these inmates have a much higher prevalence of dyslexia and ADHD than those taking part in upper secondary education activities. In general, a larger amount of younger than older inmates reported difficulties in reading, writing and arithmetic.

# Hovudfunn

Rapporten byggjer på ei undersøking av mannlege innsette i fengsel i Noreg med norsk statsborgarskap i vekenummer 11 og 15 (mars og april) i 2021. Berre innsette over 18 år var med. Føremålet var å gje eit samla bilete av innsette sin utdanningsbakgrunn, utdanningsaktivitet som innsett og utdanningsønska deira. Det er òg lagt vekt på å sjå kva utvikling og endringar som har funne stad ved å samanlikne med tidlegare og tilsvarande undersøkingar, i hovudsak frå 2009, 2012 og 2015, men òg 2006 og 2004. Om dei innsette har skaffa seg kompetanse frå arbeidslivet er òg kartlagt. Deira eigne vurderingar av evner og eventuelle lærevanskar blir tatt opp. Kva hinder dei opplever for å ta del i utdanning og opplæring i fengsel er òg ein del av denne rapporten. Nytt i denne undersøkinga er at dei innsette har opplyst om kva tilbod dei har hatt under soning, tilbod som skal hjelpe dei til å unngå kriminalitet. Tilboda er vurderte av dei innsette.

Åttehundre og tjuetre innsette svarde på spørjeskjemaet. Dette gjev ein svarprosent på 38,1 av dei som skulle ha fått skjemaet 15. til 21. mars i 2021, og i purrerunden 12. til 19. april til fengsla som ikkje fekk skjemaa i første omgang. Covid-19-pandemien skapte uventa store problem med å nå fram i alle fengsla, noko som hadde konsekvensar for svarprosenten.

Nedanfor er dei viktigaste funna frå 2021-undersøkinga samanfatta punktvis.

*(Grunnlaget for det som er prosentar i dette oversynet er dels ulikt for dei ulike kulepunkta. Det er derfor viktig å sjå oppsummeringa i samanheng med tabellane i rapporten.)*

- 5,0 prosent av alle innsette har ikkje fullført grunnopplæringa.
- 47,0 prosent innsette og 24,8 prosent av innbyggjarane i Noreg har grunnskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 35,0 prosent innsette og 39,8 prosent av innbyggjarane i Noreg har treårig vidaregåande opplæring som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 18,0 prosent innsette og 36,0 prosent av innbyggjarane i Noreg har enkeltfag eller grad frå universitet eller høgskule som høgaste fullførde utdanningsnivå.
- 13,0 prosent av alle innsette har fullført første året vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 16,5 prosent av alle innsette har fullført to år vidaregåande opplæring eller tilsvarande, men ikkje meir.
- 27,8 prosent av alle innsette har fullført treårig vidaregåande opplæring eller tilsvarande.
- 5,5 prosent av alle innsette har fagskuleutdanning.
- 65,3 prosent innsette under 25 år har ikkje fullført treårig vidaregåande opplæring.

- 49,1 prosent innsette tar utdanning eller opplæring i fengslet.
- 78,4 prosent innsette har ønske om utdanning under soninga.
- 33,7 prosent innsette over 44 år har ingen utdanningsønske i fengslet.
- 11,7 prosent innsette har ikkje hatt arbeid.
- 49,7 prosent innsette som har hatt arbeid, har hatt ufaglært arbeid.
- 58,2 prosent innsette seier at dei ikkje opplever vanskar med lesing; 52,6 prosent seier at dei ikkje opplever vanskar med skriving; 36,4 prosent opplever ingen vanskar i rekning.
- 6,8 prosent innsette rapporterer å ha lesevanskar i 'svært stor grad'; 7,7 prosent opplever skrivevanskar i 'svært stor grad'; 13,3 prosent opplever vanskar med rekning i 'svært stor grad'
- Blant innsette eldre enn 44 år er det ein lågare del med lese- eller skrivevanskar enn blant yngre.
- Gjennomsnittsalderen var 39,2 år i 2021, klart høgare enn i 2015 (37,1 år).
- 18,4 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har rett til vidaregåande opplæring, men held ikkje på med det.
- 20,8 prosent av innsette over 24 år vil kunne få rett til vidaregåande opplæring om dei søkjer om det.
- Dobbelt så stor del innsette med ungdomsrett til opplæring, men som ikkje nyttar retten, rapporterer om lærevanskar samanlikna med dei som brukar retten.
- Tre gonger så stor del innsette med ungdomsrett til opplæring, men som ikkje nyttar retten, har diagnosen dysleksi samanlikna med dei som brukar retten.
- To og ein halv gong større del innsette med ungdomsrett til opplæring, men som ikkje nyttar retten, har diagnosen ADHD samanlikna med dei som brukar retten.
- 3,0 prosent av innsette som er 24 år eller yngre har ikkje fullført grunnskulen.
- 76,4 prosent innsette er nøgde med opplæringa eller utdanninga i fengslet. Innsette som heldt på med vidaregåande opplæring er mest nøgde. Minst nøgde er dei som heldt på med høgskule- eller universitetsutdanning.
- 68,2 prosent innsette som heldt på med utdanning eller opplæring under soning opplevde at smittevernet under pandemien la hinder for opplæringsaktiviteten.
- 39,3 prosent av innsette som ikkje tok del i utdanning eller opplæring sa at dei ikkje får god nok informasjon om dette.

# I. Innleiing

Melding til Stortinget (2015-2016) - *Fra utenforskap til ny sjanse. Samordnet innsats for voksnes læring* – handlar om utanforskap, forstått som det å stå utanfor arbeidsliv og utdanning. Det blir lagt vekt på at kompetanse er viktig for å få tilgang til arbeidslivet.  Samstundes er arbeidslivet ein arena der den einskilde kan få brukt ressursane sine, oppleve meistring og ta del i opplæring og kompetanseutvikling. Når det gjeld Noreg og innsette, har fleire undersøkingar med påfølgjande rapportar vist at dette er ei av gruppene i samfunnet som har svakast kompetanse og svak tilknyting til utdanning og arbeidsliv (Eikeland, Manger og Asbjørnsen, 2016; Manger, Eikeland og Asbjørnsen, 2016; Asbjørnsen, Manger, Øen Jones og Eikeland, 2017). Slik som i tidlegare rapportar handlar også denne om innsette sin utdanningsbakgrunn, deira utdanningsønske, aktivitet under soning og utfordringar med å lære. I tillegg opplyser dei innsette om kva tilbod som dei har hatt under soning, tilbod som skal hjelpe dei til eit liv utan kriminalitet. Dei innsette vurderer i kva grad desse tilboda har hjelpt dei.

## Nyttar utdanning?

I registerundersøkingar i fleire land ser ein klart at auke i omfanget av obligatorisk utdanning reduserer kriminaliteten i samfunnet (Buonanno & Leonida, 2006; Hjalmarsson, Holmlund, & Lindquist, 2011; Hjalmarsson & Lochner, 2012; Lochner & Moretti, 2004; Meghir, Palme, & Schnabel, 2012). Unntaket er at utdanning ikkje ser ut til å ha same verknad på seksuallovbrot (Hjalmarsson & Lochner, 2012; Lochner & Moretti, 2004).

Det er noko vanskelegare å finne gode undersøkingar av korleis opplæring under gjennomføring av straff faktisk verkar inn. I ein rapport frå dei tre delstatane Maryland,  Minnesota og Ohio i USA rapporterer forfattarane at opplæring under gjennomføring av straff har positiv verknad på residiv og tilbakeføring til samfunnet (Steuer & Smith, 2003). Deltakarar i opplæring hadde færre nye arrestasjonar, færre nye dommar og færre fengselsopphald. I ein systematisk gjennomgang av forskingslitteratur om effekten av utdanning under soning, fann Davis og medarbeidarar at eit utdanningsprogram i fengsel er kostnadseffektivt når det reduserer tilbakefall til kriminalitet med mellom 1,9 og 2,6 prosent dei tre første åra etter soning (Davis, Bozick, Steele, Saunders og Miles, 2014). Litteraturgjennomgangen og metaanalysar viser òg ein reduksjonen i tilbakefall på 13 prosent for dei som tek utdanning i fengsel. (I *metaanalysar*, eller samlestudiar, er statistiske metodar brukt for å leggje saman resultata frå ei rekke uavhengige studiar med like problemstillingar.)

Ifølgje undersøkinga av innsette i 2015 ønskte 73 prosent av dei innsette å ta utdanning under soning (Eikeland mfl., 2016). Dei som tok utdanning hadde etter måten høg skåre på både indre og ytre motivasjon for utdanning (Manger mfl., 2016). Den indre motivasjonen vart avspegla gjennom utsegner som målte glede ved å utvide kunnskapen sin i fag dei likar, og glede og tilfredsstilling ved å lære nye ting. Den ytre motivasjonen vart reflektert gjennom utsegner som målte behov for å få dokumentasjon på utdanning, betre jobb eller løn seinare, eller betre

arbeidskompetansen og tilgang til arbeidsmarknaden. Slike ønske og slik motivasjon indikerer at tilrettelegging for utdanning av innsette er ein vinn-vinn-situasjon: For individet aukar livskvaliteten, og risikoen for tilbakefall til kriminalitet blir redusert. For samfunnet inneber det store kostnadsreduksjonar. Dette viser at eitt av styresmaktene sine hovudføremål med utdanning, å redusere kostnadene ved kriminalitet, kan oppfyllast gjennom utdanning under soning.

# Rett til utdanning

Retten til utdanning er regulert av lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), straffegjennomføringslova og internasjonale konvensjonar og tilrådingar. Både i opplæringslova og straffegjennomføringslova blir det slått fast at innsette har lik rett til utdanning som folk elles i Noreg. Ifølgje opplæringslova har alle innbyggjarane rett og plikt til grunnskuleopplæring. Alle som har fullført grunnskulen har, ifølgje det som blir kalla ungdomsretten, rett til vidaregåande opplæring til og med det året dei fyller 24 år. Vaksne som ikkje har brukt denne retten og som har fullført grunnskulen eller tilsvarande, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring frå og med det året dei fyller 25 år. Vaksne har òg rett til fornya grunnskuleopplæring, rett til spesialundervisning og rett til realkompetansevurdering. I straffegjennomføringslova er dei innsette sine sivile rettar fastsette. Dette blir presisert i forskriftene til lova, som seier at domfelte og varetektsfengsla har same retten til tenester og tilbod, og dei same pliktene og ansvar som folk elles i samfunnet.

Retten til opplæring er framheva i stortingsmeldinga om opplæring i kriminalomsorg og stortingsmeldinga om straffegjennomføring. I stortingsmelding nr. 27 (2004-2005) *Om opplæringa innanfor kriminalomsorga «Enda en vår»*, blir det understreka at målet for opplæringa innanfor kriminalomsorga er det same som for all anna utdanning. Ei godt tilrettelagt opplæring er del av rehabiliteringa, og er ei investering for framtida. Med det understrekar departementet at opplæring er god samfunnsøkonomi. I stortingsmelding 37 (2007-2008), *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (Kriminalomsorgsmeldinga), heiter det at god opplæring er eitt av dei viktigaste verkemidla for å få straffedømde til å meistra livet etter avslutta soning som kriminalitetsførebuande tiltak. Den einskilde sine behov for og ønske om utdanning så langt det er mogleg skal vere utgangspunkt for kva skulen tilbyr. Omsyn som ein må ta her er òg kva som er realistisk for den enkelte og kva som er formålet med sjølve straffegjennomføringa. Opplæringa i fengsel skal elles ha same kvaliteten som er i samfunnet elles.

# Innhaldet i opplæringa i kriminalomsorga

Opplæringa i kriminalomsorga følgjer det som blir kalla *importmodellen* (Christie, 1970). Dei som har ansvaret for tenestene ute i samfunnet, kjem inn i fengsla. Skulen i fengslet er såleis ei avdeling av den ordinære skulen ute i samfunnet, og lærarane som underviser i fengsel er tilsette i det ordinære skuleverket. Dette inneber at fengslet som institusjon har blitt meir ope og synleg for samfunnet omkring (Langelid, 2015).

Lovverket som regulerer opplæringa innanfor kriminalomsorga gjer det mogleg å opprette varierte undervisningstilbod i fengsel. Det er likevel berre grunnskuleopplæring, vidaregåande opplæring og ein del spesifikk språkopplæring for innvandrarar som lova pålegg styresmaktene å gjennomføre (Gröning, 2015). Innsette kan delta i universitets- eller høgskuleutdanning. Der kan dei anten studere på eiga hand eller få høve til å delta på enkeltkurs eller program på den aktuelle studiestaden. Fengsla prøver òg uformelt, alt etter kva kompetanse personalet har, å leggje til rette for sjølvstudium, eventuelt hjelpe dei innsette med faga.

Innsette kan òg ta ulike yrkesfaglege kurs, for å oppnå skriftleg stadfesting (sertifikat) frå til dømes offentleg organ på at dei har dei naudsynte kvalifikasjonane. Utanom denne formelle ordninga har opplæringa også tilbydd uformelle læringsaktivitetar som ikkje fører til sertifikat. I både denne og tidlegare undersøkingar har vi lagt opp til å fange inn breidda i opplæringa, men kunne skilje mellom dei formelle utdanningane og andre korte kurs. Departementet og Utdanningsdirektoratet har no gitt tilskot til opplæringa i kriminalomsorga som skal syte for at også slike korte kompetansegjevande opplæringstilbod får eit innhald som samsvarer med kompetansemål i læreplanverket for Kunnskapsløftet. Det er òg eit mål at innsette som har tatt til på opplæring i fengslet, men som dei der ikkje får fullført, skal få gjort nettopp det. Dette siste fell utanfor dei vurderingane og kartlegginga som blir gjort i denne rapporten.

# Undersøkingane i norske fengsel 2004 til 2015

Undersøkinga som denne rapporten omhandlar, er den sjette i ei rekkje av tilsvarande landsomfattande tverrsnittundersøkingar i norske fengsel i 2004, 2006, 2009, 2012 og 2015 (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl., 2010; Eikeland mfl., 2013; Eikeland mfl., 2016). Medan undersøkingane i 2004, 2006 og 2009 var gjennomført blant alle innsette, var denne undersøkingane til liks med dei i 2012 og 2015, avgrensa til norske statsborgarar i fengsel. Hausten 2015 vart det òg gjennomført ei eiga undersøking til alle innsette frå eit utval land, nemleg Albania, Litauen og Polen. Desse innsette fekk same spørsmåla, men skjemaet var omsette til dei respektive språka.

Det som gjeld utdanningsbakgrunn og utdanningsønske og problemstillingar knytt til det, er felles for undersøkingane i 2004, 2006, 2009, 2012, 2015, også den som vart gjennomført i 2021. Dette gir eit godt grunnlag for å samanlikna og å følgje med utviklinga over tid. Nokre problemstillingar er særeigne for kvar av undersøkingane, men kan òg ha blitt ført vidare. Dette gjaldt dei innsette sin arbeidsbakgrunn og ikt-kompetanse i 2009, meir detaljerte spørsmål om lengda på dommen i tillegg til kor mykje av denne dommen dei innsette hadde sona på undersøkingstidspunktet. Undersøkingane har òg tatt i bruk meir spesialiserte måleinstrument, som òg er brukte internasjonalt, for å kartleggje både generelle lærevanskar, dysleksi og vanskar med merksemd eller motivasjon for å lære og ta utdanning.

# Utdannings- og arbeidsrøynsle

Alle undersøkingane som vi har utført av innsette sidan 2004 (2006, 2009, 2012 og 2015) har vist at mellom sju og åtte prosent har opplyst at dei ikkje har fullført noko som helst opplæring eller utdanning. Til samanlikning viser data frå SSB at det er omtrent ein prosent av det norske folket som ikkje har fullført noko utdanning til ei kvar tid. Vi har òg samanlikna dei innsette si høgaste fullførde utdanning med kva som var tilsvarande utdanningsnivå hos det norske folket. Statistisk sentralbyrå (SSB) sine tal er brukte som samanlikningsgrunnlag, også byrået sin definisjon av kva som blir rekna som fullført grunnopplæring, vidaregåande opplæring og høgare utdanning. Dei innsette har eit klart lågare utdanningsnivå enn det norske folket under eitt. Sidan 2009 har likevel utdanningsnivået til dei som sonar blitt høgare, og i særleg grad gjeld det å ha fullført vidaregåande opplæring (dvs. treårig eller meir). I 2009 hadde såleis 59 prosent av norske innsette berre grunnskule som høgaste fullførte utdanning, ein prosentdel som fall til 52 i 2012, og vidare til 49 prosent i 2015 (prosentuert av berre dei som *har* fullført utdanning eller opplæring). Prosentdelen innsette med vidaregåande opplæring som høgaste fullførde auka i same tidsperioden frå 29 prosent til 37 prosent. I heile den norske folkesetnaden hadde 27 prosent berre grunnskule som høgaste fullførte utdanning i 2015, medan 41 prosent hadde vidaregåande opplæring som det høgaste fullførte nivået (Eikeland mfl., 2016). Prosentdelen innsette som hadde utdanning på universitet- eller høgskulenivå som høgaste fullførde utdanning var vel tolv prosent i 2009, og auka til fjorten prosent i 2015 (einskildfag og fullført grad slått saman). Hos det norske folket var det 32,2 prosent som hadde tilsvarande høgare utdanning i 2015.

Utdanningsnivået til dei innsette i 2015 var altså på nivå med det som gjaldt heile den norske folkesetnaden på åttitalet når det gjeld grunnskule som høgaste fullførde. Prosentdelen med fullført vidaregåande var noko lågare enn på åttitalet, men prosentdelen med høgare utdanning var faktisk høgare hos innsette i 2015 enn kva som gjaldt heile Noreg i 1980.

Frå 2009 til 2012 såg vi ein svak nedgang i prosent innsette som ikkje har hatt arbeid, frå ni prosent i 2009 til sju prosent i 2012. Denne delen auka att i 2015 til å vere nesten tolv prosent. Ufaglært arbeid var det vanlege og gjaldt over halvparten av dei innsette i 2015. Ein svært stabil del av dei innsette hadde i dei tre undersøkingane frå 2009 til 2015 hatt faglært arbeid (omtrent 36 prosent). Delen innsette som hadde hatt arbeid som krev høgare utdanning steig i same perioden frå kvar tolvte til kvar niande innsett. Klart fleire i dei eldste aldersgruppene sa at dei hadde hatt arbeid, og prosentdelen med ufaglært arbeid var større i den yngste aldersgruppa. Samla sett har altså innsette sin utdannings- og arbeidskompetanse stige jamt i åra vi har gjort undersøkingar i norske fengsel.

# Utdanningsaktivitet i fengsel

Utdanningsaktiviteten under soning i fengslet steig frå 2009 (41 prosent) til 2012 (54 prosent), men fall noko i 2015 til å vere 43 prosent på undersøkingstidspunktet (Eikeland mfl., 2016). Først og fremst gjaldt auken vidaregåande opplæring. Ein viktig grunn til denne auken var at det vart fleire og fleire fengsel som etter kvart som kunne tilby dette.

Det er ikkje skulestyresmaktene sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå i fengsla. I mange fengsel prøver ein likevel å organisere rettleiing for innsette som ønskjer å ta slik utdanning. Særleg vil innsette som berre har fullført enkeltfag ved universitet eller høgskular trenge å få tilrettelagt studieforhold slik at dei kan få tatt fleire emne og etter kvart få bachelorgrad og mastergrad om det er aktuelt.

Alle undersøkingane har synt at dess lengre dom ein har, dess større del tek utdanning i fengsel (Eikeland mfl., 2016). Mange av dei unge innsette har korte dommar, og det er eit paradoks at korte dommar blir eit hinder for å ta utdanning under soning, noko dei innsette òg har opplyst om sjølve som hinder. Sidan 2012 har vi spurt meir detaljert om kor lang dommen er. Dei innsette har i tillegg opplyst om kor langt dei var komne i soningsløpet på undersøkingstidspunktet. Samanhengen mellom domslengde og deltaking i utdanning er tilnærma lineær, men vi såg òg at kor langt ein er kommen i soninga også har noko å seie for om ein deltar. Tendensen til stigande utdanningsaktivitet ser vi særleg fram til å ha ein dom på kring fire til fem år (over 80 prosent i 2012 med så lang soning tok utdanning i fengslet; noko lågare i 2015 med 66 prosent i utdanning i same soningskategori). Etter det har effekten av domslengda flata noko ut, men med variasjon i undersøkingane våre, som vi skal sjå seinare. Ein annan tendens er også heilt klar: Det er i starten av soningstida (under ein tredel sona) ein i minst grad deltek i opplæring innanfor kriminalomsorga samanlikna med dei som har mellom ein tredel og to tredelar ferdigsona. Både start og slutt på soning inneber meir uro enn elles i soningsløpet.

Medan det i 2009 var dei yngste og dei eldste som i minst grad tok del i opplæring innanfor kriminalomsorga, såg vi i 2012 ei klar endring: Det var innsette i dei to yngste aldersgruppene som i størst grad tok utdanning i fengsel. Undersøkinga i 2015 synte omtrent same tendensen mellom aldersgruppene, men då ein litt lågare del som heldt på med utdanning samanlikna med 2012.

# Utdanningsønske

Dei innsette ønskjer seg utdanning. Over åtti prosent av dei norske innsette i 2012 hadde det ønsket, ein litt lågare del i 2015, 73 prosent. Også utdanningsønske heng saman med soningslengda: Blant dei med lengst dom (over fem år) har omtrent ni av ti i alle tre undersøkingane sidan 2009 gitt uttrykk for utdanningsønske. Og dess lengre dom dess større del ønskjer seg utdanning på høgskule- eller universitetsnivå, sjølv om denne fall litt i 2015 (37 prosent i 2009; 42 prosent i 2012; 26 prosent i 2015). Det er verd å merke seg at prosentdelen som ønskte seg utdanning og opplæring i den yngste aldersgruppa (24 år og yngre) har variert mykje: i 2009 (66 prosent), i 2012 (83 prosent) og i 2015 (79 prosent). Det å fullføre påbyrja vidaregåande opplæring stod jamt over høgast på ønskelista.

Kva dei innsette oppgir som grunn for å ta utdanning (eller kva som motiverer dei) varierer òg. Det å fullføre utdanning som er starta på er som nemnt viktig, og undersøkingane våre viser at yrkesfagleg vidaregåande opplæring er det som kjem høgast på ønskelista (Eikeland mfl., 2006, 2009, 2013, 2016). Ein god del innsette som allereie har fullført utdanning på eitt nivå ønskjer nok å ta utdanninga eller deler av ho om att. Nokon vil forbetre resultata, eller dei ønskjer ei utviding av det som dei allereie har. Dette siste gjeld særleg dei med yrkesfagleg opplæring. Innsette med einskildfag på universitet eller høgskule ønskjer å ta meir utdanning på det nivået.

# Innsette si vurdering av opplæringa

Undersøkingane i både 2009 og 2012 viser at det berre er eit mindretal innsette som er misnøgde med undervisninga eller opplæringa dei får. Det at elevane er positive i sine vurderingar av opplæringa samsvarer med funn i fleire nordiske undersøkingar (Claesson & Dahlgren, 2002; Eikeland mfl., 2008; Lindberg, 2005) og med undersøkingar i USA (Gee, 2006; Moeller, Day & Rivera, 2004). I både 2009, 2012 og 2015 var tendensen at dei som heldt på med vidaregåande opplæring var mest nøgde. Samla sett gav over halvparten innsette i vidaregåande opplæring uttrykk for at dei var heilt samde i utsegna, 'Jeg er fornøyd med opplæringen'. Dei som heldt på med universitets- eller høgskuleutdanning var minst nøgde saman med dei som heldt på med grunnskuleopplæring. I det siste tilfellet er det snakk om relativt få innsette, og opplæringa får truleg mindre prioritert i fengslet. I og med at det ikkje er skulestyresmaktene i fengsla sitt ansvar å gje opplæring på universitets- eller høgskulenivå, står denne gruppa studentar overfor andre utfordringar, som kjem til uttrykk i denne evalueringa. Utdanningsinstitusjonane deira har berre i avgrensa grad (og også nokså tilfeldig) samarbeid med kriminalomsorga og opplæring innanfor kriminalomsorga.

Trass i at dei innsette jamt over evaluerer opplæringa i kriminalomsorga som god, viser tidlegare undersøkingar i Noreg og i Norden elles at det er fleire forhold som skapar vanskar for utdanninga mange er i gang med. I den nordiske undersøkinga (Eikeland mfl., 2008) meinte dei innsette at mangel på ikt-utstyr i stor grad skapte både vanskar og også hinder å kunne ta til på utdanninga. Dette er òg noko som vi har sett att i undersøkingane som seinare er gjort. I undersøkinga frå 2012 vart spørsmålet om ikt stilt på ein annan måte. Svara viste då at nær 40 prosent av dei som tok grunnskule eller dei to første åra av vidaregåande opplæring opplevde at ikt ikkje vart brukt aktiv i opplæringa. Det er klare indikasjonar på at dette framleis blir opplevd som hinder og problem. Undersøkingar frå USA har òg vist at sjølv om dei innsette evaluerer utdanninga i fengsel som god, ønskjer dei betre datautstyr i klasseromma (Moeller mfl., 2004; Edwards-Willey og Chivers, 2005). Desse undersøkingane viser òg at dei innsette vil ha fleire bøker og betre bibliotek.

# Eigavurdering av kompetanse og lærevanskar

I tidlegare undersøkingar av vanskar, rapporterer omlag førti prosent av dei innsette at dei i *liten grad* eller *noko grad* opplever å ha vanskar med lesing og skriving, medan mellom seks og åtte prosent rapporterer å ha svært store vanskar med lesing og skriving (Eikeland mfl., 2009, 2013 og 2016). Omtrent det doble rapporterer vanskar med rekning i *svært stor grad*, og over halvparten av dei innsette hadde vanskar i *liten* eller *noko grad* med dette faget. Tidlegare funn har vist at innsette underrapporterer vanskar i lesing (Asbjørnsen, Jones og Manger, 2007; Asbjørnsen, Manger og Jones, 2007). Det finst truleg også lite medvit om eiga tilkortkoming i lesing og skriving og fell inn under det ein kan kalle «selektiv eksponering»: Ein oppsøkjer i hovudsak situasjonar som passar med kor dugande ein er, og søkjer å unngå oppgåver som stiller krav ut over det. Med dét får ein òg «selektive tilbakemeldingar». Sidan ein meistrar den «selektive oppgåva» vil

ein også bli styrkt i opplevinga si av at ein er god til å lese, men når ein blir stilt overfor større objektive krav om dugleik, vil sjansen for å meistre vere langt lågare. Underrapporteringa som vi finn støtte for i ein del av undersøkingane våre, har òg støtte i andre undersøkingar. Ei svensk undersøking fann at heile 70 prosent av dei innsette hadde nedsett lesedugleik av eit omfang som kvalifiserer til nemninga lesevanskar (Samuelsson, Gustavsson, Herkner og Lundberg, 2000). Forskarane fann at lesevanskane først og fremst var miljø- og erfaringsbestemte.

Det er gjennomgåande at dei innsette vurderer dugleiken sin i rekning som svakare enn i lesing og skriving, og skrivedugleiken som svakare enn lesedugleiken. Vidare, og i tråd med dette, rapporterer også langt fleire at dei har større vanskar med rekning enn med lesing, og at vanskar i det å skrive blir vurdert til å vere ein stad mellom dei vanskane dei opplever i rekning og lesing. I 2009 konkluderte vi med at dersom desse funna skal omsetjast i praktiske tiltak, er det svært viktig å styrkje det som er grunnleggjande innanfor alle disiplinane lesing, skriving og rekning.

# Problemstillingar i rapporten

Føremål med rapporten er fleire. Dei innsette sin skule- og utdanningsbakgrunn er kartlagt, i tillegg til røynsla dei har frå arbeidslivet. Med det gir rapporten informasjon om kor stor del av den aktuelle populasjonen innsette som har fullført grunnskuleutdanning, vidaregåande opplæring eller fagopplæring og universitets- eller høgskuleutdanning. For å få kartlagt kva kompetanse dei innsette har treng vi òg å vite om respondentane har hatt arbeid før dei vart fengsla og kva kvalifikasjon arbeidet har kravd.

Dei innsette sine utdanningsønske er sentrale og derfor kartlagt. Retten til utdanning krev at ein høyrer på dei innsette sine ønske om skule og utdanning, under og etter soning. Aktivitet innan utdanning, arbeidsdrift og program i fengsla blir gjort greie for. I samband med utdanning og opplæring undersøkjer vi om retten til utdanning blir ivaretatt. Tek dei innsette utdanning og kva slag utdanning tek dei? Utdanningsønske og utdanningsaktivitet i fengsel er kopla til kor lang dom respondentane opplyser at dei har og kor langt i soningsløpet dei er komne. Dei innsette har òg vurdert kor godt nøgde dei er med opplæringa innanfor kriminalomsorga; vi studerer kva planar dei har og ser dette opp mot aktiviteten dei har i fengslet, arbeid eller utdanning. Kva hinder dei innsette opplever eller ser for å kunne ta utdanning eller opplæring under soning blir delvis tatt opp. Til sist blir dei gjort greie for dei innsette si eigne vurderingar av både evner og lærevanskar, i lesing, skriving, rekning, ikt og munnleg.

# II. Undersøkinga

## Respondentane

Studien er meint som ei populasjonsundersøking der spørjeskjema vart retta til alle norske mannlege statsborgarar over 18 år som var innsette i fengsel i perioden 15. til 22. mars i 2021 (veke 11). Undersøkinga skulle berre gjelde menn sidan det vart gjennomført ei tilsvarande undersøking av kvinnelege innsette i hausten 2020. På grunn av covid-19-pandemien fekk vi problem med å få distribuert skjemaet slik det var planlagt. Det vart derfor gjennomført ein nye distribusjonsrunde i dei fengsla som ikkje hadde fått gjennomført undersøkinga i veke 11. Framleis gjaldt det norske mannlege statsborgarar, men no innsette i perioden 12. til 19. april i 2021 (veke 15). Framgangsmåten var elles tilsvarande tidlegare undersøkingar som er utført (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl., 2010; Eikeland mfl., 2013; Eikeland mfl., 2016). Undersøkinga gjaldt også dei som var i varetekt eller som var i forvaring. Nemninga innsett(e) blir brukt om både dei med dom, i varetekt eller dei som er i forvaring.

Ifølgje rapportering frå Kriminalomsorgsdirektoratet var det 2 177 norske mannlege innsette i fengsla i veke 11 og 2 141 i veke 15. Basisen for svarprosenten har vi estimert med å summere dei to innsettetala og dividere på to. Vi fekk inn 823 svar frå fengsla, som gir ein svarprosent på 38,1 av målpopulasjonen i fengsla. Dette er den lågaste svarprosenten vi har hatt i våre undersøkingar, og koronapandemien er dels skuld i at vi ikkje nådde fram til alle aktuelle respondentar. Det er rett nok slik at innsette kan ha vore på permisjon eller opptekne utanfor fengslet, t.d. med rettssaker eller på permisjon. Vi brukte ikkje ressursar på å hente inn den typen informasjon denne gongen heller. Sist vi gjorde det var i 2006-undersøkinga (Eikeland mfl. 2006). Då var det 3,6 prosent av dei innsette som ikkje kunne nåast av ulike grunnar. Vi er i tillegg gjort kjent med at denne undersøkinga skapte ein del større motstand blant dei innsette enn kva vi tidlegare har opplevd. Årsaka til det kan vere fleire. Skjemaet er omfattande, med mange spørsmål og nokre av spørsmåla kan ha skapte kjenslereaksjonar og gitt motvilje til å svare. Det som kjenneteiknar dei innsette kan òg ha endra seg over tid, ved at fleire no får sone med elektronisk kontroll, eit tiltak som skil dei med korte og lange dommar, også kva som er domsgrunnlaget, dvs. kva dei er dømde for.

# Instrument

Spørjeskjemaet vart laga i samråd med ei arbeidsgruppe sett saman av medlemmer frå Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland og frå Kriminalomsorgsdirektoratet. Delar av skjemaet byggjer på tidlegare skjema som vart utarbeidde til dei landsomfattande undersøkingane i 2006, 2009, 2012 og 2015. Dei vart då laga i samråd med ei tilsvarande arbeidsgruppe. Før undersøkingane i 2006 og 2012 testa vi skjemaet i ei gruppe innsette, og reviderte det deretter. Før undersøkinga i 2015 hadde vi på ny drøftingar om innhaldet i skjemaet i ei arbeidsgruppe sett saman av medlemer frå Fylkesmannen i Hordaland, Kriminalomsorgsdirektoratet og forskarane. Det let seg ikkje gjere å få til ei utprøving av skjemaet denne gongen, pga. pandemien.

Spørsmål frå dei tidlegare undersøkingane vart gjentekne der det var relevant. Viktige bakgrunnsvariablar, som var med i tidlegare skjema, og som er tatt omsyn til i denne rapporten, er alder, utdanningsnivå, domsgrunnlag  og lengda på dommen.

# Prosedyre

I kvart fengsel fekk *ein* person ansvaret for å administrere datainnsamlinga, helst leiaren for skuleavdelinga. Kontaktpersonane vart før utsending av skjemaa orienterte via brev og e-post frå Utdanningsavdelinga, Statsforvaltaren i Vestland. På denne måten freista ein å sikre at dei same prosedyrane vart følgde i alle fengsel. På grunn av covid-19-pandemien oppstod det vanskar med å komme til i alle fengsla, slik som det var planlagt. Det vart likevel ikkje sendt ordinær purring til dei som ikkje hadde svart, men eit nytt forsøk på å få svar frå innsette i dei fengsla som vi ikkje nådde fram til i veke 11 vart gjort i veke 15.

Det var inga individuell identifisering av dei einskilde skjemaa, men dei vart identifiserte med eit nummer for kvart fengsel. Undersøkinga er meldt til NSD personverntenester, Norsk senter for forskningsdata. På framsida av spørjeskjemaet vart dei innsette informerte om dette. Der vart det også understreka at det var friviljug å svare og at dei når som helst, utan å gje opp grunn, kunne trekkje seg frå undersøkinga. Dei vart orienterte om at dette ikkje ville få konsekvensar for dei under gjennomføring av straffa eller varetekta. Vi framheva likevel at det var viktig med høg svarprosent, fordi føremålet med undersøkinga er at innsette skal få rettane til utdanning ivaretatt og at planlegginga av utdanning under og etter straffegjennomføring skal bli god.

# Kjenneteikn ved dei innsette i undersøkinga

Vi har i dei tidlegare undersøkingane opplevd variasjonar mellom fengsel i svarprosent. Den eigenlege årsaka til desse variasjonane kjenner vi ikkje til. Denne gongen skuldast det utan tvil pandemien. I tillegg kan det nemnast at fleire kjenneteikn ved dei innsette varierer, slik som dei har gjort før. Jamført undersøkingane som har vi har gjort, så blir dei innsette eldre. I 2015-undersøkinga var dei innsette 37,1 år i gjennomsnitt (standardavvik 11,9); i 2021 var dei

innsette som svarde på undersøkinga 39,2 år (s.a. 12,7). Utvalet av respondentar i 2012-undersøkinga var 36,1 år og tilbake i 2004 såg vi at dei innsette hadde ein gjennomsnittsalder på 34,1 år.

I rapporteringa delar vi dei innsette bl.a. inn i aldersgrupper, slik som vi har gjort i tidlegare rapportar. Sidan undersøkinga omhandlar det som dreier seg om opplæring og utdanning er dei yngste viktig å ha i eiga gruppa. Det var færre innsette i den yngste aldersgruppa i 2021 (12,2 prosent, tabell II.1) samanlikna med undersøkingane i både 2015 (15,0 prosent) og 2012 ( 20,5 prosent). Prosentdelen i den nest yngste var i 2021 omtrent det same, men ein lågare del i den nest eldste gruppa i 2021 (22,5 prosent mot 25,0 prosent i 2015 og 28,3 prosent i 2012). Med andre ord utgjorde dei eldste i undersøkinga i 2021 (34,5 prosent) ein klart større del enn i 2015 (26,7 prosent) og i 2012 (22,0 prosent). Fordelinga etter tryggingsnivået i fengsla var svært annleis i 2021 enn i 2015. Nær to av tre respondentar var på høgt tryggingsnivå i 2021 mot 46,7 prosent i 2015.

**Tabell II.1. Fordelinga av innsette etter aldersgrupper, fengselsregion og tryggingsnivå i fengslet med utgangspunkt i fengslingsgrunnlag. 2021.**

| | Dom N=690 | Forvaring N=46 | Varetekt, før dom N=74 | Varetekt, anka dom N=13 | Alle N=823* |
|---|---|---|---|---|---|
| **Alder** | | | | | |
| 18 til 24 år | 12,0 | 4,4 | 19,7 | 7,7 | 12,2 |
| 25 til 34 år | 31,4 | 17,8 | 35,2 | 23,1 | 30,8 |
| 35 til 44 år | 21,3 | 40,0 | 23,9 | 15,4 | 22,5 |
| Over 44 år | 35,3 | 37,8 | 21,1 | 53,8 | 34,5 |
| **Region** | | | | | |
| Aust | 36,2 | 76,1 | 44,6 | 69,2 | 39,7 |
| Sør | 11,6 | 2,2 | 10,8 | 7,7 | 10,9 |
| Sør-vest | 15,8 | 2,2 | 10,8 | 7,7 | 14,5 |
| Vest | 15,7 | 2,2 | 25,7 | 15,4 | 15,8 |
| Nord | 20,7 | 17,4 | 8,1 | 0 | 19,1 |
| **Tryggingsnivå** | | | | | |
| Lågt | 42,2 | 4,3 | 1,4 | 0 | 35,7 |
| Høgt | 57,8 | 95,7 | 98,6 | 100 | 64,3 |
| | | | | | |
| **Alle** | 83,8 | 5,6 | 9,0 | 1,6 | **(823)** |

* Denne kolonnen gjeld *alle* i undersøkinga. Det treng ikkje vere slik at alle innsette har svart på absolutt alle spørsmål, som kjønn, fengslingsgrunnlag eller alder. Difor kan summen av N for kvart spørsmål variera noko.

I september 2008 sette kriminalomsorga i gang ei prøveordning med elektronisk kontroll (EK) som alternativ til fengsel. Før september i 2020 kunne ein sone inntil fire månader med EK, frå då av vart ordninga utvida til å gjelde seks månader. Ein kan òg sone delar av straffa med EK. Ordninga vart gradvis utvida fylkesvis og frå mai 2014 vart ho landsdekkjande. Personar som har gjort seg skuld i seksualbrotsverk, drap eller grov vald får ikkje sone med EK. Dette gjeld òg personar som har utøvd brotsverk mot born, mot personar i nære relasjonar eller som tidlegare er dømde for dette.

Skarðhamar (2013) har vist at personar som får sone med EK er noko betre stilt sosialt sett enn andre. Det gjeld utdanningsnivået, som er høgare, det er færre av desse som er på sosial stønad og inntekta deira er høgare enn dei som ikkje får innvilga EK. Det at EK gjeld heile landet frå 2014 kan ha hatt noko å seie for 2015-utvalet og truleg òg utvalet av innsette i 2021-undersøkinga. Undersøkinga i 2015 gjaldt berre innsette (i fengsel). Grunnlaget for å kunna samanlikne resultat frå 2015- og 2021-undersøkinga med tidlegare undersøkingar kan då ha endra seg, sidan EK ikkje var så utbreidd tidlegare. Ifølgje tal frå Kriminalomsorga var det 3 501 straffegjennomføringar med elektronisk kontroll i 2020 (Kriminalomsorgen, 2021). Talet har vore aukande, og då særleg etter 2014 (figur II.1).

Den dømde kan søkje om å få delar av straffa gjennomført med elektronisk kontroll eller ein kan søkje om at heile straffa blir gjennomført på den måten. For omtrent nitti prosent av EK-sonarane gjeld det heile dommen.




**Figur II.1. Utviklinga i tal straffegjennomføringar med EK.**

Det første året alle fylka i landet kunne bruke EK så auka delen dømde som fekk gjere det med 18 prosent; fram til 2020 har prosenten sidan då (i 2014) auka med 28. Dei over 3500 som sona med EK i 2020 utgjorde omtrent det som til ei kvar tid sonar i fengsel, altså ein fangepopulasjon i Noreg.

# Om rapporten

Rapporten er stort sett sydd over same lest som tidlegare og tilsvarande rapportar (Eikeland og Manger, 2004; Eikeland mfl., 2006; Eikeland mfl. 2009; Eikeland mfl., 2013; Eikeland mfl., 2016). Tabellar med resultat frå undersøkinga er organiserte likeeins, dvs. så langt det lèt seg gjere og så lenge det er relevant, men med endringar som krevst for at dei skal bli oversiktlege nok for lesarane. Opplysningane som rapporten gir, er kontrollerte for omtrent dei same bakgrunnsvariablane som tidlegare, først og fremst alder, soningslengde, utdanningsbakgrunn og domsgrunnlag. Kva som var opplærings- eller utdanningsaktivitet, andre aktivitetar under soninga, ønske om opplæring, sjølvrapporterte lærevanskar og innsette sine eigne vurderingar av evne og eventuelle lærevanskar er vektlagt i rapporten.

Kor stor del innsette som har rett til opplæring i fengsla blir sjølvsagt også tatt opp. Kven og kor stor del av dei innsette har brukt opp retten, jf. opplæringslova, og kor mange har rett til opplæring. I tillegg ser vi nærare på kva som kjenneteiknar innsette som ikkje nyttar retten dei har til opplæring i fengslet. Vi nyttar SSB sin definisjonen av kva som er fullførd vidaregåande opplæringa, ein måte som svarar til måten OECD gjer dette (sjå utgreiing til slutt i dette kapitlet).

I rapporten nyttar vi orda *utdanning* og *opplæring* om kvarandre og dels synonymt, men også med presisjonar som grunnskule og vidaregåande opplæring, når det trengst. Utdanning er meir generelt, og blir gjerne også mest nytta når det gjeld høgskular og universitet. Vidare brukar vi enkle sitatteikn (' ') for å markera at ord og uttrykk er direkte henta frå det som er brukt i spørjeskjemaet til dei innsette. Dette gjeld oftast svaralternativa.

For at dei nye tala og resultata som blir presenterte skal få eit best og mest mogeleg relevant samanlikningsgrunnlag når det gjeld tidlegare undersøkingar (2009, 2012 og 2015), presenterer vi resultat frå dei undersøkingane saman med dei nye tala frå 2021 – der det lar seg gjere og er relevant.

## Fullført vidaregåande opplæring

Dei innsette opplyste i spørjeskjemaet kva deira høgaste fullførde utdanning er. SSB si tilpassing til OECD-måten å definere dette på har konsekvensar for kor stor del som fell inn under nemninga *fullført vidaregåande opplæring*. Sjølv om den gamle måten å definere dette på blir mindre og mindre aktuell, både når det gjeld fangepopulasjonen og folket elles i Noreg, finn vi det tenleg å repetere dei ulike definisjonane av dette slik dei blir brukt av SSB (og av oss).

I den tidlegare definisjonen av grunnskulenivået vart alle som berre hadde *det* som høgaste fullførde utdanning plasserte i den kategorien. I den nye definisjonen blir også dei som har fullført så lite vidaregåande opplæring at det *ikkje kvalifiserer* til fullført vidaregåande opplæring plasserte på grunnskulenivået. Tilbake i tid (sjå punkta under) vart alle som hadde fullført ei eller anna form for vidaregåande opplæring plasserte på det nivået uansett lengda av vidaregåande opplæring. Empiriske utfordringar som vi i tidlegare rapportar har hatt, men som truleg er mindre aktuelle når det gjeld fangepopulasjonen anno 2021, er at den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring har ulike definisjonar for ulike tidsperiodar. Sidan vi også opererer med data frå tidlegare undersøkingar i denne rapporten, er det relevant å presentere den differensierte definisjonen også her:

- Det som svarar til vidaregåande opplæring *før* lov om vidaregåande opplæring vart sett i verk på midten av 1970-talet blir definert som vidaregåande opplæring uansett kor lang opplæringa var den gongen.
- Det som er vidaregåande opplæring frå perioden etter innføringa av vidaregåande opplæring på 70-talet, men før Reform 94, blir delt i to: dei som berre har gjennomført grunnkurs eller anna eittårig vidaregåande opplæring blir plasserte på grunnskulenivå; dei som har fullført vidaregåande kurs I eller II (VK I eller VK II) eller tilsvarande, blir plasserte på vidaregåande nivå.
- Etter innføringa av Reform 94 blir berre dei som har fullført tre- eller fireårig vidaregåande opplæring plasserte på det nivået. Dersom opplæringa er kortare, blir dei pr. definisjon plasserte på grunnskulenivået.

I dei siste undersøkingane av innsette (frå 2009) spurde vi ikkje om *når* dei innsette gjennomførde ei eventuell vidaregåande opplæring. I tidlegare rapportar tok vi utgangspunkt i alderen til dei innsette deira for å estimere kva nivå fullførd opplæring dei hadde etter den nye definisjonen. Dilemmaet var at vi uansett ikkje kunne ta for gitt at dei innsette hadde følgt eit normalløp når det gjeld start og gjennomføring av vidaregåande opplæring. Det var med andre ord usikkert kor gamle dei var då dei tok til på opplæringa og kva avbrot og fråfall dei eventuelt kunne ha hatt sidan dette ikkje vart kartlagt i detalj. I rapporteringane som gjeld 2021-undersøkinga nyttar vi berre den nye definisjonen av fullført vidaregåande opplæring.

# III. Kompetanse

Kompetanse skaffar ein seg både gjennom utdanning og arbeid. Dette er blitt kartlagt hos dei innsette i alle undersøkingane sidan 2004, og på same måten i sidan 2009. Det har blitt lagt størst vekt på utdanning og opplæring, og problemstillingar knytt til det i kartleggingane. Spørsmåla om dette vart vidareført i 2021-undersøkinga. Dei innsette vart spurt om kva som var deira høgaste fullførde utdanning eller opplæring; vi spurde om kva type arbeid dei hadde hatt innanfor kategoriane ufaglært, faglært, arbeid som krev høgare utdanning, eller om dei har vore sjølvstendig næringsdrivande. Vi kartla òg om dei innsette har vore heime som foreldre. Høgaste fullførde utdanning eller opplæring er sentralt for å få innsikt i dei innsette sin realkompetanse og ikkje minst kva rettar dei har når det gjeld opplæring, og særleg det som gjeld vidaregåande opplæring.

## Utdanningsbakgrunn

I kartlegginga av utdanningsnivå held vi oss til den kategoriserte inndelinga grunnskule, vidaregåande opplæring (delt opp for tre år), fagskule og enkeltfag eller gradsutdanning ved høgskule eller universitet. Det som gjeld fagskule var nytt i 2012-skjemaet. Statistisk sentralbyrå (SSB) definerer fagskulenivået som ei utdanning som er bygt på vidaregåande opplæring, men som ikkje er godkjent som universitets- eller høgskuleutdanning, uansett lengda. Vi har heller ikkje denne gongen brukt ressursar på eller plass i spørjeskjemaet til å skaffe informasjon om innhaldet i fagskulen som dei innsette eventuelt har kryssa av for. I rapporten presiserer vi elles kva nivå eller type skular det til ei kvar tid er snakk om og der vi avvik frå SSB sin definisjon og handlemåte gjer vi merksam på det.

I tabell III.2 samanliknar vi dei innsette sitt utdanningsnivå med kva som er og var tilsvarande hos heile det norske folket. SSB sin endra definisjon av dei tre aktuelle nivåa, har konsekvens for nivåa 1 og 2 (grunnskule og vidaregåande opplæring). Endringa som er gjort greie for i slutten av førre kapittel, har truleg mindre å seie ettersom det no blir færre og færre innsette som dei tidlegare definerte utdanningsnivåa er aktuelle for. Eventuelle avvik frå normalløpet i utdanning vil, teoretisk sett, kunne skape konsekvensar for kor mange i dette utvalet som fell inn under dei tre periodiske definisjonane av kva som er høgaste fullførde utdanning. Vi har tidlegare gjort fleire empiriske innfallsvinklar til dette, men har valt å sjå bort frå dette sidan 2015. Ein må ha fullført tre år med vidaregåande opplæring i denne undersøkinga for bli registrert på det nivået. Når vi seinare i rapporten kjem inn på kva rett dei innsette har til vidaregåande opplæring, er det alderen som skil mellom ungdomsretten (før dei fyller 25 år) og vaksenretten for dei som er 25 år eller eldre, med dei tillegga som der er. Vi understrekar at måten SSB (og vi) definerer «inga fullførd utdanning» på ikkje er påverka av endringane i dei nemnde definisjonane.

**Tabell III.1. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning eller opplæring. Prosent.**

| Høgaste fullførde | 2009 | 2012 | 2015 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Ikkje fullført opplæring/utd. | 8,1 | 7,2 | 8,0 | 5,0 |
| Grunnskule | 23,2 | 19,4 | 19,0 | 15,1 |
| 1 år vidaregåande | 18,1 | 16,5 | 15,3 | 13,0 |
| 2 år vidaregåande | 21,2 | 17,4 | 15,7 | 16,5 |
| 3 år el meir vidaregåande | 18,1 | 23,4 | 23,4 | 27,8 |
| Fagskuleutdanning* | - | 4,0 | 5,9 | 5,5 |
| Høgare utdanning, enkeltfag | 5,9 | 5,5 | 5,5 | 5,7 |
| Høgare utd., gradsutdanning | 5,5 | 6,5 | 7,2 | 11,3 |
| **(N) = 100 %** | **(1 352)** | **(1 270)** | **(1 462)** | **(820)** |

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Prosentdelen norske innsette som ikkje har fullførd noko form for utdanning eller opplæring var nokså stabil mellom sju og åtte prosent fram til og med 2015 (7,6 prosent i 2004; 7,2 prosent i 2006, sjå elles tabell III.1). I 2021 var det fem prosent som rapporterte at dei ikkje hadde fullført noko form for opplæring eller utdanning. I 2012-undersøkinga såg vi at ein klart større del innsette opplyste at dei hadde fullført treårig eller meir vidaregåande opplæring, 23,4 prosent, og dette var uendra i 2015. I 2021-undersøkinga steig denne delen til 27,8 prosent. Prosentdelen innsette med universitets- eller høgskuleutdanning var stabil fram til 2015; i 2021 ser vi ein auke, til at 17 prosent av dei innsette har det, særleg gradsutdanninga har auka. I tabell III.1 er dei som ikkje har fullført noko opplæring med i prosentueringsgrunnlaget. Denne delen er relativt liten i den norske populasjonen, sjølv om han i absoluttal er aukande frå år til år (truleg også pga. at folketalet stig). For å kunne samanlikne med SSB-tala tar vi i neste tabell bort dei som ikkje har fullført noko opplæring frå prosentueringsgrunnlaget. Vi får med det samanlikna utdanningsnivået til dei innsette i 2021 med det som gjaldt i tre av dei føregåande og tilsvarande undersøkingane, og med nivået til heile den norske populasjonen. (SSB held dei som er yngre enn 16 år utanfor prosentueringsbasisen sin; i undersøkinga vår er det berre innsette over 18 år som er med. Denne skilnaden i prosentueringsbasis har her omtrent ingenting å seie.)

Dei innsette sitt utdanningsnivå er klart lågare enn kva som gjeld heile folket i Noreg, men vi ser ei tydeleg endring sidan 2009 då nesten seks av ti innsette hadde grunnskulen som høgaste fullførde til 2021 då i underkant av halvparten (47 prosent) hadde det (tabell III.2).

**Tabell III.2. Høgaste fullførde utdanning* i Noreg totalt, frå 1970 til 2021 (kjelde: SSB, Statistikkbanken, 2022), og blant norske innsette i 2009, 2012, 2015 og 2021. Prosent.**

| Høgaste fullførde | Innbyggjarane i Noreg** | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 1970 | 1980 | 1990 | 2000 | 2010 | 2015 | 2021 |
| Grunnskule | 53,2 | 48,9 | 41,6 | 34,0 | 29,1 | 26,9 | 24,2 |
| Vgo | 39,4 | 39,9 | 42,9 | 44,3 | 42,6 | 40,9 | 39,8 |
| Høgare utd. | 7,4 | 11,2 | 15,4 | 21,7 | 28,4 | 32,2 | 36,0 |
| **(N) = 100%** | **(2 852 636)** | **(3 073 132)** | **(3 310 283)** | **(3 480 022)** | **(3 818 006)** | **(4 221 985)** | **(4 423 598)** |

| Høgaste fullførde | Innsette** | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2009 | 2012 | 2015 | 2021 |
| Grunnskule | 59,1 | 52,1 | 49,4 | 47,0 |
| Vgo | 28,5 | 34,9 | 36,9 | 35,0 |
| Høgare utd. | 12,4 | 13,0 | 13,8 | 18,0 |
| **(N) = 100%** | **(1 243)** | **(1 178)** | **(1 345)** | **(779)** |

* Dei som har fullført fagskule er plasserte i kategorien fullført vidaregåande opplæring. ** Dei som ikkje har fullført utdanning er haldne utanfor både i SSB sin prosentueringsbasis og vår.

Prosentdelen innsette som har fullført vidaregåande opplæring gjekk noko ned i 2021 medan prosentdelen med høgare utdanning auka til å gjelde 18 prosent av dei innsette. Dette siste talet var nokså stabilt fram til 2015, og auken i 2021 blir vurdert til vere stor. Dette kan komme av at utvalet vårt ikkje er så representativt som det burde være. Vi ser at i 2021 var det 24,2 prosent av folket i Noreg som hadde grunnskule som høgaste fullførde nivå. Her er det no meir enn kvar tredje som har universitets- eller høgskuleutdanning (kategorisert som både enkeltfag og gradsutdanning ved universitet eller høgskule, medan eventuell fagskuleutdanning er lagt til vidaregåande opplæring).

Frå 2009 til 2015 steig prosentdelen innsette med fullført vidaregåande opplæring med meir enn åtte prosentpoeng, men denne delen er lågare i 2021. Dei innsette har likevel ikkje eit lågare utdanningsnivå enn dei i 2015-undersøkinga. Årsaka er at fordelinga har endra seg med klart høgare del med universitets- og høgskuleutdaning, altså 18,0 prosent.

Alder og utdanningsnivå heng saman (tabell III.3). I 2009 hadde kvar tiande innsett i den yngste aldersgruppa ikkje fullført noko form for opplæring; i 2021 er denne delen redusert til 3,1 prosent, men prosentdelen med grunnskulen som høgaste fullførte har lege i overkant av tjue prosent i alle fire undersøkingane (dei utan noko som helst fullført opplæring er då med i prosentueringsgrunnlaget).

**Tabell III.3. Norske innsette si høgaste fullførde utdanning/opplæring etter aldersgrupper. Prosent.**

| Alder | År | Ikkje fullført | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Høgare utdanning | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | | Enkeltfag | Grad |
| 18 til 24 år | 2009 | 10,1 | 26,7 | 21,5 | 30,8 | 10,5 | - | 0 | 0,4 |
| | 2012 | 8,9 | 21,6 | 26,3 | 20,7 | 19,7 | 0,9 | 0 | 1,9 |
| | 2015 | 9,6 | 25,7 | 23,9 | 13,8 | 23,9 | 1,8 | 1,4 | 0 |
| | 2021 | 3,1 | 21,4 | 24,5 | 19,4 | 28,6 | 0 | 3,1 | 0 |
| 25 til 34 år | 2009 | 6,1 | 21,0 | 17,8 | 28,0 | 18,5 | - | 6,3 | 2,3 |
| | 2012 | 6,0 | 18,1 | 18,5 | 18,1 | 28,9 | 1,7 | 4,4 | 4,4 |
| | 2015 | 7,1 | 17,8 | 17,6 | 19,5 | 27,2 | 4,1 | 3,5 | 3,1 |
| | 2021 | 4,8 | 14,1 | 15,3 | 22,2 | 29,8 | 2,8 | 3,6 | 7,3 |
| 35 til 44 år | 2009 | 8,5 | 24,6 | 18,6 | 14,8 | 20,2 | - | 6,6 | 6,8 |
| | 2012 | 5,4 | 19,4 | 15,3 | 16,3 | 23,8 | 4,8 | 7,8 | 7,1 |
| | 2015 | 7,2 | 18,3 | 12,7 | 19,1 | 25,8 | 4,7 | 5,0 | 7,2 |
| | 2021 | 6,6 | 16,0 | 11,0 | 13,3 | 32,6 | 3,9 | 7,7 | 8,8 |
| Over 44 år | 2009 | 7,3 | 22,6 | 15,0 | 10,9 | 21,2 | - | 9,5 | 13,5 |
| | 2012 | 7,2 | 19,6 | 8,5 | 11,9 | 19,6 | 10,6 | 8,9 | 13,6 |
| | 2015 | 9,1 | 17,6 | 10,1 | 9,3 | 16,1 | 10,4 | 10,6 | 16,3 |
| | 2021 | 4,4 | 13,9 | 12,9 | 12,8 | 23,4 | 11,3 | 6,9 | 19,7 |

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Den store endringa i denne aldersgruppa finn vi når det gjeld delen som har fullført vidaregåande opplæring (tre år eller meir). Han er nesten tre gonger høgare i 2021 (28,6 prosent) samanlikna med 2009 (10,5 prosent). Vi ser òg ein auke i dei tre andre aldersgruppene, om enn ikkje like stor. Dei eldste har mest utdanning frå universitet og høgskular, der nær kvar femte har gradsutdanning. Blant dei eldste finn vi òg størst del med fagskuleutdanning.

# Kompetanse frå arbeid

I tillegg til å rapportere om utdanningsnivået sitt, rapporterte dei innsette om kva arbeid dei har hatt. Kunnskap om det i tillegg til utdanninga gir som nemnt betre innsikt i kva som er deira realkompetanse.

Dei innsette vart spurde om dei hadde hatt arbeid, og skulle svare ved å krysse av for kategoriane: aldri hatt arbeid, ufaglært arbeid, faglært arbeid, arbeid som krev høgare utdanning og arbeid som sjølvstendig næringsdrivande. I tillegg kunne dei krysse av for om dei hadde vore heimeverande som foreldre. Vi spurde heller ikkje denne gongen om kor lenge dei innsette hadde hatt dei ulike typane arbeid.

Om vi ser bort frå 2012-undersøkinga så er det ein relativ lik del innsette som opplyser at dei ikkje har hatt arbeid (tabell III.4). Prosentdel med faglært arbeid steig i 2021 samanlikna med dei andre åra undersøkinga har vore gjennomført (44,3 prosent). Det same gjorde den delen innsette som sa at dei har hatt arbeid som krev høgare utdanning, medan delen som opplyste om arbeid som sjølvstendig næringsdrivande denne gongen er kraftig redusert.

**Tabell III.4. Prosent** norske innsette med ulike typar arbeidsrøynsle.**

| | *Ikkje* hatt arbeid | Ufaglært arbeid* | Faglært arbeid* | Arb. som krev høgare utd.* | Sjølvstendig nærings-drivande* | Heime som foreldre |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **2009** | 9,0 | 62,7 | 36,7 | 8,3 | 21,5 | 6,3 |
| **2012** | 6,7 | 54,2 | 35,3 | 10,8 | 24,8 | 4,7 |
| **2015** | 11,6 | 54,7 | 36,8 | 11,0 | 22,3 | 4,2 |
| **2021** | 11,7 | 49,7 | 44,3 | 17,1 | 9,5 | 5,1 |

* Prosentuert av berre dei som har hatt arbeid; ** tala summer seg ikkje til 100 sidan fleire avkryssingar var mogeleg.

Korleis arbeidsrøynsla fordeler seg etter alder finn vi meir om i tabell III.5. Der finn vi naturleg nok både store skilje og systematiske variasjonar, som har med alder å gjere. Dess eldre den innsette er, dess større er sjansen for at vedkommande har hatt arbeid. Dette er likt tidlegare undersøkingar. I den yngste aldersgruppa finn vi den største delen som ikkje har hatt arbeid, og denne delen har meir enn dobla seg i 2021 samanlikna med 2015-undersøkinga. Her kan delar av årsaka vere at dei yngste innsette no i større grad enn i tidlegare undersøkingar opplyser at dei har fullført utdanninga si, dvs. vidaregåande opplæring, heile eller delar av ho (sjå tabell III.3). I den eldste gruppa gjekk prosentdelen som ikkje har hatt arbeid ned i 2021. Her ser vi at delen som opplyser å ha hatt sjølvstendig næringsverksemd også har gått kraftig ned i 2021. Prosentdelen med faglært arbeid er nokså lik i dei tre yngste aldersgruppene, men klart høgare i den eldste, og høgare der enn i 2015-undersøkinga.

**Tabell III.5. Prosent innsette med ulike typar arbeidsrøynsle etter aldersgrupper.**

| | | 18 til 24 år | 25 til 34 år | 35 til 44 år | Over 44 år |
|---|---|---|---|---|---|
| **Prosent som *ikkje* har hatt arbeid** | **2009** | 14,9 | 10,3 | 6,7 | 4,0 |
| | **2012** | 9,9 | 8,1 | 6,1 | 3,4 |
| | **2015** | 14,4 | 13,3 | 10,7 | 8,6 |
| | **2021** | 30,9 | 15,0 | 9,6 | 3,7 |
| **Prosent med ufaglært arbeid*** | **2009** | 73,6 | 66,9 | 61,8 | 50,9 |
| | **2012** | 74,0 | 58,0 | 54,7 | 34,8 |
| | **2015** | 73,6 | 65,1 | 51,9 | 37,4 |
| | **2021** | 59,7 | 60,3 | 55,0 | 34,9 |
| **Prosent med faglært arbeid*** | **2009** | 28,8 | 35,3 | 41,3 | 37,8 |
| | **2012** | 28,6 | 37,6 | 35,9 | 33,9 |
| | **2015** | 28,7 | 35,4 | 38,0 | 41,2 |
| | **2021** | 40,3 | 40,2 | 41,9 | 51,0 |
| **Prosent med arb. som krev høgare utd.*** | **2009** | 1,4 | 4,3 | 9,2 | 18,4 |
| | **2012** | 1,6 | 6,2 | 12,7 | 23,8 |
| | **2015** | 1,7 | 6,4 | 9,1 | 22,4 |
| | **2021** | 3,0 | 8,1 | 16,3 | 28,4 |
| **Prosent sjølvstendig næringsdrivande*** | **2009** | 7,5 | 18,3 | 23,7 | 34,8 |
| | **2012** | 8,9 | 20,8 | 34,1 | 33,0 |
| | **2015** | 9,6 | 20,1 | 24,7 | 29,1 |
| | **2021** | 7,5 | 9,6 | 11,9 | 8,8 |
| **Prosent heimeverande som foreldre** | **2009** | 2,8 | 4,8 | 8,4 | 9,0 |
| | **2012** | 2,6 | 4,7 | 6,5 | 5,3 |
| | **2015** | 1,7 | 3,1 | 5,2 | 4,7 |
| | **2021** | 2,1 | 2,4 | 9,0 | 5,5 |

* Prosentuert av berre dei som har hatt arbeid

Vi konstaterer òg at kvar ellevte innsett i aldersgruppa 35 til 44 rapporterer har vore heimeverande som foreldre. Dette er det høgaste talet sidan 2009, men gjaldt då aldersgruppa over 44 år.

# IV. Aktivitet i fengslet

## Utdanningsaktivitet

Alle fengsla i Noreg tilbyr opplæring til dei innsette, men tilboda varierer. Som drøfta i tidlegare og tilsvarande rapportar har variasjonen konsekvensar for dei innsette si deltaking, både når det gjeld kva dei held på med av opplæring og om dei føretrekkjer andre former for aktivitet. Utdanningstilboda som blir gitt er kjelde til variasjonen i deltaking, der relevans, interesser og kompetanse står sentralt. I kva grad rettleiinga fungerer som ho skal er òg viktig. Kva utdanning dei innsette allereie har fullført er sjølvsagt avgjerande for kva som er relevant.  Før vi ser nærare på korleis utdanningsaktiviteten i fengsla heng saman med alder, soningslengd og domsgrunnlag, ser vi i tabell IV.1 på kor stor del som heldt på med dei ulike nivåa av utdanning eller opplæring (gjeld dei fire undersøkingane frå 2009 til 2021).

**Tabell IV.1. Prosent innsette og utdanningsaktivitet i fengslet.**

| Utdanningsaktivitet | 2009 | 2012 | 2015 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Deltar ikkje i utd. /opplæring i fengslet | 58,9 | 46,4 | 57,0 | 50,9 |
| Grunnskule | 1,9 | 2,0 | 1,2 | 0,7 |
| Vidaregåande opplæring, 1. år | 9,2 | 8,1 | 8,1 | 8,0 |
| Vidaregåande opplæring, 2. år | 3,4 | 6,6 | 7,3 | 8,5 |
| Vidaregåande opplæring, 3. år | 5,2 | 12,2 | 8,8 | 15,6 |
| Fagskuleutdanning* | - | 0,9 | 1,3 | 2,2 |
| Utdanning på universitet eller høgskule | 4,1 | 5,3 | 3,7 | 5,0 |
| Kurs | 17,4 | 18,5 | 12,7 | 9,1 |
| **(N)=100 %.** | **(1 373)** | **(1 275)** | **(1 470)** | **(823)** |

* Ikkje spesifisert før i 2012.

I 2006-undersøkinga såg vi at 68,4 prosent av dei norske innsette ikkje tok del i noko form for utdanning eller opplæring medan dei sona (Eikeland mfl., 2006). Etter kvart vart lagt til rette for opplæringstilbod i alle fengsel, og prosentdelen innsette som heldt på med opplæring auka i åra etter. I 2015 var det så litt færre att som var under utdanning og opplæring medan dei sona. Undersøkinga i 2021 viser at prosentdelen som ikkje heldt på med utdanning og opplæring under soninga (50,9 prosent) er nærare situasjonen i 2012 (46,4 prosent).

Deltaking i vidaregåande opplæring tredje året var klart høgare i 2021 enn i 2015-undersøkinga. Prosentdelen som heldt på med kurs gjekk også ned i 2021, som i 2015. Denne kategorien fangar opp opplæring og utdanning som dei innsette kan halde på med, men som ikkje utan vidare fell inn under det autoriserte og institusjonaliserte tre-nivåsystemet. Innsette kan likevel vere i gang med sjølvstudium

gjennom brevkurs i fag som t.d. ligg på nivå med vidaregåande opplæring eller som kan bli godkjent som det. Det kan òg skje at innsette går på kurs som eigentleg er autorisert som vidaregåande opplæring, men dei har kryssa av her fordi dei sjølve oppfattar det som noko anna enn vidaregåande opplæring. Eit moment som også kan forklare denne endringa er tilskotsordninga som skal gjere det mogeleg for innsette å fullføre grunnskule og vidaregåande opplæring. Ordninga er med det knytt til kompetansemål i læreplanverket for Kunnskapsløftet.

**Tabell IV.2. Innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter aldersgrupper. Prosent.**

| Alder | År | Deltar ikkje | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Univ./ høg-skule | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 til 24 | 2009 | 61,6 | 1,3 | 13,1 | 4,2 | 3,0 | - | 0,8 | 16,9 |
| | 2012 | 41,3 | 1,4 | 16,4 | 10,3 | 11,7 | 0,9 | 1,9 | 16,9 |
| | 2015 | 47,7 | 1,8 | 15,6 | 14,7 | 13,3 | 0,0 | 1,4 | 5,5 |
| | 2021 | 40,8 | 1,0 | 14,3 | 18,4 | 19,4 | 2,0 | 1,0 | 3,1 |
| 25 til 34 | 2009 | 54,6 | 1,6 | 11,6 | 3,4 | 8,0 | - | 4,1 | 16,7 |
| | 2012 | 39,6 | 2,0 | 9,1 | 7,7 | 17,4 | 0,7 | 6,7 | 16,8 |
| | 2015 | 50,5 | 0,8 | 10,4 | 9,3 | 11,6 | 1,4 | 3,5 | 12,4 |
| | 2021 | 40,3 | 0,0 | 10,9 | 12,5 | 21,0 | 2,4 | 5,2 | 7,7 |
| 35 til 44 | 2009 | 59,6 | 2,2 | 7,6 | 3,7 | 5,1 | - | 6,2 | 15,7 |
| | 2012 | 46,3 | 1,7 | 6,1 | 6,1 | 12,6 | 1,7 | 6,5 | 19,0 |
| | 2015 | 59,8 | 0,8 | 5,5 | 5,0 | 6,9 | 1,4 | 4,7 | 15,8 |
| | 2021 | 47,0 | 0,6 | 6,6 | 7,7 | 16,6 | 2,2 | 9,4 | 9,9 |
| Over 44 | 2009 | 61,6 | 2,2 | 4,1 | 2,6 | 2,6 | - | 4,4 | 22,5 |
| | 2012 | 57,7 | 2,6 | 3,8 | 0,9 | 5,1 | 0,9 | 7,3 | 21,8 |
| | 2015 | 67,4 | 1,0 | 3,9 | 2,8 | 4,7 | 1,8 | 4,4 | 14,0 |
| | 2021 | 65,3 | 1,1 | 4,7 | 2,2 | 9,0 | 2,2 | 3,2 | 12,3 |

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Undersøkingane våre har vist at svært få av dei innsette har tatt grunnskule i fengslet, trass i at mellom åtte og fem prosent har sagt at dei ikkje har fullført noko som helst utdanning eller opplæring. Samla var det 32,1 prosent som heldt på med vidaregåande opplæring i 2021-undersøkinga. I 2015 var den tilsvarande prosenten 24,2; i 2009 var han 17,8 prosent; i 2012 gjaldt dette 26,9 prosent.

Korleis utdanningsaktiviteten i fengslet fordelar seg når vi kategoriserer dei innsette etter alder finn vi i tabell IV.2, og vi samanliknar også her med undersøkingane i åra 2009, 2012 og 2015. Vi har sett at dei innsette under eitt hadde ein litt høgare deltakingsdel i 2021 enn i 2015, men ikkje så høg som i 2012-undersøkinga. Dei yngste aldersgruppa har auka utdannings- og opplæringsaktivteten sin for kvar

undersøking sidan 2012 når det gjeld vidaregåande opplæring andre og tredje år. Dette gjeld òg den nest eldste gruppa, med unntak av vidaregåande tredje år i 2015. Vi har inga god forklaring på kvifor aldersgruppa 35 til 44 år har så høg deltaking i vidaregåande tredje år i 2021 samanlikna med kva som var tilfelle i 2015. Dei to yngste aldersgruppene har begge ei deltaking i vidaregåande opplæring som samla er over femti prosent.

**Tabell IV.3. Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter fengslingsgrunnlag.**

| Fengslings-grunnlag | År | Deltar ikkje | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Univ./ høg-skule | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dom | 2009 | 58,5 | 1,6 | 8,9 | 3,3 | 5,6 | - | 4,2 | 17,9 |
| | 2012 | 44,1 | 1,8 | 8,4 | 6,5 | 13,1 | 0,7 | 5,6 | 19,6 |
| | 2015 | 57,5 | 1,1 | 7,5 | 7,2 | 8,5 | 1,3 | 3,7 | 13,2 |
| | 2021 | 50,0 | 0,6 | 8,0 | 8,8 | 15,5 | 2,2 | 4,9 | 10,0 |
| Forvaring | 2009 | 5,9 | 5,9 | 23,5 | 5,9 | 11,8 | - | 17,6 | 29,4 |
| | 2012 | 33,3 | 7,4 | 7,4 | 11,1 | 7,4 | 3,7 | 18,5 | 11,1 |
| | 2015 | 29,6 | 3,7 | 11,1 | 18,5 | 14,8 | 0,0 | 11,1 | 11,1 |
| | 2021 | 34,8 | 2,2 | 8,7 | 6,5 | 28,3 | 2,2 | 13,0 | 4,3 |
| Varetekt utan dom# | 2009 | 67,7 | 3,6 | 10,2 | 3,6 | 2,4 | - | 0,6 | 12,0 |
| | 2012 | 65,6 | 1,6 | 4,0 | 5,6 | 7,2 | 1,6 | 1,6 | 12,8 |
| | 2015 | 59,5 | 1,6 | 11,1 | 5,3 | 8,4 | 1,1 | 2,1 | 11,1 |
| | 2021 | 63,5 | 1,4 | 9,5 | 6,8 | 9,5 | 2,7 | 1,4 | 5,4 |
| Varetekt, anka dom# | 2009 | - | - | - | - | - | - | - | - |
| | 2012 | 59,5 | 2,7 | 13,5 | 8,1 | 8,1 | 0,0 | 0,0 | 8,1 |
| | 2015 | 46,8 | 0,0 | 10,6 | 12,8 | 14,9 | 2,1 | 6,4 | 6,4 |
| | 2021 | 84,6 | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 7,7 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |

* Ikkje spesifisert før i 2012; # før 2012 skilte vi ikkje på type varetekt.

Slik vi har gjort det tidlegare ser vi også på om fengslingsgrunnlaget har noko å seie for utdanningsaktiviteten under soninga. Tabell IV.3 viser at det har det framleis. I 2015-undersøkinga fann vi ei endring frå kva som var tilfelle tidlegare. Den generelle tendensen har nemleg vore at ein større del innsette med dom har halde på med utdanning eller opplæring enn innsette i varetekt. I 2015 var det dei i varetekt med anka dom som deltok litt meir enn dei med dom. Undersøkinga i 2021 viser ikkje det. Begge varetektsgruppene hadde no lågare deltaking enn dei to andre gruppene. Det var dei i forvaring som hadde den høgaste deltakingsraten i 2021. Vi kan ikkje sjå bort frå at pandemien har spelt ei rolle. Innsette i varetekt utan dom deltok på omtrent same nivået som dei med dom. (Det å skilje mellom dei to typane varetekt vart ikkje gjort i 2009.)

**Tabell IV.4. Prosent innsette sin høgaste utdanningsaktivitet i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt før dom).**

| Doms-lengd | År | Deltar ikkje | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Univ./ høgskule | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Under 3 md. | 2009 | 71,0 | 2,0 | 2,7 | 1,7 | 1,3 | - | 0,7 | 20,7 |
| | 2012 | 68,5 | 1,2 | 1,2 | 1,9 | 4,3 | 0,0 | 1,2 | 21,6 |
| | 2015 | 78,6 | 1,0 | 2,5 | 3,0 | 1,5 | 0,0 | 0,0 | 13,4 |
| | 2021 | 81,8 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 1,5 | 0,0 | 0,0 | 12,1 |
| 3 til 12 md. | 2009 | 59,8 | 2,6 | 10,4 | 2,6 | 2,6 | - | 1,3 | 20,6 |
| | 2012 | 51,0 | 1,4 | 8,6 | 6,1 | 8,9 | 0,3 | 1,7 | 21,9 |
| | 2015 | 61,2 | 1,6 | 7,0 | 5,2 | 6,5 | 0,8 | 0,0 | 17,1 |
| | 2021 | 56,4 | 0,6 | 11,0 | 4,3 | 11,7 | 1,2 | 1,8 | 12,9 |
| 1 til 5 år | 2009 | 50,5 | 2,4 | 13,1 | 4,8 | 7,8 | - | 5,2 | 16,1 |
| | 2012 | 36,0 | 2,2 | 11,3 | 7,8 | 15,9 | 1,6 | 5,9 | 19,4 |
| | 2015 | 50,7 | 0,9 | 9,8 | 9,2 | 10,4 | 2,3 | 5,5 | 11,1 |
| | 2021 | 45,1 | 0,7 | 9,5 | 12,0 | 16,2 | 1,8 | 5,3 | 9,5 |
| Meir enn 5 år | 2009 | 23,3 | 2,9 | 21,4 | 7,8 | 11,2 | - | 17,5 | 16,0 |
| | 2012 | 27,3 | 3,6 | 7,3 | 9,7 | 22,4 | 0,6 | 21,2 | 7,9 |
| | 2015 | 36,8 | 1,1 | 9,3 | 12,6 | 18,7 | 1,6 | 11,5 | 8,2 |
| | 2021 | 36,5 | 0,5 | 5,8 | 9,0 | 26,5 | 3,7 | 11,1 | 6,9 |

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Igjen er det likevel slik at dei store skilnadene blant dei innsette kjem klarast fram når vi ser på domslengda (tabell IV.4, der innsette i varetekt utan dom sjølvsagt ikkje er med). Måten domslengda er kategorisert på i tabell IV.4 heng att frå måten vi spurde dei innsette om domslengda på i undersøkingane i 2004, 2006 og 2009. Vi har valt å presentere akkurat dette slik i denne rapporten òg for å kunna samanlikne med tidlegare undersøkingar. Både i 2012, i 2015 og i 2021 vart dette spesifisert i finare grad i skjemaet. Dei innsette kunne då krysse av for domslengda som eitt-årsintervall dersom dei hadde meir enn eitt års fengsel, og litt kortare intervall dersom dei hadde dom som var kortare (sjå spørjeskjemaet). Dette kjem vi attende til.

Hovudtendensen er framleis at dess lengre dom dei innsette har, dess større del av dei held på med utdanning eller opplæring. Fire av fem innsette med dom under tre månader deltok *ikkje* i utdanning eller opplæring i 2021; dette gjaldt i overkant av ein av tre hos dei med lengst dom, omtrent det same som i 2015-undersøkinga (36,5 prosent). I denne gruppa finn vi den klart største delen som heldt på med vidaregåande opplæring tredje år, slik dette også har vore i dei tre undersøkingane før denne. Ein av ni heldt på med universitets- og høgskuleutdanning i denne domslengdegruppa, noko som er likt med 2015-tala. Dei med dom over tre månader, men kortare enn tolv har denne gongen ein større del som tek del i vidaregåande opplæring (første og tredje år) enn kva vi har sett tidlegare.

Sidan 2012-underskinga har vi spurt om kor langt i soninga dei innsette var komne på undersøkingstidspunktet. Kategoriane var kortare enn tredjeparten, mellom tredjeparten og to tredjepartar eller meir enn to tredjepartar. Dei kunne òg krysse av for om dei nettopp hadde starta soninga. Bakgrunnen for å ha denne presisjonen er at start og slutt på soning nesten alltid inneber ein usikker og ny situasjon for dei innsette. Dette gjev grunn for å stille oss to spørsmål: er det slik at den stigande tendensen til undervisingsdeltaking i fengsla følgjer domslengda (tilnærma) lineært? Og kan ein med kunnskap om kvar i soningsløpet den innsette er gje svar på om det er større eller mindre sjanse for at vedkommande tek del i utdanning og opplæring i fengslet? Vi ser nærare på det i tabell IV.5.

**Tabell IV.5. Prosent innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet etter kor langt dei var komne i soningsløpet (utan innsette i varetekt før dom).**

| | Nettopp starta soninga | Kortare enn tredjeparten | Mellom ein og to tredjepartar | Over to tredjepartar |
|---|---|---|---|---|
| | | | | |
| **2012** | 32,8 | 57,2 | 64,0 | 51,1 |
| **2015** | 26,9 | 48,4 | 50,1 | 33,9 |
| **2021** | 30,2 | 53,1 | 56,9 | 40,2 |

Dei innsette fekk ingen definisjon av kva det vil seie å nettopp ha starta soninga. Det subjektive er det sentrale og vi reknar med at uansett vil det vere kortare tid enn ein tredel. Ein eventuell variasjon i oppfatninga av dette kan òg vere relatert til kor lang soningstid dei har framfor seg.

For alle tre undersøkingane gjeld det at opplærings- og undervisningsdeltakinga er størst for dei som har sona meir enn tredjeparten, men kortare enn to tredjepartar, vel og merke utan at aktivitetsnivået elles kan reknast for å vere særleg lågt. Sidan 2012 har vi hatt litt meir detaljert informasjon om kor lang dom dei innsette sonar (jf. tabell IV.4). Vi kan derfor sjå kva eventuelt mønster som har gjort seg gjeldande i dei tre undersøkingane med data om dette. Dette blir vist i figur IV.1a. Som vi såg hadde alle innsette under eitt ein relativt stor opplæringsaktivitet i 2012 (tabell IV.1); noko lågare i 2015, men høgare att i 2021-undersøkinga.

Figur IV.1a viser at denne aktiviteten auka tilnærma lineært fram til å ha ein dom på mellom fire og fem år. Då flatar aktiviteten anten litt ut (i 2015 og 2021) for så å falle for dei som har ein dom på sju til åtte år. Reduksjonen i opplæringsaktiviteten for denne gruppa var særleg stor i 2012. Aktiviteten steig så litt att hos dei med lengre dommar enn det.




**Figur IV.1a. Prosent innsette som heldt på med utdanning og opplæring i fengslet og domslengde.**

Vi har inga fullgod forklaring på kvifor dette fallet i opplæringsaktivitet er å sjå i alle tre undersøkingane, ved akkurat denne oppgitte domslengda. Litt av svaret finn vi kanskje i figur IV.1b.

Blant innsette med ein dom på sju til åtte år har det i alle tre undersøkingane vore ein lågare del innsette som har sona meir enn tredjeparten av dommen, men kortare enn to tredjepartar. Som vi såg i tabell IV.5 så er det i denne fasen at størst del av dei innsette tek del i utdanings- og opplæringsaktivitet. Kvifor dette gjeld akkurat denne domslengdegruppa i alle tre undersøkingane har vi ikkje noko godt svar på.




**Figur IV.1b. Prosent innsette som var mellom 1/3 og 2/3 i soningsløpet og domslengde.**

Har tryggingsnivået som dei innsette sonar under noko å seie for undervisingsaktiviteten i fengslet? I tidlegare undersøkingar har vi registrert at det stort sett har vore likt mellom høgt og lågt tryggingsnivå (dette er ikkje vist i tabell). I 2015 såg vi likevel at ein litt større del innsette under høgt tryggingsnivå heldt på med vidaregåande opplæring første år, og at prosentdelen som tok universitets- og høgskuleutdanning på høgt tryggingsnivå var litt lågare enn på lågt tryggingsnivå. I 2021-undersøkinga ser vi litt større skilnad. Prosentdelen som ikkje tok del er den same, men kva dei tok er derimot ulikt. Ein dobbel så stor del på høgt tryggingsnivå (20,2 prosent) tok vidaregåande opplæring første og andre år samanlikna med lågt nivå (9,9 prosent). Det var så ein litt større del som tok universitets- eller høgskuleutdanning på lågt tryggingsnivå (7,8 mot 3,4 prosent).

Også i 2021-undersøkinga spurde vi dei innsette om kor lang tid dei brukte på opplærings- eller utdanningsaktivitet under soninga. Tabell IV.6 viser fordelinga av dette i prosent, i dei timekategoriane som vart brukt i spørjeskjemaet.

I 2015 gjekk det fram at tal timar brukt på opplæring eller utdanning steig med lengda på dommen, men dette er ikkje like klart i 2021-undersøkinga. I underkant av ti prosent av innsette i den kortaste domsgruppa brukte over 25 timar pr. veke på utdanning og opplæring i både 2015 og 2021. I 2015 var det meir enn kvar tredje innsett med dei lengste dommane som brukte så mykje tid på opplæring; i 2021 gjaldt det i overkant av tjue prosent. Vi ser òg ein klart lågare del i domslengdegruppa eitt til fem år som brukte meir enn 25 timar på opplæringsaktivitet i 2021 (12,9 prosent) samanlikna med i 2015 (25,5 prosent).

**Tabell IV.6. Tid brukt på opplæringsaktivitet pr. veke. Prosent* berre av dei som heldt på med utdanning eller opplæring fengslet.**

| | Soningslengd | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Under 3 mnd | | 3 til 12 mnd | | 1 til 5 år | | Over 5 år | | Totalt | |
| Pr. veke | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 |
| 1 til 6 timar | 50,0 | 63,6 | 36,3 | 33,3 | 28,2 | 29,7 | 27,9 | 33,3 | 31,9 | 32,7 |
| 7 til 15 timar | 25,0 | 18,2 | 27,4 | 37,5 | 26,4 | 32,9 | 22,5 | 29,2 | 25,7 | 32,1 |
| 16 til 25 timar | 16,7 | 9,1 | 20,0 | 20,8 | 19,9 | 24,5 | 11,7 | 15,8 | 17,9 | 20,4 |
| Over 25 timar | 8,3 | 9,1 | 16,3 | 8,3 | 25,5 | 12,9 | 37,8 | 21,7 | 24,5 | 14,8 |
| (N) = 100 % | (36) | (11) | (135) | (72) | (216) | (155) | (111) | (120) | (498) | (358) |

* Dels lågt og varierande prosentueringsgrunnlag

Omtrent fjerdeparten av dei innsette brukte meir enn 25 timar pr. veke til opplæringsaktivitet i 2015; i 2021 var dette redusert til kvar sjuande innsett.

# Rett til opplæring

Det er sentralt og viktig for Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland å ha kunnskap om kor stor del av dei innsette som har rett til opplæring, anten det er grunnskuleopplæring eller det som gjeld vidaregåande opplæring. Ifølgje opplæringslova fell rett til vidaregåande opplæring grovt sett inn i to grupper: dei som tar ut den ordinære retten som gjeld ut det skuleåret som tek til i det året som ein fyller 24 år (opplæringslova § 3-1); dei som er eldre enn det kan også få rett til opplæring dersom dei søkjer om det (§ 4A-3). I tillegg kan vaksne utan rett få opplæring, både som ordinær elev etter § 3-1 eller som *deltakar* (omgrepet for ein vaksen elev) etter § 4-3 dersom fylkeskommunen har ledig plass. I tillegg kjem det ein del rettsmoment knytt til dei som treng ekstra tid, t.d. spesialundervising. Vidare kan dei som har hatt avbrot søkje om framhald av retten. Året 1997 skil denne gongen (dvs. i 2021) kva rettsgruppe dei innsette høyrer til. Dei som ikkje har fullført grunnskulen har òg rett til å kunne få gjere det.

Tabell IV.7 viser kor stor del av dei innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet ut frå kva dei allereie hadde fullført, delt inn etter om dei er fødde i 1997 eller seinare, eller om dei er fødde før det.

For å ha rett til vidaregåande opplæring må ein ha fullført grunnskulen. Det kan vere at ein har rett til vidaregåande opplæring, men at ein ikkje brukar retten. Vi ser at dette gjeld omtrent ein like stor del i dei to aktuelle aldersgruppene, omtrent kvar femte innsett (20,8 prosent av dei med vaksenrett; 18,4 prosent av dei med ungdomsrett). Nær halvparten av innsette med ungdomsrett (46,9 prosent) hadde rett til vidaregåande opplæring, og dei heldt på med det då vi gjorde undersøkinga i 2021. Av dei som fell inn under vaksenretten var det 22,3 prosent innsette som tok vidaregåande opplæring under soning. Dei 20,8 prosentane som ikkje gjorde det kan søkje om vidaregåande opplæring. Med andre ord var det uansett alder 45,8 prosent (25,3 pluss 20,5 prosent) i 2021-undersøkinga som hadde rett til vidaregåande opplæring sidan det ikkje var fullført. Tilsvarande tal i 2015-undersøkinga var 59,7 prosent.

**Tabell IV.7. Prosent innsette med og utan rett til vidaregåande opplæring (vgo) etter når dei var fødde, delt inn etter opplæringsaktiviteten i fengslet. 2021.**

| Fødd når: | Inga fullført opplæring, tar ingenting i fengslet # | Inga fullført opplæring, tar grunnskule i fengslet | Har rett til vgo … ... og tar vgo i fengslet | Har rett til vgo … ... men tar ikkje vgo i fengslet | Har ikkje rett til vgo pga. fullført vgo | (N) = 100% |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **I 1997 el seinare** | 2,0 | 1,0 | 46,9 | 18,4 | 31,6 | **(98)** |
| **Før 1997** | 3,1 | 0,9 | 22,3 | 20,8* | 52,9 | **(703)** |
| **Alle** | 3,0 | 0,9 | 25,3 | 20,5 | 50,3 | **(801)** |

# «…tar ingenting i fengslet»: innsette tar ikkje del i grunnskule eller vidaregåande opplæring.

* Desse har rett til vgo under føresetnad av at dei søkjer om og får slik godkjenning, jf. opplæringslova, § 4A-3.

## Estimat

Dersom vi reknar dette om til estimat som skal gjelde *heile* den aktuelle innsettpopulasjonen (berre norske) på undersøkingstidspunkta, så var det altså 989 norske mannlege innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring (45,8 prosent av 2 159, gjennomsnittstalet innsette i vekene 11 og 15). Av desse var det så 443 innsette som hadde rett til vidaregåande opplæring, men som *ikkje* brukte retten eller som ikkje hadde søkt om han (estimert ut frå 20,5 prosent av 2 159). Blant dei 443 innsette som slik sett er rekna ut til å ha rett til vidaregåande opplæring, men utan å bruke han, var det 49 innsette i alderen 18 til 24 år (ungdomsrett); resten høyrde til dei med vaksenrett som ikkje brukte han. I tillegg må ein ta med at innsette som ikkje har fullført grunnskulen vil kunne få rett til vidaregåande opplæring når han er fullført.

# Har rett, brukar han ikkje

Kva kjenneteiknar dei som har rett til opplæring, men som ikkje nyttar han medan dei sonar og kva eventuelle hinder gjev desse uttrykk for? Vi inkluderer både dei med rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring her. Dei innsette sine vurderingar av evner og eventuelle lærevanskar er sentralt å få kasta lys over her, i tillegg til opplysningar om diagnosar som dei eventuelt har (sjå elles kapitla VI og VII for nærare omtale av dette). Dette samanliknar vi så med dei som heldt på med utdanning eller opplæring (og som har rett til det). I tillegg delar vi desse to gruppene inn etter kva rettsgruppe dei sorterer under, ungdomsretten eller vaksenretten. Tabell IV.8 viser fordelingane.

**Tabell IV.8. Rett til opplæring i fengsel og bruk av retten: Innsette sine eigenvurderingar av evner i lesing, skriving, rekning, IKT og munnleg delt etter ungdomsrett og vaksenrett. Prosentdel som sa seg 'svak' eller 'svært svak'. 2021.**

| | Svak eller svært svak i: | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Lesing | Skriving | Rekning | IKT | Munnleg |
| **Ungdomsrett** | | | | | |
| Ingen utd./oppl. i fengsel | 16,7 | 11,1 | 23,1 | 22,2 | 11,2 |
| Tar utd./oppl. i fengsel | 6,4 | 6,4 | 14,9 | 12,7 | 6,4 |
| **Vaksenrett** | | | | | |
| Ingen utd./oppl. i fengsel | 16,7 | 19,4 | 40,3 | 33,4 | 10,0 |
| Tar utd./oppl. i fengsel | 9,8 | 16,6 | 27,8 | 22,3 | 6,8 |

Utan unntak er det slik at blant dei som har rett, men som ikkje nyttar han, er det ein klart større del som sjølve vurderer seg som 'svak' eller 'svært svak' innan dei fem områda, lesing, skriving, rekning, IKT eller munnleg samanlikna med dei som har rett og deltek i opplæring. Blant dei som ikkje nyttar ungdomsretten er det nær meir enn dobbelt så stor del som seier at dei er 'svake' eller 'svært svake' samanlikna med dei som nyttar han, t.d. i lesing, og nær dobbelt så stor del i dei fire andre områda som seier så. Skilnaden blant dei med vaksenrett er ikkje like stor. Det er likevel slik at dei som opplyser å vere 'svake' eller 'svært svake' utgjer ein større del blant dei som ikkje er i opplæring kontra dei andre også der, og skilnaden er størst mellom dei to gruppene i rekning og ikt-bruk.

Tilsvarande systematikk ser vi når det gjeld å ha diagnosane dysleksi, dyskalkuli eller ADHD (tabell IV.9). Blant dei som ikkje nyttar ungdomsretten er det tre gonger så mange med diagnosen dysleksi og meir enn dobbelt så stor del med ADHD-diagnose. Igjen er det slik at skilnaden er noko mindre blant dei med vaksenrett som ikkje brukar han kontra dei som gjer det. Størst skilnad finn vi her i det å ha diagnosen ADHD.

**Tabell IV.9. Rett til opplæring i fengsel og bruk av retten: Prosentdel med diagnosane dysleksi, dyskalkuli og ADHD, delt opp for dei med ungdomsrett og vaksenrett. 2021.**

| | Diagnose som barn eller vaksen: | | |
|---|---|---|---|
| | Dysleksi | Dyskalkuli | ADHD |
| **Ungdomsrett** | | | |
| Ingen utd./oppl. i fengsel | 36,8 | 10,5 | 55,6 |
| Tar utd./oppl. i fengsel | 12,8 | 6,4 | 23,4 |
| **Vaksenrett** | | | |
| Ingen utd./oppl. i fengsel | 32,1 | 13,0 | 34,5 |
| Tar utd./oppl. i fengsel | 30,1 | 10,2 | 26,7 |

Vi må vidare ta høgde for at nokre av dei som ikkje brukar retten heller ikkje vil ha meir utdanning og opplæring enn kva dei allereie har og at det er nokon som aller helst vil arbeide, dvs. ta del i arbeidsdrifta, eller det kan vere andre årsaker til at dei innsette, som har rett til opplæring, ikkje tek del. Innsette i undersøkinga som ikkje tok del i opplæringsaktivitet eller anna utdanning fekk seg førelagt ei liste på 22 utsegner som dei skulle gje uttrykk for stemte eller ikkje som grunn for ikkje å ta del i utdanning eller opplæring. I tabell IV.10 viser vi dei sju utsegnene som oftast var oppgitt til å 'stemmer helt' eller 'stemmer godt' (slått i hop), delt opp for dei med vaksenrett og ungdomsrett.

Tre utsegner er nemnde som 'stemmer helt' eller 'stemmer godt' av over halvparten av dei innsette som ikkje deltok i opplæring, nemleg det at ein ikkje får nok informasjon (gjeld dei med ungdomsrett), at ein heller vil jobbe og at det er mangelfull tilgang på ikt-utstyr (gjeld dei med vaksenrett). Det at ein rett og slett ikkje er interessert er nemnt av kvar fjerde.

**Tabell IV.10. Innsette som ikkje tar del opplæring og utdanning i fengslet, men som ha rett til det: Prosent som sa at utvalte utsegner 'stemmer helt' eller 'stemmer godt'. (Rangert for dei med ungdomsrett.) 2021.**

| Tar ikkje del i utdanning/opplæring fordi: | Ungdomsrett | Vaksenrett |
|---|---|---|
| Får ikkje nok informasjon | 56,3 | 35,6 |
| Vil heller jobbe | 43,8 | 51,2 |
| Straffegjennomføringa blir avslutta før utdanninga er gjennomført | 38,9 | 32,8 |
| Mangelfull tilgang på programvare og internett | 37,5 | 52,6 |
| Ingen interessante tilbod | 31,3 | 32,5 |
| Ventar på plass | 31,3 | 44,8 |
| Er ikkje interessert | 25,1 | 24,8 |

Pandemien i 2021 kan ha gjort til at ein så pass stor del opplevde å ikkje få nok informasjon om utdanning og opplæring sidan ikkje ein gong skulane som driv opplæringa kom til i fengsla. Det at straffegjennomføringa blir avslutta før utdanninga er over er eit moment som vi har sett i fleire av undersøkingane som tidlegare er gjort. Delvis er dette i størst grad ei oppleving for innsette med dei kortaste dommane, og med det ei utfordring for kriminalomsorga å bidra til at innsette blir ført vidare i utdanning etter at dei er lauslatne. Det er elles å merke seg at ein så pass stor del av dei med vaksenrett ventar på å få plass (44,8 prosent), nokon meir enn dei med ungdomsrett. Mangel på eller mangelfull ikt-utstyr er òg eit moment som har blitt trekt fram av innsette i fleire av undersøkingane som tidlegare er gjort.

# Andre aktivitetar i fengsel

I tillegg til å opplyse om kor mykje opplærings- og utdanningsaktivitet dei innsette tok del i, bad vi dei innsette om å opplyse om kor mange timar dei brukte til jobb- eller arbeidsdrift, programaktivitet eller andre dagtidsaktivitetar. Her gjeld dei same timekategoriane som vart brukte for utdanningsaktivitet. I tabell IV.11 er òg prosentdelen som ikkje heldt på med den aktuelle aktiviteten tatt med (sjå elles tabellnote).

Prosentdel innsette på programaktivitet er omtrent identisk i dei to aktuelle åra og dreia seg i dei fleste tilfella om inntil seks timar i veka. Knapt seksti prosent av dei innsette var i arbeid i fengslet, lågare del enn i 2015; for knapt fjerdeparten dreidde dette seg om meir enn 25 timar i veka (23,7 prosent).

**Tabell IV.11. Tid brukt på tre aktivitetstypar pr. veke. Prosenttal.**

| Tid brukt pr. veke | Arbeidsdrift | | Program | | Annan aktivitet | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 |
| Deltar ikkje | 29,8 | 41,3 | 88,6 | 88,7 | 67,4 | 69,7 |
| 1 til 6 timar | 12,6 | 11,2 | 9,7 | 9,9 | 20,6 | 19,5 |
| 7 til 15 timar | 13,5 | 12,2 | 1,2 | 0,7 | 8,5 | 7,2 |
| 16 til 25 timar | 11,8 | 11,6 | 0,2 | 0,4 | 1,4 | 2,1 |
| Over 25 timar | 32,2 | 23,7 | 0,3 | 0,4 | 2,1 | 1,6 |
| **(N)* =100 %** | **(1 344)** | **(811)** | **(1 344)** | **(811)** | **(1 344)** | **(811)** |

* Dersom dei innsette ikkje hadde markert av for alle aktivitetane (inkludert 'Deltar ikke'), men berre ein eller to, tar vi for gitt at det skal vere 'Deltar ikke' på den som ikkje er markert (sjå spørjeskjemaet). Derfor er prosentueringsgrunnlaget heilt likt i alle tre tilfella.

I begge undersøkingane ser vi at det er litt over tretti prosent som opplyste om deltaking i annan aktivitet. Denne kategorien gav rom for at innsette kunne ta med aktivitet som dei sjølve fann relevant, men som ikkje passar inn i det som er avgrensa til arbeid, utdanning eller program. (Sjå elles tabell IV.6 tidlegare i dette kapitlet når det gjeld timebruk og utdanningsaktivitet.)

Det er ikkje nødvendigvis slik at dei innsette berre heldt på med *ein* type aktivitet i fengslet. Det å ta del i både arbeid og utdanning er den mest vanlege kombinasjonen. I 2012-undersøkinga såg vi at 54,6 prosent av dei innsette gav uttrykk for at dei aller helst *ville* kombinere dei to typane aktivitet. Dette spørsmålet har ikkje vore med i dei seinare undersøkinga. Ved å kople opplysningane om aktivitet kan vi sjå at omtrent ein av fire (mannlege) innsette i både 2015 og i 2021 (25,3 og 23,9 prosent) kombinerte utdanning og arbeid under soning.

# Oppleving av utdanning og rådgjeving i fengslet

Korleis opplever dei innsette som held på med utdanning og opplæring i fengslet dette? Dette vart kartlagt med ei generell utsegn som dei innsette skulle ta stilling til. Resultata for det generelle spørsmål frå dei fire undersøkingane dette var med i finn ein i tabell IV.12. Dei innsette kunne gje sine synspunkt på ein fempunktsskala frå 'helt uenig' til 'helt enig'. Vi har sett utsegnene i samanheng med den utdanninga eller opplæringa dei innsette heldt på med i fengslet. Vi viser berre prosentane som uttrykkjer ekstremverdiane (haldningane), dvs. 'helt enig' eller 'helt uenig' når det gjeld undersøkingane i 2009 og 2012.

**Tabell IV.12. Innsette si oppleving av utdanninga eller opplæringa i fengslet etter kva utdannings- eller opplæringsaktivitet som dei heldt på med. Dei innsette sine opplevingar av kva smittevernet skapte av hinder. Prosent.**

| | | | Grunn-skule* | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Høgare utd. | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Eg er nøgd med opplæringa* | **2009** | Heilt samd | 38,9 | 48,2 | 48,8 | 57,6 | 30,6 | 40,9 |
| | | Heilt usamd | 0,0 | 3,5 | 2,4 | 3,0 | 28,6 | 11,3 |
| | **2012** | Heilt samd | 27,3 | 54,0 | 55,6 | 52,7 | 29,3 | 41,9 |
| | | Heilt usamd | 13,6 | 3,0 | 2,5 | 4,0 | 10,3 | 6,3 |
| | **2015** | Heilt samd | 54,5 | 55,5 | 49,0 | 47,1 | 20,0 | 34,8 |
| | | Heilt usamd | 0,0 | 2,7 | 5,9 | 1,7 | 22,2 | 8,2 |
| | **2021** | Heilt samd | 40,0 | 55,7 | 43,3 | 50,9 | 22,5 | 43,9 |
| | | Litt samd | 20,0 | 31,1 | 29,9 | 31,9 | 37,5 | 22,8 |
| | | Usikker | 20,0 | 9,8 | 13,4 | 6,0 | 12,5 | 10,5 |
| | | Litt usamd | 0,0 | 3,3 | 7,5 | 8,6 | 12,5 | 10,5 |
| | | Heilt usamd | 20,0 | 0,0 | 6,0 | 2,6 | 15,0 | 12,3 |
| | | | | | | | | |
| *Smittevernet har lagt hinder for opplæringa* | **2021** | Heilt samd | 75,0 | 39,3 | 34,4 | 38,1 | 38,5 | 33,9 |
| | | Litt samd | 25,0 | 35,7 | 24,6 | 36,3 | 35,9 | 19,6 |
| | | Usikker | 0,0 | 16,1 | 13,1 | 12,4 | 5,1 | 19,6 |
| | | Litt usamd | 0,0 | 0,0 | 14,8 | 6,2 | 10,3 | 8,9 |
| | | Heilt usamd | 0,0 | 8,9 | 13,1 | 7,1 | 10,3 | 17,9 |

* Svært lågt prosentueringsgrunnlag

Det er konsekvent slik at innsette som er eller var i gang med høgare utdanning under soninga gir ei meir negativ vurdering enn dei i vidaregåande opplæring, med eit unntak for dei som hadde grunnskuleopplæring i 2012 og 2021. Det mest overraskande er kanskje at pandemiåret 2021 ikkje skil seg særleg frå dei tre andre undersøkingsåra. Det var nemleg slik at pandemien skapte ein del vanskar for utdanning og opplæring i fengsla. For å få kartlagt dei innsette si oppleving av det som var mest konkret då, nemleg smittevernet, vart det lagt til ei utsegn som dei innsette også skulle ta stilling til, vist i same tabell. Jamt over er det meir enn femti prosent av dei innsette som sa at smittevernet la hinder for opplæringa, minst for dei som opplyser at dei tok del i annan kursaktivitet.

I tidlegare undersøkingar har vi sett at dei innsette sine vurderingar av opplæringa er nokså like på lågt eller høgt tryggingsnivå (ikkje vist i tabell). Dette endra seg litt i 2021-undersøkinga. Det var ein større del som sona på lågt tryggingsnivå som sa seg 'helt uenig' i at dei var nøgde med opplæringa (9,5 prosent mot 4,2 på høgt tryggingsnivå). På høgt tryggingsnivå var det fire av ti som meinte at smittevernet hadde lagt hinder for opplæring; dette gjaldt tre av ti på lågt tryggingsnivå.

**Tabell IV.13. Innsette si oppleving av rådgjevinga i fengslet etter kva utdanningsaktivitet dei heldt på med. Prosent.**

| | | | Deltar ikkje | Grunn-skule # | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Høgare utd. | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Eg får den råd-gjevinga som eg treng* | **2012** | Heilt samd | * | 36,8 | 45,8 | 40,7 | 46,3 | 30,4 | 41,5 |
| | | Heilt usamd | * | 15,8 | 5,2 | 6,2 | 5,4 | 12,5 | 6,0 |
| | | | | | | | | | |
| | **2015** | Heilt samd | 21,2 | 40,0 | 47,4 | 46,3 | 39,9 | 28,3 | 28,3 |
| | | Litt samd | 18,4 | 26,7 | 28,4 | 30,6 | 33,6 | 26,4 | 27,8 |
| | | Usikker | 25,2 | 13,3 | 10,3 | 7,4 | 11,2 | 11,3 | 17,8 |
| | | Litt usamd | 11,5 | 13,3 | 10,3 | 8,3 | 11,9 | 15,1 | 10,6 |
| | | Heilt usamd | 23,7 | 6,7 | 3,4 | 7,4 | 2,4 | 18,9 | 15,6 |
| | | | | | | | | | |
| | **2021** | Heilt samd | 24,4 | 16,7 | 45,2 | 29,0 | 49,2 | 19,5 | 31,5 |
| | | Litt samd | 15,6 | 16,7 | 27,4 | 36,2 | 25,4 | 36,3 | 26,0 |
| | | Usikker | 27,5 | 50,0 | 17,7 | 21,7 | 11,9 | 9,8 | 19,2 |
| | | Litt usamd | 10,3 | 0 | 3,2 | 5,8 | 8,7 | 19,5 | 9,5 |
| | | Heilt usamd | 22,2 | 16,7 | 6,5 | 7,2 | 4,8 | 14,6 | 15,0 |

* Berre stilt til dei som heldt på med utdanning eller opplæring under soning; # lågt prosentueringsgrunnlag.

Får dei innsette den rettleiinga som dei treng, slik dei sjølve ser det? Dette spørsmålet (dvs. den generelle utsegna, 'Jeg får den rådgivningen som jeg trenger') var gitt til *alle* innsette i 2015 og 2021, men berre dei som heldt på med opplæring i fengslet i 2012. Derfor har tabell IV.13 også med ein kolonne for dei innsette som ikkje tok del i utdanning og opplæring, som ikkje var relevant i 2012-undersøkinga.

I 2015 kunne vi sjå at situasjonen for dei som ikkje tok del i utdanning eller opplæring var svært så delt. Omtrent ein av fem sa at dei vart heilt samde i at dei fekk den rådgjevinga som dei trengde; ein omtrent like stor del sa at dei ikkje fekk det. Dette endra seg ikkje i særleg i 2021-undersøkinga; prosentsatsane er nokså like.

Jamt over har prosentsatsane for heilt usamd eller heilt samd vore like, men med ein litt lågare prosent heilt samde i 2021 for dei på vidaregåande opplæring andre år. Av dei som heldt på med høgare utdanning i fengslet har prosentdelen som sa seg heilt samde i at dei fekk den rådgjevinga som dei trengde falle kvart år sidan 2012, til 19,5 prosent i 2021. I vurderinga av rådgjevinga var innsette på høgt og lågt tryggingsnivå like i 2021 (ikkje vist i tabell).

# Planar etter soning

Kva planar har så dei innsette etter soning når det gjeld arbeid og utdanning? Finst det systematiske samanhengar mellom det og kva aktivitet eller kombinasjonar av aktivitet dei hadde i fengslet? Aktivitetane som dei innsette heldt på med kan òg vere bestemt av kva soningsforhold dei har. Spørsmålet vi då stiller oss er om planar og aktivitet også heng i hop med kva tryggingsnivå dei innsette sonar under. La oss først sjå på kva planar dei innsette hadde og om korleis dette fordeler seg etter type aktivitet dei hadde under soning.

Vi samanliknar 2021-tala med undersøkinga av dette i 2015, i tabell IV.14. Måten vi gjer dette på er å dele dei innsette inn etter om dei heldt på med opplæring eller arbeid i fengslet, om dei heldt på med begge delar, eller om dei ikkje heldt på med desse to aktivitetane.

Kvar niande innsett sa at dei ikkje hadde nokre planar etter soning (totalkolonnen). Denne delen har vore stabil så lenge vi har stilt spørsmålet, og det endra seg heller ikkje i særleg grad i 2021. Kvar tredje ville halde fram i yrket eller jobben; det var slik i 2015 òg. Det er ein klart større del innsette i 2021 som sa at dei vil halde fram med utdanning eller opplæring (25,5 prosent) enn i 2015 (15,6 prosent), og ein litt lågare del som ville ta til på utdanning eller opplæring og skaffe seg jobb i 2021.

Når vi så delar dei innsette inn etter aktivitetskategoriane som vi har gjort greie for, endrar prosentdelen som ikkje hadde planar etter soning seg mykje. Heile 28 prosent av innsette som ikkje heldt på med nokon av dei to her aktuelle aktivitetane, hadde ingen planar etter soninga i 2015-undersøkinga; i 2021 var det rettnok ein litt lågare del at dette gjaldt (20,7 prosent).

**Tabell IV.14. Dei innsette sine planar etter soning etter om dei heldt på med arbeid, opplæring eller begge delar i fengslet. Prosent.**

| | Aktivitet i fengslet | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Ikkje arb/utd | | Arbeid | | Oppl./utd. | | Begge delar | | Totalt | |
| **Planar** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** |
| Har ingen planar | 28,0 | 20,7 | 10,9 | 17,3 | 5,3 | 5,5 | 5,0 | 4,6 | 11,3 | 11,6 |
| Halde fram jobb/yrke | 23,3 | 34,5 | 40,2 | 45,0 | 19,9 | 12,0 | 36,3 | 29,9 | 33,7 | 31,0 |
| Halde fram utd./oppl. | 8,3 | 10,3 | 5,6 | 5,4 | 39,2 | 54,0 | 24,6 | 32,0 | 15,6 | 25,5 |
| Ta til på utd./oppl. | 14,5 | 9,5 | 9,8 | 6,9 | 7,6 | 5,5 | 7,6 | 5,7 | 9,7 | 6,6 |
| Skaffe meg jobb | 25,9 | 25,0 | 33,5 | 25,4 | 28,1 | 23,0 | 26,5 | 27,8 | 29,8 | 25,3 |
| **(N)=100 %** | **(193)** | **(116)** | **(552)** | **(260)** | **(171)** | **(200)** | **(317)** | **(194)** | **(1233)** | **(770)** |

Prosentdel innsette som ikkje hadde planar av dei som var i arbeidsdrift i fengslet auka til 17,3 prosent i 2021. Minst endring i planar mellom dei to åra er det blant innsette som heldt på med *både* utdanning og arbeid.

Innsette på høgt og lågt tryggingsnivå skil seg litt når det gjeld planar etter soning i 2021-undersøkinga, først og fremst gjeld det å halde fram yrket som ein eventuelt har (ikkje vists i tabell). Blant dei på høgt tryggingsnivå er det 26,8 prosent som gav uttrykk for at dei vil det; 35,9 prosent av dei på lågt nivå sa det same. Vidare skil innsette på dei to nivåa seg både når det gjeld å halde fram utdanning som er starta (22,1 prosent på lågt nivå; 26,2 på høgt) eller det å ta til på utdanning (4,1 prosent på lågt nivå; 7,8 på høgt).

# V. Utdanningsønske

Dei innsette sine eventuelle utdaningsønske har blitt kartlagt på same måten sidan 2009-undersøkinga. Vi har sett at sjølve opplæringsaktiviteten i fengslet heng saman med kor lang dom dei innsette har, men òg delvis med både domsgrunnlaget og alderen. I dette kapitlet ser vi nærare på korleis ønska deira samvarierer med dei nemnde variablane. Her òg er det slik at innsette i varetekt kan vere i spesielt vanskeleg situasjon når det gjeld å gje realistiske utdanningsønske i fengslet.

## Ønske under soning

Av alle innsette var det nesten fire av fem (78,4 prosent, tabell V.1) som ønskte seg utdanning eller opplæring i fengslet i 2021-undersøkinga (72,9 prosent ønskte det i 2015).

**Tabell V.1. Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter domsgrunnlag. Prosenttal.**

| Fengslings-grunnlag | År | Ingen ønske | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Univ./ høgskule | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Dom** | 2009 | 35,0 | 2,1 | 11,4 | 5,6 | 8,1 | - | 11,1 | 26,7 |
| | 2012 | 19,9 | 1,7 | 4,9 | 7,5 | 20,8 | 3,7 | 14,1 | 27,5 |
| | 2015 | 28,8 | 1,3 | 6,5 | 6,8 | 20,6 | 3,0 | 10,0 | 23,2 |
| | 2021 | 22,2 | 1,3 | 4,5 | 6,8 | 23,8 | 3,5 | 15,8 | 21,9 |
| Forvaring | 2009 | 11,8 | 0 | 17,6 | 5,9 | 5,9 | - | 23,5 | 35,3 |
| | 2012 | 23,1 | 3,8 | 3,8 | 7,7 | 19,2 | 3,8 | 30,8 | 7,7 |
| | 2015 | 7,4 | 3,7 | 7,4 | 14,8 | 22,2 | 3,7 | 22,2 | 18,5 |
| | 2021 | 13,6 | 0 | 0 | 9,1 | 18,2 | 4,5 | 40,9 | 13,6 |
| Varetekt før dom# | 2009 | 22,0 | 3,1 | 21,4 | 8,2 | 6,9 | - | 14,5 | 23,9 |
| | 2012 | 13,0 | 1,6 | 6,5 | 6,5 | 26,8 | 6,5 | 13,0 | 26,0 |
| | 2015 | 21,3 | 3,2 | 9,6 | 8,0 | 21,8 | 4,3 | 11,7 | 20,2 |
| | 2021 | 20,5 | 0 | 6,8 | 8,2 | 23,3 | 8,2 | 17,8 | 15,1 |
| Varetekt, anka dom# | 2009 | - | - | - | - | - | - | - | - |
| | 2012 | 16,2 | 2,7 | 8,1 | 5,4 | 32,4 | 0 | 21,6 | 13,5 |
| | 2015 | 17,0 | 0 | 2,1 | 14,9 | 34,0 | 8,5 | 10,6 | 12,8 |
| | 2021 | 23,1 | 0 | 7,7 | 0 | 30,8 | 7,7 | 23,1 | 7,7 |
| | | | | | | | | | |
| Alle | 2021 | 21,6 | 1,1 | 4,5 | 7,0 | 23,6 | 4,0 | 17,5 | 20,7 |

* Ikkje spesifisert før i 2012; **dei som sonar bøter er inkluderte her (gjeld i 2009, 2012 og 2015); # før 2012 vart det ikkje skilt på type varetekt.

Vi har konstatert at 6,2 prosent av innsette som heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet likevel gav uttrykk for at dei *ikkje* ønskte det i 2021 (ikkje vist i tabell).

Prosentdelen som ikkje ønskte seg utdanning i fengslet gjekk opp i 2015 blant dei som sat med dom (28,8 prosent), men var klart lågare i 2021 (22,2 prosent). Varetektsinnsette (uansett type varetekt) har sidan 2012 vist relativ høg interesse for å fullføre vidaregåande opplæring. Det å ikkje ha ønske om utdanning har variert mellom undersøkingstidspunkta for denne gruppa. Innsette i forvaring har i alle fire undersøkingane hatt den største delen som har ønska seg høgskule- eller universitetsutdanning. Det har i tidlegare undersøkingar vore få personar i forvaring, noko som kan gje store utslag i prosenttala. Det må også nemnast at av dei som ønskte seg vidaregåande opplæring var det sju av ti (70,9 prosent) som ville ha yrkesfaglege program i fengslet, resten ville ha studieførebuande program. Tilsvarande tal for yrkesfaglege program i 2015 var nokså likt, nemleg 66,0 prosent.

**Tabell V.2. Innsette sine utdanningsønske i fengslet etter lengda på dommen (utan innsette i varetekt utan dom). Prosenttal.**

| Domslengd | År | Ingen ønske | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Univ./ høgskule | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Under 3 md. | 2009 | 51,8 | 0,7 | 6,1 | 2,5 | 3,2 | - | 3,6 | 32,0 |
| | 2012 | 33,0 | 0,5 | 2,7 | 3,8 | 12,6 | 1,6 | 4,4 | 41,2 |
| | 2015 | 53,2 | 1,0 | 6,0 | 1,5 | 10,4 | 1,0 | 2,0 | 24,9 |
| | 2021 | 47,0 | 0 | 6,1 | 3,0 | 6,1 | 1,5 | 3,0 | 33,3 |
| 3 til 12 md. | 2009 | 39,5 | 2,0 | 15,8 | 4,7 | 5,3 | - | 3,5 | 29,2 |
| | 2012 | 22,9 | 1,4 | 7,7 | 9,1 | 21,2 | 1,9 | 6,3 | 29,5 |
| | 2015 | 30,7 | 1,3 | 6,2 | 8,5 | 17,3 | 2,3 | 3,6 | 30,0 |
| | 2021 | 30,9 | 1,9 | 7,4 | 5,6 | 16,7 | 1,2 | 9,9 | 26,5 |
| 1 til 5 år | 2009 | 26,7 | 3,4 | 10,9 | 8,0 | 12,9 | - | 14,1 | 23,9 |
| | 2012 | 14,7 | 2,6 | 5,0 | 9,2 | 23,9 | 5,0 | 15,7 | 23,9 |
| | 2015 | 20,9 | 1,3 | 7,3 | 8,0 | 24,9 | 4,1 | 13,8 | 19,8 |
| | 2021 | 16,6 | 1,4 | 4,2 | 8,8 | 27,6 | 3,5 | 16,6 | 21,2 |
| Meir enn 5 år | 2009 | 9,3 | 1,3 | 13,9 | 7,9 | 13,2 | - | 37,1 | 17,2 |
| | 2012 | 9,9 | 2,3 | 1,2 | 4,1 | 24,6 | 5,8 | 41,5 | 10,5 |
| | 2015 | 10,4 | 1,6 | 5,5 | 7,7 | 31,3 | 4,4 | 25,8 | 13,2 |
| | 2021 | 12,3 | 0,5 | 1,1 | 7,0 | 28,9 | 5,3 | 31,6 | 13,4 |
| | | | | | | | | | |
| Alle | 2021 | 21,6 | 1,1 | 4,3 | 7,0 | 23,4 | 3,3 | 17,8 | 21,5 |

* Ikkje spesifisert før i 2012.

Vi har elles sett at lengda på dommen som dei innsette har, har konsekvensar for kor stor del som tek utdanning i fengsel. Situasjonen for dei som sit i varetekt utan dom er her vesentleg ulik det som gjeld for andre innsette. Dei har enno ikkje fått endeleg dom, og kan dømmast til varetekt for fire veker i gongen (i spesielle tilfelle kan ein få lengre varetektsdom). Tabell V.2 inkluderer såleis ikkje dei som sit i varetekt utan dom.

Lengda på dommen har også tidlegare vist seg å ha ein del å seie for kor stor del som ønskjer seg utdanning i fengslet, men der har vore variasjon mellom undersøkingane. I den lengste domskategorien har den delen som ikkje ønskjer seg opplæring eller utdanning auka litt i alle undersøkingane *etter* 2009 (frå 9,3 prosent til 12,3 prosent i 2021). Vi har sett relativt stabile tal når det gjeld ønske om vidaregåande opplæring i denne gruppa etter 2009, der mellom ein av fire og ein av tre har gitt uttrykk for slike ønske (vidaregåande tre år). Ønske om høgskule eller universitetsutdanning har òg vore klart størst i innsettegruppa med lengst dom, og ønske om kursaktivitet har vore lågast her i alle fire undersøkingane.

**Tabell V.3. Prosent innsette sitt utdanningsønske i fengslet etter aldersgrupper.**

| Alder | År | Ingen ønske | Grunn-skule | Vgo 1. år | Vgo 2. år | Vgo 3. år | Fag-skule* | Univ./høgskule | Kurs |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 18 til 24 år | 2009 | 34,0 | 3,0 | 19,1 | 10,6 | 8,5 | - | 6,0 | 18,7 |
| | 2012 | 16,9 | 0,5 | 11,7 | 17,8 | 28,2 | 2,3 | 4,7 | 17,8 |
| | 2015 | 21,1 | 2,3 | 12,4 | 18,8 | 32,1 | 1,4 | 4,6 | 7,3 |
| | 2021 | 13,3 | 2,0 | 7,1 | 19,4 | 35,7 | 3,1 | 10,2 | 9,2 |
| 25 til 34 år | 2009 | 29,5 | 1,4 | 16,5 | 6,0 | 9,5 | - | 13,7 | 23,3 |
| | 2012 | 12,2 | 2,7 | 5,1 | 6,4 | 27,7 | 3,7 | 20,9 | 21,3 |
| | 2015 | 21,9 | 1,2 | 8,3 | 8,5 | 25,1 | 4,1 | 11,4 | 19,5 |
| | 2021 | 12,9 | 0,8 | 5,6 | 8,5 | 35,9 | 3,2 | 18,1 | 14,9 |
| 35 til 44 år | 2009 | 31,9 | 3,2 | 10,3 | 4,3 | 7,5 | - | 14,1 | 28,7 |
| | 2012 | 18,5 | 1,7 | 3,4 | 5,8 | 20,5 | 5,5 | 18,5 | 26,0 |
| | 2015 | 25,0 | 1,7 | 4,7 | 3,9 | 20,3 | 3,1 | 11,9 | 29,4 |
| | 2021 | 19,4 | 0,6 | 4,4 | 6,1 | 22,2 | 4,4 | 23,3 | 19,4 |
| Over 44 år | 2009 | 38,6 | 1,5 | 4,1 | 4,1 | 5,6 | - | 10,1 | 36,0 |
| | 2012 | 29,3 | 2,2 | 2,6 | 0,4 | 6,9 | 4,3 | 15,5 | 38,8 |
| | 2015 | 38,3 | 1,3 | 3,9 | 2,6 | 11,3 | 3,7 | 11,3 | 27,6 |
| | 2021 | 33,7 | 1,5 | 2,6 | 2,2 | 10,3 | 5,1 | 14,7 | 30,0 |
| | | | | | | | | | |
| Alle | 2021 | 21,6 | 1,1 | 4,5 | 7,0 | 23,6 | 4,0 | 17,5 | 20,7 |

Korleis skil utdanningsønska i fengslet seg når det gjeld dei innsette sin alder? Vi brukar dei same alderskategoriane som tidlegare, og ser nærare på dette i tabell V.3.

Dess eldre dei innsette er, dess større er prosentdelen som ikkje ønskjer seg utdanning eller opplæring i fengslet, framleis med same nyansen som i 2015. Prosentdelen i dei to yngste aldersgruppene som ikkje ønskte seg opplæring i fengslet var nær identisk i 2015, slik også i 2021-undersøkinga. Prosentdelen som ikkje ønskte seg utdanning eller opplæring, alle under eitt, steig litt i 2015, men i alle fire aldersgruppene som her er nytta gjekk han ned att samanlikna med 2015-undersøkinga. Det er jamt over ein større del som ønskjer seg vidaregåande opplæring i dei tre yngste aldersgruppe i 2021 enn i 2015. Vi legg òg merke til at nesten kvar fjerde i aldersgruppa 35 til 44 år ønskjer seg høgare utdanning, en klar auke sidan 2015. Ein auke ser vi blant dei yngste òg når det gjeld ønsket om høgare utdanning (10,2 prosent).

Det kan vere fleire grunnar til at dei innsette ikkje ønskjer seg utdanning medan dei er under soning. Nokre av grunnane kan vere å finne i det fengslet dei er; andre gonger er det individuelle grunnar, som at dei føler seg for gamle eller at dei har nok utdanning. På direkte spørsmål om kva dei innsette føretrekte under soning i 2012 sa i underkant av kvar femte (18,5 prosent) at dei ønskte å jobba i fengslet, 26,9 prosent ville berre ha arbeid, medan resten 54,6 prosent, ville kombinere dei to aktivitetane. I 2015-undersøkinga fekk innsette som ikkje heldt på med opplæring i fengslet, 21 grunnar som dei skulle vurdere i kva grad dei innsette oppfatta dei som hinder for å ta del i opplæring; i 2021-undersøkinga var smittevernet eit tjueandre punkt. Grunnane varierer frå det som er personlege ønske og behov, kva som var tilboda i fengslet og forholda i fengslet (Manger mfl., 2016). Som vi har sett var det omtrent fjerdeparten av dei innsette denne gongen som kombinerte utdanning og arbeidsdrift i fengslet, nær det same som i 2015-undersøkinga.

Også i denne rapporten ser vi nærmare på korleis tre av grunnane som vart oppgitt som hinder for å ta opplæring i fengslet samvarierer med kva utdanningsønske desse innsette har (tabell V.4). Grunnane som vart opplevde som hinder var a) fordi fengslet ikkje hadde gitt nok informasjon, b) fordi dei venta på plass eller c) fordi opplæringstilbodet som fengslet hadde ikkje var interessant nok. Dette blir samanlikna med tal frå 2015-undersøkinga.

Prosentdelen som ønskte seg kurs var omtrent den same, uansett kva av dei tre grunnane som var oppgitt for ikkje å ta utdanning var, også i 2021. Størsteparten av dei som venta på plass ønskte seg vidaregåande opplæring slik som tidlegare (40,8 prosent, dei tre nivåa til saman i 2021), ein så vidt større del enn i 2015 (38,4 prosent), men framleis litt lågare del enn i 2012 (44,9 prosent – ikkje vist i tabell).

**Tabell V.4. Prosent innsette sine utdanningsønske i fengslet etter tre grunnar til at dei ikkje heldt på utdanning. Berre innsette som ikkje heldt på med utdanning eller opplæring i fengslet.**

| | Grunnar til *ikkje* å ta utdanning i fengslet | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Ventar på plass | | Ikkje interessante nok tilbod | | Ikkje nok informasjon | |
| **Utdanningsønske:** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** |
| Ingen | 13,2 | 5,3 | 40,9 | 34,7 | 32,7 | 29,1 |
| Grunnskule | 2,4 | 2,6 | 2,0 | 1,6 | 2,0 | 1,6 |
| Vgo 1. år | 10,2 | 6,6 | 4,3 | 2,1 | 5,4 | 3,7 |
| Vgo 2. år | 6,6 | 5,3 | 3,0 | 2,1 | 5,7 | 3,7 |
| Vgo 3. år | 21,6 | 28,9 | 11,6 | 13,0 | 15,0 | 15,3 |
| Fagskuleutd. | 3,6 | 5,3 | 2,0 | 3,1 | 2,5 | 2,1 |
| Høgare utd. | 10,8 | 18,4 | 6,8 | 14,0 | 7,4 | 15,9 |
| Kurs | 31,7 | 27,6 | 29,3 | 29,5 | 29,5 | 28,6 |
| **(N) = 100 %** | **(167)** | **(76)** | **(396)** | **(193)** | **(407)** | **(189)** |

Blant innsette som hadde markert for dei to andre grunnane gjekk prosentdelen som ønskte seg universitets- eller høgskuleutdanning noko ned i 2015 samanlikna med 2012 (ikkje vist i tabell), men i 2021 auka han att.

# VI. Sjølvvurdering av dugleik

Korleis vurderer dei innsette sine eigne evner når det gjeld å lese, skrive, rekne, i bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (ikt) og i munnleg framstilling? Eigenvurderingane av dette vart gjort i tillegg til ei sjølvrapportering av eventuelle *opplevde vanskar* når det gjeld lesing, skriving og rekning (neste kapittel). (Eigenvurderinga er den same som vart brukt i underkapitlet om «Har rett, brukar han ikkje». Der var resultata avgrensa til dei med rett til opplæring.) Først ser vi nærare på dei alle innsette sine vurderingar av kor gode dei var innanfor dei fem nemnde områda. Vi viser også tilbake på tidlegare undersøkingar av dette, men berre 2015 og 2021 i tabellane. Dei innsette skulle ta stilling til desse spørsmåla på ein fempunkts adjektivisk skala, dvs. oppfatninga av å vere 'svært svak' til eventuelt å vere 'svært god'. Resultata blir i dette kapitlet òg framstilt som gjennomsnitt, der svært svak er koda til verdien 1 og svært god til verdien 5, med dei tre andre verdiane mellom.

**Tabell VI.1. Dei innsette sine sjølvvurderingar av evner i lesing, skriving, rekning, bruk av ikt og munnleg. Prosent, gjennomsnitt og standardavvik (skala: 1=svært svak til 5=svært god) etter aldersgrupper. 2021.**

| | Lesing | | Skriving | | Rekning | | Ikt | | Munnleg | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 | 2015 | 2021 |
| Svært svak | 2,5 | 2,5 | 3,6 | 3,0 | 8,2 | 6,8 | 7,6 | 5,9 | 1,8 | 1,6 |
| Svak | 5,8 | 7,0 | 9,2 | 8,3 | 16,4 | 15,2 | 16,9 | 13,0 | 6,7 | 3,9 |
| Middels | 21,1 | 18,5 | 25,6 | 25,0 | 30,5 | 28,4 | 32,6 | 29,9 | 20,3 | 20,4 |
| God | 33,8 | 33,1 | 32,6 | 31,5 | 28,5 | 29,4 | 25,9 | 27,5 | 36,0 | 33,0 |
| Svært god | 36,7 | 38,9 | 29,0 | 32,2 | 16,4 | 20,2 | 16,9 | 23,8 | 35,2 | 41,1 |
| **(N)=100 %** | **(1 436)** | **(804)** | **(1 437)** | **(804)** | **(1 434)** | **(803)** | **(1 434)** | **(803)** | **(1 437)** | **(803)** |
| **Svarskala 1 til 5:** | | | | | | | | | | |
| **Gj.snitt** | 4,0 | 4,0 | 3,7 | 3,8 | 3,3 | 3,4 | 3,3 | 3,5 | 4,0 | 4,1 |
| **St.avvik** | 1,1 | 1,0 | 1,1 | 1,1 | 1,2 | 1,2 | 1,2 | 1,2 | 1,0 | 1,0 |

I 2009 var det omtrent to av tre (68,2 prosent) innsette som vurderte seg til å vere 'svært god' eller 'god' i lesing; ein litt mindre del i skriving (57,1 prosent) og endå færre i matematikk (37,4 prosent) og ikt-bruk (35,4 prosent). Noko av dette var nokså likt i 2012-undersøkinga, men då med ein litt større del som sa at dei var 'god' eller 'svært god' i rekning (46,5 prosent) og ikt-bruk (42,6 prosent). Tabell VI.1 viser korleis dette var i 2021-undersøkinga, og eventuelt kva som var ulikt i 2015.

I lesing og skriving ser vi svært liten skilnad mellom dei to undersøkingane. Vi kan sjå at ein litt større del (49,6 prosent) i 2021 sa at dei var 'god' eller 'svært god' i rekning samanlikna med 2015-undersøkinga (44,9 prosent). I ikt er det ein relativt klart større del som meinte å vere 'svært god' i 2021 (23,8 prosent). I 2015 gjaldt dette 16,9

prosent av dei innsette. Likt tidlegare undersøkingar er det i ikt og rekning finn vi den største delen som seier at dei er 'svært svak' eller 'svak' samanlikna med dei tre andre områda som her er kartlagt.

Det er særleg relevant å sjå dette opp mot dei innsette sin alder (tabell VI.2). I tillegg til å sjå fordelingane viser vi òg gjennomsnittsverdiane basert på skalaen 1 til 5.

Eit relativt klart mønster trer fram. Svært få gav uttrykk for at dei er svake i lesing, skriving og munnleg, uansett alder. Prosentdelen som sa at dei var 'svært gode' i lesing, skriving og rekning steig med alderen i både 2015- og i 2012-undersøkinga (Eikeland mfl., 2016), men dette er ikkje like rett fram i 2021. Det var dei yngste og dei eldste som hadde størst del som vurderte lesinga og skrivinga som 'svært god' i 2021; dei to aldersgruppene i mellom har ein lågare del der. Eigavurderinga av kor dyktige dei innsette var i ikt-bruk er relativt klart fallande med alder, men dei over 44 år hadde ein litt større del enn aldersgruppa 35 til 44 som sa at dei er 'svært gode' der. Omtrent noko tilsvarande såg vi i 2015-undersøkinga. Likevel så stig prosentdelen innsette som sa at dei var 'svært svake' i ikt med stigande alder, også i 2021.

Det er vidare verdt å merke seg at prosentdelen som sa at dei var 'svært gode' i rekning er høgast i den eldste gruppa, medan dei tre andre aldersgruppene står fram som like. Gjennomsnittstala viser at i rekning og ikt-bruk er alle gjennomsnitta lågare enn verdien fire ('god'); i munnleg er alle gjennomsnittsverdiar fire eller over.

**Tabell VI.2. Innsette sine eigne vurderingar av evner i lesing, skriving, rekning, ikt-bruk og munnleg framstilling. Prosenttal og gjennomsnitt (skala: 1=svært svak til 5=svært god) etter aldersgrupper. 2021.**

| | 18 til 24 år | 25 til 34 år | 35 til 44 år | Over 44 år |
|---|---|---|---|---|
| **Lesing** | | | | |
| Svært svak | 1,0 | 3,3 | 3,4 | 1,5 |
| Svak | 5,2 | 7,0 | 8,5 | 6,3 |
| Middels | 19,8 | 19,7 | 20,3 | 15,6 |
| God | 33,3 | 35,7 | 35,0 | 30,1 |
| Svært god | 40,6 | 34,4 | 32,8 | 46,5 |
| *Gjennomsnitt, skala 1 til 5* | *4,1* | *3,9* | *3,9* | *4,2* |
| **Skriving** | | | | |
| Svært svak | 2,1 | 3,7 | 4,0 | 1,9 |
| Svak | 4,2 | 10,7 | 10,2 | 7,1 |
| Middels | 24,0 | 27,5 | 23,2 | 23,4 |
| God | 39,6 | 31,6 | 33,9 | 27,5 |
| Svært god | 30,2 | 26,6 | 28,8 | 40,1 |
| *Gjennomsnitt, skala 1 til 5* | *3,9* | *3,7* | *3,7* | *4,0* |
| **Rekning** | | | | |
| Svært svak | 4,2 | 7,8 | 7,9 | 6,3 |
| Svak | 14,6 | 20,1 | 14,7 | 10,8 |
| Middels | 36,5 | 28,7 | 29,4 | 25,0 |
| God | 27,1 | 25,8 | 30,5 | 31,3 |
| Svært god | 17,7 | 17,6 | 17,5 | 26,5 |
| *Gjennomsnitt, skala 1 til 5* | *3,4* | *3,3* | *3,4* | *3,6* |
| **Ikt-bruk** | | | | |
| Svært svak | 1,1 | 2,9 | 6,8 | 10,0 |
| Svak | 11,6 | 11,1 | 14,1 | 13,8 |
| Middels | 28,4 | 27,5 | 33,9 | 30,5 |
| God | 22,1 | 30,3 | 28,8 | 26,0 |
| Svært god | 36,8 | 28,3 | 16,4 | 19,7 |
| *Gjennomsnitt, skala 1 til 5* | *3,8* | *3,7* | *3,3* | *3,3* |
| **Munnleg** | | | | |
| Svært svak | 1,0 | 2,0 | 1,7 | 1,1 |
| Svak | 4,2 | 4,9 | 3,9 | 2,6 |
| Middels | 19,8 | 21,3 | 22,5 | 18,3 |
| God | 31,3 | 32,0 | 34,3 | 33,2 |
| Svært god | 43,8 | 39,8 | 37,6 | 44,8 |
| *Gjennomsnitt, skala 1 til 5* | *4,1* | *4,0* | *4,0* | *4,2* |

# VII. Sjølvvurdering av lærevanskar

Innsette vart også bedne om å vurdere *vanskar* som dei eventuelt har når det gjeld lesing, skriving og rekning. Desse vurderingane har dei innsette gjort i alle undersøkingane sidan 2004. Problemstillingane heng saman med det som vart drøfta i kapittel VI.

I 2004 (berre 2015- og 2021-undersøkingane i tabell) var det omtrent to av tre (68,4 prosent) som rapporterte om *ingen* vanskar i lesing eller skriving (Eikeland og Manger, 2004); 61,7 prosent rapporterte då at dei ikkje hadde vanskar i matematikk (omgrepet som vart brukt då og i 2006). Tilsvarande var det ein litt lågare del i 2006-undersøkinga (62,8 prosent) som rapporterte om ingen vanskar i lesing eller skriving, og ein god del lågare om ingen vanskar i matematikk (52 prosent). I 2009-undersøkinga endra dette seg mykje når det gjaldt rekning, der berre 28,5 prosent sa at dei ikkje hadde vanskar. Tilsvarande tal for innsette utan vanskar i lesing og skriving i 2009 var 61,0 prosent og 50,8 prosent. Prosentdelen som sa at dei *ikkje* hadde vanskar i rekning steig litt att i 2012, til 35,4 prosent. I lesing og skriving, var prosentdelen utan vanskar i 2009 og 2012 omtrent den same. Knapt kvar tjuande innsett (4,6 prosent) sa at dei hadde svært store vanskar i lesing; kvar femtande (6,4 prosent) hadde det i skriving og omtrent kvar sjuande (13,8 prosent) sa det om rekning i 2012.

**Tabell VII.1. Dei innsette sin sjølvrapporterte grad av vanskar i lesing, skriving og rekning. Prosenttal. 2021.**

| | Lesing | | Skriving | | Rekning | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Grad av vanske** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** | **2015** | **2021** |
| Ingen vanskar | 58,4 | 58,2 | 51,4 | 52,6 | 34,8 | 36,4 |
| Ja, men berre litt | 17,9 | 19,0 | 21,2 | 21,7 | 24,6 | 28,8 |
| Ja, i noko grad | 14,6 | 16,0 | 19,7 | 18,0 | 26,4 | 21,6 |
| Ja, i svært stor grad | 6,1 | 6,8 | 7,7 | 7,7 | 14,2 | 13,3 |
| **(N)=100 %** | **(1 435)** | **(806)** | **(1 435)** | **(806)** | **(1 429)** | **(806)** |

Prosenttala endra seg ikkje i særleg grad i 2015-undersøkinga og tabell VII.1 viser dette òg for 2021. I underkant av seks av ti sa at dei ikkje hadde vanskar i lesing; litt over halvparten sa det same om skriving og omtrent kvar tredje sa at dei ikkje hadde vanskar i rekning. Tala frå 2021-undersøkinga er svært like. Fordelinga elles er også nær identisk med det vi kunne sjå i 2012-rapportering (ikkje vist i tabell her).

Om vi ser attende til 2004-undersøkinga fann vi at lese- eller skrivevanskar var mest å finne blant dei yngste. Dette var ikkje like klart i 2006-undersøkinga, men 2009-undersøkinga viste igjen ein klar samanhengen mellom lese- og skrivevanskar og alder. Det var då konsekvent slik at den største delen innsette som sa at dei *ikkje* hadde vanskar var i den eldste gruppa, dvs. over 44 år (70,1 prosent i lesing; 64,7

prosent i skriving og 41,9 prosent i matematikk). I 2012 var det meir enn tre av fire i den eldste gruppa (76,8 prosent) som sa dei ikkje hadde vanskar i lesing: meir enn to av tre (68,6 prosent) sa at dei ikkje hadde det i skriving og godt over halvparten (57,0 prosent) sa at dei ikkje hadde det i rekning. Prosentdelen utan vanskar var altså jamt over fallande med alder i 2012.

**Tabell VII.2. Prosent innsette med sjølvrapporterte lese-, skrive- eller reknevanskar etter alderskategori. 2021.**

| | 18 til 24 år | 25 til 34 år | 35 til 44 år | Over 44 år |
|---|---|---|---|---|
| **Grad av vanskar i lesing** | | | | |
| Ingen | 57,3 | 54,1 | 50,0 | 68,3 |
| Ja, men berre litt | 26,0 | 24,4 | 18,5 | 11,9 |
| Ja, i noko grad | 10,4 | 15,4 | 23,6 | 12,7 |
| Ja, i svært stor grad | 6,3 | 6,1 | 7,9 | 7,1 |
| **Grad av vanskar i skriving** | | | | |
| Ingen | 53,1 | 45,9 | 50,8 | 60,2 |
| Ja, men berre litt | 26,0 | 27,2 | 16,9 | 18,6 |
| Ja, i noko grad | 15,6 | 19,5 | 23,2 | 13,4 |
| Ja, i svært stor grad | 5,2 | 7,3 | 9,0 | 7,8 |
| **Grad av vanskar i rekning** | | | | |
| Ingen | 34,4 | 31,3 | 32,8 | 44,6 |
| Ja, men berre litt | 29,2 | 29,7 | 28,2 | 27,9 |
| Ja, i noko grad | 26,0 | 23,6 | 26,0 | 15,2 |
| Ja, i svært stor grad | 10,4 | 15,4 | 13,0 | 12,3 |

I 2015-undersøkinga fann vi òg ein systematisk samanheng mellom alder og graden av dei tre typane vanskar, samstundes som vi såg ei endring samanlikna med tidlegare studiar av innsette vi har gjort (Eikeland mfl., 2016). Den høgaste delen innsette med vanskar 'i svært stor grad' i lesing fann vi då i den nest eldste aldersgruppa (7,6 prosent), ikkje ulikt det vi ser i 2021-undersøkinga (7,9 prosent; tabell VII.2). Her finn vi òg at dei nest eldste har største gruppa med skrivevanskar i 'i svært stor grad' òg (9,0 prosent). I rekning derimot er det den nest yngste aldersgruppa som har den største delen med vanskar 'i svært stor grad' (15,4 prosent).

# VIII. Hjelp til å leve utan kriminalitet

Innsette får fleire typar tilbod i løpet av løpet av soninga, tilbod som skal hjelpe dei til å leve eit liv utan kriminalitet etter at soninga er gjennomført. Korleis dei innsette vurderer denne hjelpa er det viktig for Kriminalomsorgsdirektoratet å vite noko om. Ideelt skulle jo desse vurderingane vore gjort blant innsette som var ferdige med å sone, helst også ei viss tid etter det. Det ville skapt store metodiske utfordringar, også etiske. Direktoratet finn det uansett verdifullt å få kunnskap om korleis innsette vurderer dette undervegs i soninga, om dei då har hatt eller fått tilboda.




**Figur VIII.1. Prosent innsette som opplyser å ha hatt dei aktuelle tilboda og desse innsette si vurdering av i kva grad dei har hatt noko å seie. Gjennomsnittstal: skala 0=har ikkje påverka meg, til 3=har påverka meg mykje. 2021.**

Desse vurderingane vart for første gong tatt inn i spørjeskjemaet til dei innsette i 2021. Dei innsette fekk ei liste med tolv konkrete tilbod der dei først skulle krysse av for om dei hadde hatt tilbodet i løpet av soninga. Deretter skulle dei som hadde hatt det vurdere i kva grad dette hadde påverka dei slik at dei kan leve eit liv utan kriminalitet etter straffegjennomføringa. Dvs., dei som hadde hatt dei aktuelle tilboda skulle så vurdere i kva grad det hadde styrka eller svekka sjansen for å leve eit liv utan kriminalitet, slik som dei vurderte det (skala 0 = 'Har ikke påvirket mine muligheter' til 3 = 'Har styrket mine muligheter'). I tillegg kunne dei òg føre på andre tilbod som dei hadde hatt, om aktuelt.

Det som dei innsette skulle vurdere som «tilbod» dreier seg frå det personlege til det som har å gjere med relasjonar til andre og økonomi. For alle gjeld det korleis dette vart opplevd av dei innsette. Kor stor del av dei innsette som har hatt tilboda varierer frå at femten prosent har vore i konktakt med Konfliktrådet (opprettande

prosess) til at 72 prosent har nemnt fellesskapet med andre domfelte, som sjølvsagt gjeld dei fleste.

Figur VIII.1 viser at skule og opplæring er det einaste tilbodet som skårar over verdien 2, dvs. som har styrka dei i å kunne halde seg borte frå kriminalitet, og det var seksti prosent som sa at dei har hatt dette tilbodet. Færrast har hatt kontakt med Konfliktrådet (gjenopprettande prosessar), 15 prosent, og dette tilbodet er det som skårar lågast av dei tolv.

Ettersom vi har opplysning om dei innsette har vore straffa før må vi kunne spørje oss om nokre av vurderingane (skårane) av dei tolv tilboda varierer etter om den innsette er dømt for første gong eller om vedkommande har vore dømd før. Her finn vi *ingen* signifikante skilnader mellom dei tre gruppene (spørsmål 6 i spørjeskjemaet), aldri vore dømt tidlegare, dømt ein eller to gonger tidlegare eller dømt tre eller fleire gonger tidlegare.

Vi undersøkte så om kor langt dei innsette er komne i soningsløpet kan ha hatt noko å seie for vurderingane som dei har av tilboda. Der finn vi heller ingen signifikante skilnader mellom gruppene (sjå spørsmål 5 i spørjeskjemaet). Sjølve domslengda gir litt skilje i nokre av tilbodsvurderingane. Det gjeld først og fremst skule og opplæring. Dess lenger dom dei innsette har, dess meir positivt vurderer dei skule og opplæring. Vi finn litt samsvariasjon mellom tilbodet behandling for psykisk helse og domslengda òg, men der er samanhengen svakare. Dei med lengst dom, og som har hatt tilbodet som gjeld psykisk helse, vurderer det noko meir positivt enn dei med kortare dom som har hatt tilbodet.

Det som dei innsette oftast har nemnt av 'Andre tilbud' er kontakt med presten (5 av 47). Elles kan vi sjå at ein del innsette repeterte punkt som allereie er blant dei tolv som var lista opp, t.d. kurs- eller treningsaktivitet som dei har deltatt i.

# IX. Oppsummering og drøfting

Sidan 2004 er dette den sjette undersøkinga av innsette som er gjennomført med mål om å dekkje heile fangepopulasjonen på eit gitt tidspunkt, dvs. i løpet av ei veke. Undersøkinga vart som vanleg gjennomført i samarbeid med Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland og skuleavdelingane som har ansvar for opplæring innanfor kriminalomsorga. Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren ville ha oppdatert kunnskapen om innsette sin utdanningsbakgrunn, deira behov for opplæring og utdanning og med det kva ønskje dei har, i tillegg til kunnskap om eventuelle lærevanskar, motiv for å ta utdanning og kva dei innsette opplever som hinder for å kunne ta del i det under soning. Pandemien skapte ein del vanskar då vi skulle gjennomføre undersøkinga av innsette i mars månad i 2021. Det kan ha hatt noko å seie for representativiteten, sidan vi ikkje kom inn i ein del fengsel med skjemaet som dei innsette skulle svare på. Resultata viser likevel både stabilitet og ein del endring samanlikna med det som kom fram i tidlegare undersøkingar. Ved å sjå resultata opp mot bakgrunnsvariablar som tidlegare er nytta finn vi, trass nemnde vanskar, grunn til å feste lit til det som kjem fram.

Etterkvart som skuleavdelingane i fengsla har blitt utbygt, har også deltaking i opplæring og utdanning blant dei innsette auka. Likevel såg vi eit fall i utdanningsdeltakinga i 2015-undersøkinga. Dette endra seg i 2021, med ein klar auke i prosentdel innsette som tok del i utdanning og opplæring under soning. Det er framleis slik at dess lenger dom dei innsette har, dess større del tek del i opplæringsaktivitet og utdanning. Med ein del variasjon er opplæringsaktiviteten i vidaregåande størst hos dei yngste.

Forvaringsdømde har til vanleg vore ein svært liten del av dei som har tatt del i våre undersøkingar av innsette. Denne gruppa utgjorde i 2021 derimot ein litt større del enn vanleg, 5,6 prosent av dei som svarte. I alle undersøkingane frå 2009 har vi sett at deltaking på universitets- og høgskulenivå har vore relativt høgt blant desse, og klart høgare enn innsette med anna fengslingsgrunnlag. Slik var det i 2021-undersøkinga òg, noko som gir oss grunnlag for å feste lit til tidlegare tal om dette, der kring 18 prosent i den gruppa opplyste om slik deltaking i både 2009 og 2012. Denne delen var litt lågare i 2015 og 2021, 11 og 13 prosent.

Ein større del av dei yngste (under 25 år) kunne denne gongen opplyse at vidaregåande opplæring var fullført samanlikna med kva vi såg i 2015 (28,6 prosent mot 23,9 prosent i 2015). Denne delen har altså auka jamt sidan 2009-undersøkinga (10,5 prosent i 2009; 19,7 prosent i 2012).

Framleis er det likevel slik at dei innsette heng etter i kva som er deira høgaste fullført utdanning samanlikna med folket elles i Noreg. Eit relativt stabilt funn sidan 2004-undersøkinga er at mellom sju og åtte prosent av dei innsette har rapportert at dei ikkje hadde fullført noko form for opplæring eller utdanning. Dette endra seg noko i 2021-undersøkinga, der fem prosent opplyste om det. Særleg har prosenten av dei yngste som opplyste å ikkje ha fullført noko som helst opplæring falle klart sidan 2009-undersøkinga, og han var så låg som 3,1 prosent blant dei yngste i 2021 mot 10,1 prosent i 2009.

For å gjere høgaste fullførde utdanningsnivå samanliknbart med tal frå SSB (slik dei reknar det) tok vi bort dei som ikkje har fullført noko som helst utdanning og

opplæring frå prosentueringsbasisen (sjå tabell III.2). Med det grepet såg vi at nær halvparten av dei innsette (47,0 prosent) har grunnskule som høgaste fullførte utdanning i 2021-undersøkinga. Dette svarar til nivået hos folket i Noreg i starten av 1980-talet, jf. SSB. Vidare såg vi at nær kvar femte innsett (18 prosent) som svarde på undersøkinga i 2021 oppgav å ha universitets- eller høgskuleutdanning (enkeltfag og lågare eller høgare grad slått i hop). Dette er ein klar auke sidan 2015-undersøkinga (13,8 prosent då), og på nivå med det som gjaldt innbyggjarane i Noreg i siste del av 1990-talet. Prosentdelen innsette som har fullført vidaregåande opplæring var 35,0 i 2021-undersøkinga, omtrent det same som i 2012 og i 2015.

Dei innsette har òg kompetanse frå arbeid som dei har hatt. Delen innsette som aldri har hatt arbeid har halde seg relativt stabil i tre av dei fire undersøkinga sidan 2009, dvs. mellom ni og elleve prosent. Det interessante er at denne delen var mykje høgare hos dei yngste (under 25 år) i 2021 samanlikna med tidligare, heile 30,9 prosent, som er meir enn det doble av 2015-undersøkinga. Ein del av forklaringa kan vere at i denne gruppa innsette er det no ein klart større del som har fullført vidaregåande opplæring enn i tidlegare undersøkingar. Slik sett har dei ikkje vore tilgjengelege for arbeidsmarknaden i same grad som elles.

Eit stabilt trekk ved undersøkingane av dei innsette har vore at kring fjerdeparten av dei ønskjer ein kombinasjon av arbeidsdrift og opplæringsaktivitet under soning. Berre 14,8 prosent av dei innsette hadde denne gongen meir enn 25 timar opplæringsaktivitet i veka kontra kvar fjerde innsett i 2015. Knapt fjerdeparten av dei innsette brukte denne gongen meir enn 25 timar i veka på arbeidsdrift; i 2015 gjaldt det kvar tredje. Det skal framhevast frå tidlegare undersøkingar at sju av ti som ønskte seg vidaregåande opplæring under soning ville ha yrkesfaglege program; slik òg i 2021.

Blant innsette som var 24 år eller yngre var det 46,9 prosent som tok vidaregåande opplæring i soningstida; 18,4 prosent av denne gruppa innsette hadde rett til slik opplæring, men nytta ikkje retten. Det er systematisk slik at blant desse som ikkje nyttar retten sin er det omtrent ein dobbel så stor del som rapporterer at dei er svake i lesing, skriving, rekning, ikt-bruk eller munnleg samanlikna med dei som nyttar retten sin. Blant dei som ikkje nyttar retten sin rapporterer tre gonger så stor del at dei har diagnosen dysleksi og meir enn ein dobbelt så stor del at dei har diagnosen ADHD samanlikna med dei som nyttar retten.

Undersøkinga frå 2021 viser ingen store endringar når det gjeld dei innsette sine sjølvrapporterte vanskar når det gjeld lesing, skriving eller rekning samanlikna med tidlegare og tilsvarande undersøkingar. Omtrent sju prosent har store vanskar i lesing og skriving; kring fjorten prosent har det i rekning. Dette er nær identisk med 2015-tala.

# Ein del praktiske følgjer for utdanning i fengsel

Sidan førre undersøking i 2015 er det ein nye læreplan (LK20) i grunnopplæringa. Læreplanen omfattar den opplæringa som barn og unge får frå første klasse på barnetrinnet til og med studieførebuande og yrkesfaglege program i vidaregåande opplæring, der delar av opplæringa går føre seg i verksemder og arbeidsliv elles. Den nye læreplanen som blei innført hausten 2020, inneber fornying av både utdanninga sitt innhald og organisering, nok som også stiller nye krav og forventningar til lærarar og leiarar i skulen. For opplæring i kriminalomsorga er det særleg krevjande med meir digitale løysingar. Det blir peikt på at dersom importmodellen skal kunne halde fram er det avgjerande å sikre at naudsynt ikt-infrastruktur er på plass for dei innsette som deltek i opplæring/utdanning (Statsforvaltaren i Vestland, 2020).

I 2021 er det ein auke både når det gjeld innsette som har vidaregåande opplæring og høgare utdanning som høgaste fullførde utdanning. Dette fordrar at ein må leggje til rette for utdanning i tråd med dei innsette sine behov. I denne undersøkinga var det for første gong tatt inn spørsmål om korleis dei innsette vurderer ulike tilbod dei får under soning. Bortsett frå fysisk aktivitet er skule og opplæring det som er nytta av flest og som i størst grad blir vurdert som eit tilbod som har styrka dei i å kunne halde seg bort frå kriminalitet. I dette kapitlet presenterer vi nokre hovudpunkt som er sentrale å leggje til rette for slik at innsette kan få opplæring eller utdanning dei vil ha og som dei òg har rett på.

## Informasjon om opplæringa

Kriminalomsorga og skulen må gi informasjon på rette tidspunkt, gitt av rette personar. I undersøkinga i 2015 svara 33 prosent av dei innsette at dei ikkje hadde fått nok informasjon om utdanning (Eikeland mfl., 2016), medan 39 prosent svara det same i 2021. (Det kan vere at delar av auken kom av situasjonen rundt koronapandemien.) Mangel på konsentrasjon har tidlegare blitt klassifisert som eit disposisjonelt hinder for å ta opplæring (Manger, Eikeland og Asbjørnsen, 2019), men det kan også ha å gjere med ein kombinasjon av den innsette sin mangel på konsentrasjon og uro i fengselet. Uansett tilseier dette at ein må vere svært nøye med å gjenta informasjon om opplæring i klare ordelag. Ein grundig informasjonen må såleis komme fram ved inntak i fengselet og på minst eitt eller to tidspunkt seinare. Informasjonen må både gjevast av kontaktbetjenten og representant for skulen. Alle innsette skal ha ein kontaktbetjent, og viktige oppgåver for denne er å ta ansvar for at den innsette får informasjon om fengslet og kva rettar eller plikter den som sonar har. I dette ligg det å støtte og motivere den innsette til å arbeida konstruktivt med framtidsplanlegging under opphaldet i fengselet, til dømes gjennom opplæring og/eller arbeid. Representanten for skulen, som kan vere rådgivar eller sentral lærar, følgjer opp denne informasjonen med detaljar om opplæringa, samstundes som den innsette på ein realistisk måte blir motivert for utdanning.

Kompetansen til å gi informasjon om grunnskule og vidaregåande opplæring er høg i fengsel. Slik informasjon er også noko dei innsette har krav på etter opplæringslova (jf. opplæringsloven § 9-2, «… rett til nødvendig rådgiving om utdanning, yrkestilbod og yrkesval og sosiale spørsmål»), men ein høgare del innsette enn før har studiekompetanse eller har allereie starta utdanning på universitet og høgskule.

Dei har sterkt behov for informasjon om studieløp. Her må kriminalomsorga byggje opp kompetanse i rådgjeving som kan imøtekomme desse innsette sine ønske og behov. I Meld. St. nr. 14 (2019-2020), er det sentralt at heile folket skal ha høve til å utdanne seg gjennom livsløpet.

## Å nytte retten til opplæring

Det er viktig for Utdanningsavdelinga hos Statsforvaltaren i Vestland å ha kunnskap om kor stor del av dei innsette som har rett til opplæring, anten det no er grunnskuleopplæring eller det som gjeld vidaregåande opplæring. Ifølgje opplæringslova fell rett til opplæring grovt sett inn i to grupper: dei som tar ut den ordinære retten som gjeld ut det skuleåret som tek til i det året som ein fyller 24 år (opplæringslova § 3-1); dei som er eldre enn det kan også få rett til opplæring dersom dei søkjer om det (§ 4A-3). Vi har denne gongen sett nærare på dei som har rett til opplæring, men som ikkje nyttar han, i høve til dei innsette sine sjølvrapporterte grunnleggande evner i lesing, skriving, rekning, ikt og munnleg, i tillegg til sjølvrapporterte diagnosar. Hos dei som ikkje nyttar ungdomsretten trer det fram et tydeleg mønster: ein nær dobbelt så stor del av dei rapporterer «svake» eller «svært svake» evner samanlikna med dei som tek opplæring eller utdanning under soning. Tilsvarande tal finn ein også for dei som rapporterer ein dysleksidiagnose og ADHD der nær tre gonger så stor del har det. Desse funna syner at ein må styrke kartlegginga av dei innsette ved starten av soningsløpet slik at retten til opplæring blir tatt i vare. På den måten kan dei innsette få eit tilrettelagt utdanningsløp som er tilpassa både læringsutfordringane som dei innsette eventuelt har og evnene deira.

## Kortvarige kurs

Mange innsette ønskjer å ta korte kurs. Samstundes svarar kring ein tredel av dei som ikkje tek opplæring i fengsel, men ønskjer å ta slike kurs at dei ventar på plass, at det ikkje er interessante nok tilbod eller at dei ikkje har fått god nok informasjon. Målet med tilskotsordninga til opplæring i kriminalomsorga er at innsette som ikkje har fullført grunnskule eller vidaregåande opplæring, men som ønskjer og har rett til opplæring, skal få det (Utdanningsdirektoratet, 2021). Direktoratet understrekar at for å motivere flest mogleg til å delta i opplæringa, og for å sikre at ulike grupper innsette skal ha eit tilbod, er det eit mål å gje kortare kompetansegivande opplæringstilbod som samsvarer med læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20). Dette er ei god målsetting, men som likevel kan redusere tilbodet av kurs som ikkje gir kompetanse og som kan vera veleigna for innsette med andre behov enn det som er knytt til LK20. Til dømes kan det vere innsette som først og fremst treng å fullføre eit avgrensa kurs som kan gje meistringsopplevingar, slik som innanfor eit praktisk handverksområde, i kunst eller i musikk. Vi ser det som viktig at terskelen får å ta kurs som kan få innsette til å oppleve at dei får til noko, ikkje må vere for høg.

## Høgare utdanning

Rapporten viser, no som i 2015, at talet på innsette som har studiekompetanse eller som allereie har tatt fag eller grad på universitet eller høgskule aukar jamt. Resultat frå 2021 syner at meir enn kvar fjerde innsett har vidaregåande opplæring som høgaste fullførde (27,8) og nærmare ein femdel (17 prosent) har høgare utdanning (fag eller grad). I fleire tidlegare rapportar har vi peika på at dette krev at det må bli lettare å ta universitets- og høgskuleutdanning under soning. Dersom innsette ønskjer å ta høgare utdanning, er det opp til opplæringa i kvart einskild fengsel om dei ønskjer å bruke ressursar på det. Opplæringa innan kriminalomsorga skal då, saman med universitetet eller høgskulen og kriminalomsorga leggje til rette for studentar i fengsel. Dette gjeld så langt det er mogeleg av tryggingsgrunnar. Høgare utdanning blir i dag meir og meir knytt opp til å ha ikt-utstyr tilgjengeleg, og studiemateriell blir lagt ut på utdanningsinstitusjonane sine læringsplattformar. Mykje av kontakten mellom student og lærar skjer med det digitalt. Særleg i fengsel med høg grad av tryggingstiltak blir den mangelfulle tilgangen til desse læringsplattformene eit hinder for å få fullt utbyte av eit studium.

Blant dei som tek utdanning i fengsel, er dei under høgare utdanning minst nøgde med både opplæringa og rådgjevinga som dei får, og 2021-rapporten viser meir misnøye, sjølv om koronasituasjonen òg kan ha ytt bidrag til det. Dette tilseier at det bør vere eit betre samarbeid mellom fengsla og dei høgare utdanningsinstitusjonane. Følgjeleg må det bli betre høve til å studere under permisjon og lagt betre til rette for sjølvstudium under rettleiing i fengsel. Ei god løysing er det også at studentar i fengsel får vitjing av rettleiar frå universitet eller høgskule. Saman kan dei gå gjennom korleis studieløpet kan tilpassast soningstida, til dømes ved at kandidaten får høve til å bruke lengre tid på å ta ein grad.

# Appendiks

Spørjeskjema brukt i 2021-undersøkinga

## Utdanning og kompetanse 2021

Forskningsgruppen for kognisjon og læring, Universitetet i Bergen

### Til deg som får dette spørreskjemaet

Personer som gjennomfører straff har samme rett til opplæring som andre i samfunnet. Denne undersøkelsen gjennomføres for å få et best mulig grunnlag for å ivareta behovet for opplæring. Ditt bidrag er viktig for at tilbudet om utdanning og planleggingen av opplæringen skal bli god.

Spørreskjemaet handler om utdanning, ferdigheter og jobberfaring. Det blir også stilt spørsmål om din bakgrunn og forhold som kan virke inn på læring og valg av utdanning. Dette er opplysninger som lærevansker, andre aktiviteter du deltar i, og domslengde. Skjemaet går til de som er i fengsel, er i overgangsbolig eller soner straff med elektronisk kontroll (EK), er over 18 år og er norske statsborgere. Det skal besvares både av de som holder på med opplæring og de som ikke gjør det.

Det er frivillig å svare på skjemaet og du kan når som helst og uten å oppgi grunn trekke deg fra undersøkelsen. Dette får ikke konsekvenser for dine forhold under gjennomføringen av straffen eller varetekten. Vi håper at du uansett vil være med.

Du skal *ikke* skrive navnet ditt på skjemaet. Et nummer for enheten du er i påføres en konvolutt med alle svarene fra din enhet. Et tilsvarende nummer brukes for alle som soner med elektronisk kontroll. Dette gjøres for å få kunnskap om opplæringen i det enkelte fengsel og under EK samlet.

Du skal svare på de fleste spørsmålene ved å krysse av i den ruten eller de rutene som passer best for deg. Vi innhenter ikke annen informasjon om deg. Ansatte kan hjelpe deg med utfyllingen av skjemaet hvis du ønsker det.

Undersøkelsen gjennomføres i samarbeid med Statsforvalteren i Vestland, Utdanningsavdelinga og Kriminalomsorgsdirektoratet. Utdanningsavdelinga har nasjonalt ansvar for opplæringen innen kriminalomsorgen, etter oppdrag fra Kunnskapsdepartementet.

Forskeren som behandler skjemaene har taushetsplikt, og det er denne personen som vil ha tilgang til spørreskjemaene. Alle svar behandles konfidensielt. Universitetet i Bergen (UiB), ved professor Arve Asbjørnsen, er ansvarlig for gjennomføringen av selve undersøkelsen og for behandlingen av informasjonen etter gjeldende bestemmelser. Skjemaene blir makulert ved prosjektslutt, 31. desember, 2022. Anonymiserte data vil oppbevares for senere forskning.

UiB og prosjektleder har et selvstendig ansvar for å sikre at behandlingen av dine opplysninger har et lovlig grunnlag. Dette prosjektet har rettslig grunnlag i EUs personvernforordning, samt ditt samtykke. Vi kan normalt ikke finne tilbake til enkeltpersoner etter at skjemaet er sendt inn. Har du spørsmål eller ønsker å klage på behandlingen av dine opplysninger kan du kontakte prosjektleder på telefon 55589084, Norsk senter for forskningsdata (NSD) på telefon 55582117 eller Personvernombudet ved UiB på telefon 55582029.

Det skal skrives rapporter og artikler basert på sammenstilling av svarene. Ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes i det som blir utgitt.

### Takk for god og svært nyttig hjelp!

Vennlig hilsen
Arve Asbjørnsen
prosjektleder

# Utdanning og kompetanse 2021

Forskningsgruppen for kognisjon og læring, Universitetet i Bergen

*Jeg har lest informasjonen på siden foran og samtykker til å delta i undersøkelsen* ☐

1. ***I hvilket år ble du født?***

   ***I*** ........................................

2. ***Kjønn:***

   Mann ☐

   Kvinne ☐

3. ***Hva er ditt grunnlag for straffegjennomføring? (Sett kryss.)***

   Dom ☐

   Forvaring ☐

   Bot ☐

   Varetekt, før dom ☐

   Varetekt, har anket dom ☐

**Hvis du er i varetekt før dom, gå da direkte til spørsmål 6.**

4. ***Hvor lang (ubetinget) dom har du nå?* (Sett kryss.)**

   3 måneder eller kortere ☐

   Mer enn 3, til og med 6 måneder ☐

   Mer enn 6 måneder, til og med 1 år ☐

   Mer enn 1, til og med 2 år ☐

   Mer enn 2, til og med 3 år ☐

   Mer enn 3, til og med 4 år ☐

   Mer enn 4, til og med 5 år ☐

   Mer enn 5, til og med 6 år ☐

   Mer enn 6, til og med 7 år ☐

   Mer enn 7, til og med 8 år ☐

   Mer enn 8, til og med 9 år ☐

   Mer enn 9, til og med 10 år ☐

   Mer enn 10 år ☐

5. ***Hvor mye av denne dommen har du til nå gjennomført?***

   Jeg har nettopp startet gjennomføring av straffen ☐

   Kortere enn en tredjedel ☐

   Over en tredjedel, kortere enn to tredjedeler ☐

   Over to tredjedeler ☐

6. ***Har du tidligere vært domfelt?***

   Nei, aldri ☐

   Ja, 1-2 ganger ☐

   Ja, 3 eller flere ganger ☐

7. ***Hadde du eller dine foresatte kontakt med barnevernet og/eller PPT under din oppvekst, og hvordan vurderer du hjelpen dere fikk?* (Sett kryss for aktuell instans, og sett ring rundt tallet som angir hvilken grad dette var til hjelp.)**

| | | Hadde kontakt | Var til ingen hjelp | | | Var til svært god hjelp |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **a.** | Barnevernet | | 0 | 1 | 2 | 3 |
| **b.** | PPT | | 0 | 1 | 2 | 3 |

8. ***Hva er den høyeste utdanning du har fullført?*** (OBS: Fagbrev og å ha gått i lære inngår i videregående opplæring. Fagskole er yrkesrettet opplæring som bygger på videregående opplæring.) **(Sett kryss.)**

   Jeg har ikke fullført noen utdanning ☐

   10-årig grunnskole eller kortere ☐

   1 år videregående opplæring ☐

   2 år videregående opplæring ☐

   Har fullført videregående opplæring ☐

   Fagskoleutdanning ☐

   Enkeltfag på universitet eller høyskole ☐

   Gradsutdanning på universitet eller høyskole ☐

**9. *Har du fullført noen av utdanningene i spørsmål 8 mens du har gjennomført straffen?***

- Ja ☐
- Nei ☐
- Nei, men jeg deltar i utdanning/opplæring nå ☐
- Nei, jeg har deltatt, men har sluttet ☐

**10. *Hvor mange timer per uke bruker du på ulike aktiviteter under gjennomføringen av straffen?* (Sett ett kryss for hver linje.)**

| | Deltar ikke | 1-6 timer | 7-15 timer | 16-25 timer | Mer enn 25 timer |
|---|---|---|---|---|---|
| Jobb eller arbeidsdrift | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Skole/opplæring/ kurs | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Program | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Annen aktivitet på dagtid | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

**11. *Deltar du nå mens du gjennomfører straff i noen av utdanningene/opplæringene som er ført opp nedenfor?*** (OBS: Fagbrev og å gå i lære inngår i videregående opplæring. Fagskole er yrkesopplæring som bygger på videregående opplæring.) **(Sett kryss.)**

- Nei, jeg deltar ikke i noen utd./opplæring ☐
- Grunnskole ☐
- Videregående opplæring, Vg1 ☐
- Videregående opplæring, Vg2 ☐
- Videregående opplæring, Vg3 ☐
- Fagskoleutdanning ☐
- Universitets- eller høyskoleutdanning ☐
- Korte kurs ☐

**12. *Hvilken utdanning/opplæring ønsker du å ta nå mens du gjennomfører straff?*** (OBS: Fagbrev og å gå i lære inngår i videregående opplæring. Fagskole er yrkesopplæring som bygger på videregående opplæring.) **(Sett kryss.)**

- Jeg ønsker ikke opplæring ☐
- Grunnskole ☐
- Videregående opplæring, Vg1 ☐
- Videregående opplæring, Vg2 ☐
- Videregående opplæring, Vg3 ☐
- Fagskoleutdanning ☐
- Universitets- eller høyskoleutdanning ☐
- Korte kurs ☐

**13. *Hvis du ønsker videregående opplæring (se spørsmål 12), hvilken type ønsker du?***

- ☐ Studieforberedende program (allmennfaglig)
- ☐ Yrkesfaglig program (medregnet lære/fagbrev)

**14. *Rådgiving om opplæring og utdanning ved straffegjennomføring***

| | Helt enig | Litt enig | Usikker | Litt uenig | Helt uenig |
|---|---|---|---|---|---|
| Jeg får den rådgivningen som jeg trenger | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

**15. *Undervisning og opplæring under straffegjennomføring.* (Gjelder bare deg som holder på med utdanning/opplæring under straffegjennomføring.)**

| | Helt enig | Litt enig | Usikker | Litt uenig | Helt uenig |
|---|---|---|---|---|---|
| Jeg er fornøyd med opplæringen | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Smittevernet har lagt hinder for opplæringen | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

*16. **Grunner til ikke å delta i opplæring. Denne delen gjelder bare deg som ikke deltar i opplæring/utdanning under straffegjennomføring/varetekt. Du som deltar i opplæring/utdanning hopper over dette og fortsetter med spørsmål 17.***

*Hvor godt stemmer hvert utsagn for deg og dine grunner til ikke å delta i opplæring?*
**(Sett ett kryss for hvert utsagn.)**

| | | Stemmer helt | Stemmer godt | Stemmer litt | Stemmer ikke i det hele tatt |
|---|---|---|---|---|---|
| **a.** | Jeg venter på plass | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **b.** | Tilbudet som jeg er interessert i finnes ikke | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **c.** | Jeg får ikke nok informasjon om utdanning/opplæring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **d.** | Jeg forstår ikke informasjonen som blir gitt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **e.** | Jeg vil heller jobbe | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **f.** | Jeg har nok utdanning/opplæring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **g.** | Jeg føler meg for gammel | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **h.** | Det er vanskelig å kombinere jobb og skole | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **i.** | Opplæringsforholdene er for dårlige | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **j.** | Straffegjennomføringen avsluttes før jeg får fullført utdanningen/opplæringen | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **k.** | Jeg er ikke interessert | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **l.** | Jeg har fått råd fra ansatte i kriminalomsorgen om å ikke ta utdanning/opplæring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **m.** | Overføring under gjennomføring av straffen gjør det vanskelig å ta utdanning/opplæring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **n.** | Jeg har store vansker med lesing og skriving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **o.** | Det er vanskelig å konsentrere seg her | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **p.** | Å ta utdanning/opplæring er ikke bryet verd | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **q.** | Jeg har store vansker med regning eller matematikk | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **r.** | Det er mangelfull tilgang på programvare og internett | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **s.** | Jeg har fått råd fra andre innsatte om å ikke ta utdanning/opplæring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **t.** | Jeg er for syk til å ta utdanning/opplæring | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **u.** | Smittevernet i forbindelse med korona har hindret utdanning | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **v.** | Utdanning/opplæring vil ikke være til hjelp for meg etter gjennomført straff | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

*17. Her kommer en rekke spørsmål om det å mestre skolearbeid, lesing, skriving, regning og data. Vi ønsker at alle svarer her, også om du ikke holder på med opplæring under straffegjennomføringen.*

*Vi ber om at du på en skala fra 0 til 10 graderer hvor sikker du er på at du kan klare det som er beskrevet i utsagnene under. 0 betyr "Kan ikke i det hele tatt" og 10 betyr "Kan helt sikkert", slik dette er vist i linjen nedenfor her. Tallet som beskriver hvor sikker du er, skal du skrive i ruten bak hvert utsagn.*

Kan ikke i det hele tatt — Kan halvveis — Kan helt sikkert

0…….1…….2…….3…….4…….5…….6…….7…….8…….9…....10

| | | |
|---|---|---|
| **a.** | Lese lærebøker | |
| **b.** | Lese aviser | |
| **c.** | Lese romaner | |
| **d.** | Ta notater i en skoletime | |
| **e.** | Lage ukeplaner for skolearbeid | |
| **f.** | Fullføre skolearbeid til tidsfrister | |
| **g.** | Skrive brev til en bekjent | |
| **h.** | Skrive et sammendrag av en bok som du har lest | |

| | | |
|---|---|---|
| **i.** | Skrive ordene riktig på grunnlag av hvordan de blir uttalt | |
| **j.** | Bøye ord riktig i entall og flertall | |
| **k.** | Løse oppgaver der du må legge sammen eller trekke fra | |
| **l.** | Løse ligninger | |
| **m.** | Regne ut rentekostnader ved lån | |
| **n.** | Bruke søkemotor (f.eks. Google) for å søke etter opplysninger | |
| **o.** | Bruke regneark på datamaskin | |
| **p.** | Laste ned og installere program på en datamaskin | |

*18. Hvordan vil du beskrive dine ferdigheter?* **(Sett ett kryss på hver linje.)**

| | **Svært svake** | **Svake** | **Middels** | **Gode** | **Svært gode** |
|---|---|---|---|---|---|
| Lesing | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Skriving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Regning | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Data (IKT) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Muntlig | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

*19. Er lesing, skriving eller regning vanskelig for deg?* **(Sett ett kryss på hver linje.)**

| | **Ja, i svært stor grad** | **Ja, i noen grad** | **Ja, men bare litt** | **Nei, ikke i det hele tatt** |
|---|---|---|---|---|
| Lesing | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Skriving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Regning | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

20. ***Dysleksi er vansker med å lese og skrive hos personer som 1) gjør det OK på andre områder i livet og 2) har hatt sjansen til å lære å lese, men har ikke vært i stand til å lære det slik som andre. Mener du at du har slike vansker?***

- Nei ☐
- Ja, til en viss grad ☐
- Ja, helt klart ☐
- Vet ikke ☐

21. ***Har du fått diagnosen lese- og skrivevansker eller dysleksi?***

- Ja, som barn ☐
- Ja, som voksen ☐
- Nei, aldri ☐
- Vet ikke ☐

22. ***Har du fått diagnosen regne- eller matematikkvansker (dyskalkuli)?***

- Ja, som barn ☐
- Ja, som voksen ☐
- Nei, aldri ☐
- Vet ikke ☐

23. ***Spesifikke språkvansker er vansker med å bruke språket ditt og/eller forstå hva andre sier uten noen kjent årsak. Opplever du at du har slike vansker?***

- Nei ☐
- Ja, til en viss grad ☐
- Ja, helt klart ☐
- Vet ikke ☐

24. ***Er du noensinne undersøkt for slike vansker?***

- Ja, som barn ☐
- Ja, som voksen ☐
- Nei, aldri ☐

25. ***Har du noen gang fått diagnosen ADHD?***

- Ja, som barn ☐
- Ja, som voksen ☐
- Nei, aldri ☐
- Vet ikke ☐

26. ***Hva slags arbeid har du hatt før straffegjennomføringen?* (Flere kryss mulig.)**

- ☐ Jeg har ikke hatt arbeid
- ☐ Ufaglært arbeid
- ☐ Fagarbeid
- ☐ Arbeid som krever høyere utdanning
- ☐ Selvstendig næringsdrivende
- ☐ Hjemme som forelder
- ☐ Annet (skriv hva) ................................

..................................................

27. ***Hva er dine planer eller ønsker etter løslatelsen?* (Sett ett kryss.)**

- Jeg har ingen planer eller ønsker ☐
- Fortsette i jobben/yrket jeg har/hadde ☐
- Fortsette utdanningen jeg har påbegynt ☐
- Begynne på utdanning/kurs ☐
- Skaffe meg jobb ☐

*28. Disse spørsmålene tar for seg ulike sider ved din måte å kommunisere på.*

*For hvert spørsmål, sett kryss ved det svaret du mener best beskriver din måte å kommunisere på. Sørg for at du vurderer alle situasjonene du møter i dagliglivet ditt.*

**(Sett ett kryss for hver linje.)**

*Når du skal føre en samtale:*

| | | Aldri eller sjelden | Noen ganger | Ofte | Som oftest eller alltid |
|---|---|---|---|---|---|
| **a.** | Utelater du viktige detaljer? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **b.** | Bruker du mange vage ord eller uklare uttrykk som «du vet hva jeg mener» i stedet for å bruke det riktige ordet? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **c.** | Tar du opp samme tema flere ganger i en samtale? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **d.** | Skifter du samtaleemne for raskt? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **e.** | Trenger du lang tid på å tenke før du svarer? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **f.** | Synes du det er vanskelig å se på den du snakker med? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **g.** | Har du vansker med å finne ordet du vil bruke? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **h.** | Snakker du for langsomt? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **i.** | Sier eller gjør du ting som andre kan oppfatte som uhøflig eller pinlig? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **j.** | Nøler, pauser og/eller gjentar du deg selv i en samtale? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **k.** | Vet du når du skal snakke og når du skal lytte? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **l.** | Lar du deg avspore av uvesentlig informasjon i en samtale? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **m.** | Synes du det er vanskelig å følge med i gruppesamtaler? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| **n.** | Trenger du at andre må gjenta det de har sagt før du kan svare? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

*Vurder også disse situasjonene når du skal føre en samtale:*

| | | Aldri eller sjelden | Noen ganger | Ofte | Som oftest eller alltid |
|---|---|---|---|---|---|
| o. | Gir du informasjon til andre som ikke stemmer? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| p. | Trenger du flere forsøk på å formidle budskapet ditt? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| q. | Har du vansker med å bruke riktig tonefall når du vil formidle noe? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| r. | Har du vansker med å starte samtaler? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| s. | Holder du oversikt over hovedpunktene i en samtale? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| t. | Gir du svar som ikke passer til spørsmålene som stilles? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| u. | Er det lett for deg å tilpasse måten å snakke på (for eksempel stemmeleie, valg av ord) til situasjonen du er i? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| v. | Snakker du for fort? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| w. | Setter du sammen ideer/tanker på en logisk måte? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| x. | Hender det du lar andre sitte igjen med feil inntrykk etter en samtale? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| y. | Snakker du for lenge om et tema i samtaler? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| z. | Har du vansker med å komme på ting å si for å holde en samtale i gang? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| æ. | Svarer du før du har tatt deg tid til å tenke over hva den andre personen faktisk sa? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| ø. | Gir du informasjon som er helt korrekt? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| å. | Mister du tråden i samtaler på steder med mye støy? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| aa. | Har du vansker med å avslutte en samtale? | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

29. ***Hvordan var jeg som barn? Les hver påstand, og ta stilling til hvordan dette passet på deg som barn.*** Vurder ***hver av påstandene på en skala fra 0 til 4*** (Sett en ring rundt det tallet som passer best for deg.)

Eksempel: som barn hadde jeg i liten grad konsentrasjonsvansker. Sett derfor ring rundt skåren 1:

0 (1) 2 3 4

Skårer: 0 = stemmer ikke i det hele tatt
1= stemmer i liten grad
2= stemmer i ganske/nokså stor grad
3= stemmer i stor grad
4= stemmer i svært stor grad

| | ***Som barn var jeg eller hadde jeg:*** | **Stemmer ikke i det hele tatt** | **Stemmer i liten grad** | **Stemmer i ganske/ nokså stor grad** | **Stemmer i stor grad** | **Stemmer i svært stor grad** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **a.** | Problemer med konsentrasjon, lett å distrahere | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **b.** | Engstelig, bekymret | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **c.** | Nervøs og urolig | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **d.** | Uoppmerksom, dagdrømmende | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **e.** | Hissig temperament, ble lett sint | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **f.** | Sinneutbrudd, raseriutbrudd | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **g.** | Vansker med å holde fast i oppgaver, fullføre ting som er startet | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **h.** | Sta, sterk viljestyrke | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **i.** | Trist, deprimert. Ikke glad | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **j.** | Ulydig mot foreldre, uforskammet, frekk | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **k.** | Dårlig selvbilde | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **l.** | Irritabel | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **m.** | Humørsyk, svingende humør | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **n.** | Sint | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **o.** | Handlet uten å tenke, impulsiv | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **p.** | Tendens til å være umoden | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **q.** | Plaget av skyldfølelse og anger | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **r.** | Lett for å miste kontrollen over meg selv | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **s.** | Tendens til å være eller opptre ufornuftig | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **t.** | Upopulær hos andre barn, hadde ikke langvarige vennskap, kom dårlig over ens med andre barn | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **u.** | Vanskelig for å se ting fra andres synsvinkel | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **v.** | Trøbbel med autoriteter, problemer på skolen, ble sendt til rektor | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **w.** | Lite flink, lærte sent | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **x.** | Problemer med matematikk eller tall | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **y.** | Fikk aldri vist hva jeg kunne klare | 0 | 1 | 2 | 3 | 4 |

*30. Får du tilbud og hjelp under straffegjennomføringen som du opplever gir deg muligheter til å leve et liv uten kriminalitet etter straffegjennomføringen?*

**Kryss av for de tilbudene du har hatt, og på en skala fra 1 til 4 setter du en ring rundt tallet som best beskriver hvordan du vurderer dette tilbudet.**

| | | *Dette tilbudet har jeg hatt* | *Har IKKE påvirket mine muligheter* | | *Har STYRKET mine muligheter* | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **a.** | Hjelp til rusmestring | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **b.** | Skole og opplæring | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **c.** | Arbeidstrening/jobb | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **d.** | Behandling for psykiske vansker | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **e.** | Hjelp til å rydde i økonomien min | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **f.** | Kontakt med mitt sosiale nettverk | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **g.** | Gjennomføring av program (endring av atferd, sinnemestring eller andre programmer) | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **h.** | Fysisk aktivitet | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **i.** | Støtte fra ansatte jeg møter under straffegjennomføringen | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **j.** | Fellesskap med andre domfelte/innsatte | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **k.** | Kontakt med frivillige organisasjoner (Røde Kors, WayBack eller andre organisasjoner) | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **l.** | Gjenopprettende prosess (konfliktrådet) | | 1 | 2 | 3 | 4 |
| **m.** | Andre tilbud (skriv hva): ……………...…………….. | | 1 | 2 | 3 | 4 |

***31. Denne siste siden gjelder <u>bare</u> deg som nå deltar i opplæring eller utdanning under straffegjennomføring.***

Bruk skalaen under. I ruten bak hvert utsagn skriver du det tallet som passer med grunnen til at du tar utdanning/opplæring under straffegjennomføringen

| **Passer ikke i det hele tatt** | | **Passer litt** | **Passer delvis** | | **Passer godt** | **Passer helt** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 |

***Hvorfor tar du utdanning eller opplæring under straffegjennomføringen?***

| | | |
|---|---|---|
| **a.** | Fordi jeg trenger dokumentasjon på utdanning for å få en godt betalt jobb senere | |
| **b.** | Fordi jeg opplever glede og tilfredsstillelse når jeg lærer nye ting | |
| **c.** | Fordi jeg tror utdanning vil forberede meg bedre på den yrkesveien jeg har valgt | |
| **d.** | Ærlig talt, jeg vet ikke; jeg føler virkelig at jeg kaster bort tiden på utdanning | |
| **e.** | For å bevise for meg selv at jeg er i stand til å fullføre en utdanning | |
| **f.** | For å få en mer prestisjefylt jobb senere | |
| **g.** | For gleden jeg opplever ved å oppdage nye ting jeg aldri har visst om før | |
| **h.** | Fordi det endelig vil gjøre meg i stand til å komme inn på arbeidsmarkedet på et felt jeg liker | |
| **i.** | En gang hadde jeg gode grunner for å ta utdanning, men nå er jeg i tvil om jeg skal fortsette | |
| **j.** | Fordi det å lykkes i utdanning får meg til å føle meg viktig | |
| **k.** | Fordi jeg vil ha et bedre liv senere | |
| **l.** | For gleden jeg opplever ved å utvide kunnskapen min i fag jeg liker | |
| **m.** | Fordi det vil hjelpe meg til å ta et bedre valg når det gjelder yrkesvei | |
| **n.** | Jeg skjønner ikke hvorfor jeg tar utdanning, og ærlig talt bryr jeg meg ikke det minste | |
| **o.** | For å vise meg selv at jeg er en intelligent person | |
| **p.** | For å få bedre lønn senere | |
| **q.** | Fordi utdanningen gir meg mulighet til å fortsette å lære om mange ting som interesserer meg | |
| **r.** | Fordi jeg tror at utdanningen vil forbedre arbeidskompetansen min | |
| **s.** | Jeg vet ikke; jeg forstår ikke hva jeg gjør på skolen | |
| **t.** | Fordi jeg ønsker å vise meg selv at jeg kan lykkes i utdanningen min | |

Takk for hjelpen!

# Litteraturreferansar


Asbjørnsen, A. E., Jones, L. Ø. & Manger, T. (2007). *Innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 2: Lesevaner, leseerfaringer og leseferdigheter.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.

Asbjørnsen, A., Manger, T. & Jones, L. (2007). *Leseferdigheter og lesevaner blant innsatte i Bergen fengsel. Delrapport 1: Leseferdigheter blant innsatte.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Asbjørnsen, A., Manger, T., Jones, L. Ø. og Eikeland, O. J. (2014). Norske innsatte: Lesevansker og oppmerksomhetsvansker. *Opplæring innanfor kriminalomsorga.* Bergen, Fylkesmannen i Hordaland.

Buonanno P. & Leonida, L. (2006). Education and crime: evidence from Italian regions. *Applied Economics Letters, Taylor & Francis Journals*, vol. 13(11), s 709-713.

Christie, N. (1970). *Modeller for fengselsorganisasjonen. I stedet for fengsel.* Oslo: Pax.

Claesson, S. & Dahlgren, H. (2002). *Att studera i fängelse. Utvärdering av klientutbildning inom kriminalvården.* Rapport 6. Kriminalvårdens forskningskomitté.

Davis, L.M., Steele, J.L., Bozick, R., Williams, M.V., Turner, S., Miles, J.N.V., Saunders, J. og Steinberg, P.S. (2014). *How effective is correctional education, and where do we go from here? The results of a comprehensive evaluation.* Washington: Rand Corporation.

Edwards-Willey, T.L. & Chivers, N. (2005). Perceptions of inmate-students' ability to succeed. *Journal of Correctional Education, 56,* 65-86.

Eikeland, O.J. & Manger, T. (2004). *Innsette i norske fengsel: Utdanning og utdanningsønske.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.

Eikeland, O.J., Manger, T. & Diseth, Å. (2006). *Innsette i norske fengsel: Utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring.* Bergen. Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (Eds.) (2009). *Education in Nordic Prisons. Prisoners' educational backgrounds, preferences and motivation.* Copenhagen: Nordic Council of Ministers.

Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (2010). *Innsette i norske fengsel: Kompetanse gjennom utdanning og arbeid.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (2013). *Nordmenn i fengsel: Utdannning, arbeid og kompetanse.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Eikeland, O.J., Manger, T. & Asbjørnsen, A. (2016). *Norske innsette: Utdannning, arbeid, ønske og planar.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Gee, J. (2006). Education in rural county jails: Need versus opportunity. *Journal of Correctional Education, 57,* 312-325.

Gröning, L. (2015). Education for foreign inmates in Norwegian prisons: A legal and humanitarian perspective. *Bergen Journal of Criminal Law and Criminal Justice, 2,* 164-188.

Hjalmarson, R., Holmlund, H. & Lindquist, M. J. (2011). The Effect of Education on Criminal Convictions and Incarceration: Causal Evidence from Micro-Data. *The Economic Journal,* 125 (587).

Hjalmarsson R. & Lochner, L. (2012). The Impact of Education on Crime: International Evidence. *CESifo DICE Report,* ISSN 1613-6373.

Kriminalomsorgen (2021). Straffegjennomføring med elektronisk kontroll. Faktaark pr. januar.

Langelid, T. (2015). *Bot og betring? Fengselsundervisninga si historie i Noreg.* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Lindberg, O. (2005). *Kvinnorna på Hinseberg. En studie av kvinnors vilkor i fängelse.* Rapport 14. Kriminalvårdens forskningskomite.

Lochner L. & Moretti, E., (2004). The Effect of Education on Crime: Evidence from Prison Inmates, Arrests, and Self-Reports. *American Economic Review* 94 (1): 155:189.

Manger, T., Eikeland, O.J. og Asbjørnsen, A. (2016). *Norske innsette: Utdanningsmotivasjon og hinder for utdanning i fengsel.* Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.

Manger, T., Asbjørnsen, A.E. & Eikeland, O.J. (2019). Utdanning i fengsel. Implikasjonar for fengselsbetjentane. I K.G. Westrheim & H.M.K. Eide (red.), *Kunnskapsbasert straffegjennomføring i kriminalomsorgen i Norge.* Bergen: Fagbokforlaget.

Meld. St. nr. 14 (2019-2020). Kompetansereformen – Lære hele livet. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

Meghir, C., Palme, M. & Schnabel, M. (2012). The Effect of Education Policy on Crime: An Intergenerational Perspective. *NBER Working Paper No. w18145.*

Moeller, M., Day, S. L. & Rivera, B. D. (2004). How is education perceived on the inside? A preliminary study of adult males in a correctional setting. *Journal of Correctional Education, 55,* 40-59.

Samuelsson, S., Gustavsson, A., Herkner, B., & Lundberg, I. (2000). Is the Frequency of Dyslexic Problems among Prison Inmates Higher than in a Normal Population? *Reading and Writing, 13*(3-4), 297-312.

Skarðhamar, T. (2013). *Straffegjennomføring med elektronisk kontroll i Norge. Konsekvenser for straffedes sysselsetting.* Rapport 14. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

SSB (2022), *Statistikkbanken*, juni 2022. Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Statsforvaltaren i Vestland (2020). *Tilstandsrapport for opplæringa i kriminalomsorga 2020. Tilstandsrapport 1.*

St. meld. nr. 27 (2004-2005). *Om opplæringen innenfor kriminalomsorgen "Enda en vår".* Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet.

St.meld.nr. 37 (2007-2008). *Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn* (kriminalomsorgsmelding). Oslo: Justis- og politidepartementet.

Steuer, S. J. & Smith, L.G. (2003). *Three State Recidivism Study.* Executive Summary.

Utdanningsdirektoratet (2021). *Tilskudd til opplæring i kriminalomsorgen.* Styringsdokument.



Statens hus
Utdanning og vergemålsavdelinga

Besøksadresse
Kaigaten 9, NO-5020 Bergen

Postadresse
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Telefon: +47 57 64 30 00

E-post
sfvlpost@statsforvalteren.no

Web
www.statsforvalteren.no/vestland
www.oppikrim.no